

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	08.09.2016
<b>Tid:</b>	10:00

### **Møteplan:**

- Kl. 10.00 – 12.00 Kurs for kontrollutvalet innan bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjonar ved Deloitte
- Kl. 12.00 – 12.30 Lunsj
- Kl. 12.30 – Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å **ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemene er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

På iPad kan møteinnkallinga til dette møtet, og møteprotokollen frå møtet 21.6.16, lastas ned på ePolitiker og lesast i GoodReader.

Møteinnkallinga til dette møtet finn du også på denne lenkja:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=540>

Vidare finn du møtebok frå møte i kontrollutvalet 21.6.2016 på denne lenkja:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=539>

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordførar  
Revisor

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhold	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 80/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 81/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 82/16	Bestilling av selskapskontroll	2015/11183	
PS 83/16	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune	2015/12605	
PS 84/16	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016	2016/4239	
PS 85/16	Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet	2016/2768	
PS 86/16	Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Revisjonsrapport	2015/8849	
PS 87/16	Møteplan for kontrollutvalet for 2017	2015/11149	
PS 88/16	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020	2015/11179	
PS 89/16	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2015/11179	
PS 90/16	Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020	2015/11183	
PS 91/16	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017	2015/12601	
PS 92/16	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad Spania	2015/5589	
PS 93/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturfeltet	2014/10537	
PS 94/16	Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 95/16	Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar	2015/11183	
PS 96/16	Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 97/16	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 98/16	Referatsaker		
RS 46/16	Fylkesskatt juli 2016	2015/12603	
RS 47/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. juni	2015/10845	
RS 48/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. juni 2016	2015/10348	
RS 49/16	Rekneskapsrapport pr. juni 2016	2016/4239	
PS 99/16	Eventuelt		
PS 100/16	Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Forslag til konkurransegrunnlag	2014/10505	



**PS 80/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 81/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**



Arkivnr: 2015/11183-24

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	82/16	08.09.2016

### Bestilling av selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

**Fylkestinget gjorde m.a. slikt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i møte 13.06.12:**

*«Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.»*

**På bakgrunn av vedtaket over gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak i møte 17.2.2014:**

*«Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.»*

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. På bakgrunn av dette leverte Deloitte forslag til evaluert plan for selskapskontroll og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 6.5.2014:

*«Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.»*

Av den godkjende planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 6 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. **Hardangerbrua AS**
2. **Fastlandssamband Halsnøy AS**
3. Bompengeselskapa
4. **Storeholmen VTA**
5. **Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i**
6. Hordaland Teater LL

Vidare går det fram av planen at det i «Gruppe 2 – uprioriterte selskapskontrollprosjekt» er sett opp desse 7 andre prosjekta:

- Valen Kraftverk AS
- Vestnorsk Filmsenter AS
- Arbeidsmarknadsbedriftar
- Bussanlegg AS med dotterselskap og Bystasjonen AS
- Bybanen AS
- Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS
- Strandgaten 195 AS

#### Drøfting:

Prosjekt 1, 2 og 4 er ferdig revidert og levert og det er pr. i dag eit selskapskontrollprosjekt som er bestilt på bakgrunn av vedteken plan for selskapskontroll: «Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i». Revisjonsrapporten for dette prosjektet skal handsamast i dette møtet i kontrollutvalet.

På bakgrunn av den evaluerte planen bør kontrollutvalet no vurdere kva nytt prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det nye prosjektet for gjennomføring av selskapskontroll etter planen. Ut frå planen er prosjekt 3 «Bompengeselskapa» og punkt 6 «Hordaland Teater LL» enno ikkje gjennomført. Når det gjeld eventuell selskapskontroll av «Bompengeselskapa» vert det tilrådd at kontrollutvalet vurderer om ein skal ta omsyn til fylkestinget sitt vedtak 15.6.16 i sak PS 61/2016 «Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet». Vedtaket i saka ligg ved.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulere eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definere og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

#### Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Som kjent skal Deloitte halde kurs for kontrollutvalet i dette møtet innan bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjonar. Prosess med bestilling av selskapskontroll vil vere ganske lik som den som gjeld for forvaltningsrevisjon og sekretariatet ser for seg at det kan vere ei fin førebuing til idédugnad i utvalet i høve det prosjektet som skal bestillast.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av .....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 22.9.2015.
4. Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Vedtak i TING 15.6.16 Etablering av regionalt bompengeselskap

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.06.2016

Kari Sørensen Bernardini (A), Kjetil Hestad (A), Gunn Berit Lunde Aarvik (A), Anne Beth Njærheim (V), Benthe Bondhus (Sp), Stein Inge Ryssdal (H), Svein Halleraker (H), Gunnar Moland (H), Renate Møgster Klepssvik (Frp) og Terje Søviknes (Frp) stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlemer i bompengeselskap.

Geir Angeltveit (V) stilte spørsmål om han var ugild fordi han har møtt som varamedlem i styret for eit bompengeselskap.

Tor André Ljosland (KrF) stilte spørsmål om han var ugild fordi fylkestinget har vald han som medlem i styret for eit bompengeselskap. Han er enno ikkje vald av generalforsamlinga.

Representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Kari Sørensen Bernardini, Kjetil Hestad, Gunn Berit Lunde Aarvik, Anne Beth Njærheim, Benthe Bondhus, Stein Inge Ryssdal, Svein Halleraker, Gunnar Moland, Renate Møgster Klepssvik, Terje Søviknes og Geir Angeltveit var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Fylkestinget vedtok samrøystes at Tor André Ljosland ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Dei ugilde representantane gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 45 representantar til stades.

### Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (R).

### Vedtak

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», frå april 2016. Fylkestinget vedtek å etablere eit regionalt bompengeselskap, *Sørvest Vegfinans AS*, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til vedlagde utkast til vedtekter med føreslått aksjefordeling for *Sørvest Vegfinans AS*.
3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til *Sørvest Vegfinans AS*, finansiert ved bruk av investeringsfond:

Budsjettendring:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 740 020 00	05290 00	07110	Kjøp av aksjar	100 000	
10 790 100 00	09480 00	09979	Bruk av ubundne investeringsfond		100 000
				100 000	100 000

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. til saman 5 x 100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at *Sørvest Vegfinans AS* raskt kjem igang med å fusjonera inn

aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ber om at selskapa Bergen Bompengeselskap AS, Bergen – Os Bompengeselskap AS og prosjekta Årsnes/Gjermundshamn og E134 Åkrafjordvegen, vert tidleg prioriterte for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.

5. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 10 mill. kr som Sørvest Vegfinans AS tek opp til drift av selskapet i oppstartfasen. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2019.
6. Parallelt med etablering av selskapet ber fylkestinget fylkesrådmannen gjera ei analyse og vurdering om det er strategisk å kjøpa selskapet BT Signaal.



Arkivnr: 2015/12605-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	83/16	08.09.2016

## Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

### Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf. Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

I møte i kontrollutvalet 21.6.16 vart det m.a. gjort slikt vedtak i sak PS 65/16:

*«Deloitte sender formell skriftleg melding til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om at Bjarne Ryland tek over som partner frå 1.7.2016. Denne vert å legge fram for utvalet i neste møte.»*

Vi har no motteke brev frå Deloitte dagsett 7.7.2016 I tråd med vedtaket over og dette ligg som vedlegg 1.

På bakgrunn av dette har ansvarleg revisor hjå Deloitte, Bjarne Ryland no sendt over eigenvurdering dagsett 15.8.2016, jf. vedlegg 2.

Deloitte har også vorte utfordra på å legge fram opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadefesta frå Deloitte at slike opplysningar vil verta lagt fram i møtet.

### Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

#### **«§ 4. Tilsyn og kontroll**

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

*Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.»*

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering inkl. opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dei opplysningane om ev. oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet som vert lagt fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det eventuelt kan svekke uavhengigheta til Deloitte.

Konklusjon:

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Orientering revisor Hordaland fylkeskommune
- 2 Uavhengighetserklæring Hordaland fylkeskommune 2016

Hordaland fylkeskommune  
Kontrollutvalet

7. juli 2016

## **ORIENTERING OM SKIFTE AV ANSVARLEG REKNESKAPSREVISOR**

Vi viser til memo av 21.april 2016 om mulig interessekonflikt for ansvarleg rekneskapsrevisor, og handsaming i kontrollutvalsmøte med muntleg orientering frå Deloitte i møte 21.juni 2016.

Som orientert på møte 21.juni 2016 overtek Bjarne Ryland som ansvarleg rekneskapsrevisor for revisjon av Hordaland fylkeskommune frå 1.juli 2016.

Med venleg helsing  
Deloitte AS



Bjarne Ryland  
statsautorisert revisor



Helge Roald Johnsen  
statsautorisert revisor

Til  
Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Tlf.: +47 55 21 81 00  
Faks: +47 55 21 81 33  
www.deloitte.no

## UAVHENGIGHETSERKLÆRING

**Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland sin eigen vurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:**

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos fylkeskommunen eller i verksemdar som fylkeskommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som fylkeskommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Hordaland fylkeskommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Hordaland fylkeskommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Hordaland fylkeskommune som høyrer inn under fylkeskommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>

Bergen, 15. august 2016  
Deloitte AS



Bjarne Ryland  
statsautorisert revisor



Arkivnr: 2016/4239-6  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	84/16	08.09.2016

## Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjonen så langt

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

### Drøfting:

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2016 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Etter planen skal interimsrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte dette året.

Konklusjon:

Dersom det ikke kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Revisjonsplan Hordaland fylkeskommune 2016

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomidirektør og ev. fylkesrådmann  Oppstartsmøte med fylkeskassen	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomidirektør og fylkesrådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om eventuelle endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.  Revisjonen har også eget oppstartsmøte med fylkeskassen	Deloitte	Okt.-nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i fylkeskommunen: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bankavstemming</li> <li>• Kostnader/innkjøp</li> <li>• Lønn</li> <li>• Inntekter</li> <li>• Skyss</li> <li>• Ev. andre sentrale områder</li> </ul> Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Investeringer/finans	Påse at fylkeskommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement.  Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.  Mars-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om eventuelle vesentlige funn.	Deloitte	Des.
Mva-kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva-kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Fylkeskassen skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering.  Frist for innsendelse er innen en måned og ti dager etter utløpet av hver termin, jf. lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er fristen 1. september. Fylkeskassen er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Fylkeskassen og Deloitte  Fylkeskassen og Deloitte	Løpende

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Offisielt regnskap	<p>Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav.</p> <p>Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.2., jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31.3., jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p>	<p>Frist for avleggelse 15.2. og 31.3.</p>
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og gjerne også noteopplysninger datert senest 15.2. det aktuelle år, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.2., vil revisors beretning inneholde presisering.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avgitt 31.3. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en presisering. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avgitt.</p>	<p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap for 2016, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnskapsmateriell mottas innen 15.2.</li> <li>• Regnskapsoversikter henger sammen</li> <li>• Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Febr. - april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avslutning av regnskapene er iht. forskrift</li> <li>Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)</li> <li>Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett</li> <li>Korrekte tall medtatt i årsmeldingen</li> <li>KOSTRA-rapportering korrekt foretatt</li> </ul> <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>		
Bank	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bankavstemming</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> <li>Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer</li> <li>Avkastning på verdipapirer</li> <li>Utlån</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kundereskontro mot regnskap</li> <li>Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll)</li> <li>Kreditsaldoer</li> <li>Periodisering inntekter</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avsetninger</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> <li>Anleggsregister mot regnskap</li> <li>Aktivering</li> <li>Salg</li> <li>Avskrivninger iht. regelverk</li> <li>Gjennomgang prosjektrekskap</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdere om fylkeskommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter</li> <li>Vurdere avsetningene som er gjort</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> <li>Leverandørreskontro mot regnskap</li> <li>Debetposter</li> <li>Utbetalingskontroll</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars - april
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver</li> <li>Låneopptak er i samsvar med kommuneloven</li> <li>Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler)</li> <li>Rentekostnader</li> <li>Avdrag iht. vektingsregel</li> <li>Oversikt over garantier</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> <li>Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap</li> <li>Kapitalkonto</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av inntekter</li> <li>Skatteinntekter</li> <li>Rammetilskudd</li> <li>Billettinntekter</li> <li>Andre vesentlige inntektstyper</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av utgifter</li> <li>Periodisering iht. anordningsprinsippet</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av lønnskostnader</li> <li>Kontrolloppstilling over innberettet beløp</li> <li>Feriepenger</li> <li>Pensjon</li> <li>Skattetrekk</li> <li>Arbeidsgiveravgift</li> <li>Sykepengerefusjoner</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mars – april
Attestasjoner	Diverse attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15.4., jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15.4.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Kontrollutvalget	Økonomidirektør og fylkesrådmann skal sende årsregnskap inkl. årsberetning til sekretariatet senest to uker før kontrollutvalgsmøte for at sekretariatet kan forberede sak.	Fylkesrådmann/ økonomidirektør	Senest to uker før KU-møte



Arkivnr: 2016/2768-8  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	85/16	08.09.2016

## Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap for 3 prosjekt. I revisjonsmeldingar dagsett 18.8.16, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjekta og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar, revisjonsmeldingar og oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

### Drøfting:

Prosjekt 3191 Knarvik vgs – Kvernhusmyrane gjekk ut med eit lite mindreforbruk på 0,3 % som må seiast å vera i samsvar med løyvd ramme. Sekretariatet har likevel merka seg at det har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Slik vi ser det hadde det vore ei føremon om prosjektrekneskapen kunne vore avlagt tidlegare.

For prosjekt 3210 Laksevåg vgs er det eit mindreforbruk på heile 63,5 %. Årsaka til dette er at prosjektet vart stogga grunna føringar i forslag til ny skulestruktur som gjer at ein må avvente konklusjonar i skulebruksplanen. Også for dette prosjektet har sekretariatet merka seg at det har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt.

For det siste prosjektet, Askøy vgs, er det eit mindreforbruk på 25,7 %. Årsaka til dette vert oppgjeve å vera gjenbruk av kanalar, også i vifferom, samt lågara anbudsprisar enn kalkulert. Sekretariatet merkar seg at det i dette prosjektet er eit ganske stort avvik mellom løyving og framlagt prosjektrekneskap. Vidare merkar sekretariatet seg at det er ei forventning om tilskot frå Enova som reelt sett vil gjera avviket større. Det kan difor, som kontrollutvalet også har merka seg ved fleire tidlegare høve, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

#### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for eit av desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet merkar seg at det for 2 av desse prosjekta har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Dette har utvalet også kommentert ved tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

#### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at eit av prosjekta har store avvik i høve budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for 2 av desse prosjekta har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader og tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskapane er gode og dekkande nok.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Revisoruttalelser prosjektrekneskaper
- 2 Oversyn 3 prosjektrekneskapar
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 - Knarvik vgs - Kvernhusmyrane - oppgradering VVS
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 - Knarvik vgs - Kvernhusmyrane - oppgradering VVS
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimateiltak
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimateiltak
- 7 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inn klima
- 8 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inn klima

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 03191 – Knarvik vgs – Kvernhusmyrane – oppgradering VVS, dagsett 8. juli 2016, som viser en samlet investering på kr 19.236.567. Prosjektregnskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 63.433 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for regnskapsoversikten*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for prosjekt 03191 – Knarvik vgs – Kvernhusmyrane – oppgradering VVS i det alt vesentlige et rettvise bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 18. august 2016  
Deloitte AS



Bjørn Ryland  
statsautorisert revisor

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 03226 – Askøy vgs - inneklimate, dagsett 8. juli 2016, som viser en samlet investering på kr 743.115. Prosjektregnskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 256.885 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for regnskapsoversikten*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for prosjekt 03226 – Askøy vgs - inneklimate i det alt vesentlige et rettvise bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 18. august 2016  
Deloitte AS

  
Bjørn Ryland  
statsautorisert revisor

Til Fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektrengskapet

Vi har revidert prosjektrengskapet for prosjekt 03210 – Laksevåg vgs - inneklimateiltak, dagsett 15. august 2016, som viser en samlet investering på kr 373.894. Prosjektrengskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 651.106 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for regnskapsoversikten*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektrengskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektrengskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektrengskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektrengskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektrengskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektrengskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektrengskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektrengskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektrengskapet for prosjekt 03210 – Laksevåg vgs - inneklimateiltak i det alt vesentlige et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektrengskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektrengskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 22. august 2016  
Deloitte AS

  
Bjarne Ryland  
statsautorisert revisor

## Prosjektrekneskap

Rekneskapsført: Juli 2016

Revidert: august 2016

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Opphavleg løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
3191	Knarvik vgs - Kvernhusmyrane	Oppgradering VVS	kr 19 300 000	kr 19 236 567	kr 63 433	0,3 %
3210	Laksevåg vgs	Inneklimatiltak	kr 1 025 000	kr 373 894	kr 651 106	63,5 %
3226	Askøy vgs	Inneklima	kr 1 000 000	kr 743 115	kr 256 885	25,7 %
<b>TOTALT</b>			kr 21 325 000	kr 20 353 576		

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGENDato: 08.07.2016  
Vår ref.: 2016/4160-5  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 - Knarvik vgs -  
Kvernhusmyrane - oppgradering VVS**

KOSTNADSRAMME	19 300 000
Fuv 183/09 løyvd	2 300 000
Fuv 42/10 løyvd	4 000 000
Fuv 219/10 reduser løyving	- 2 500 000
Fuv 83/11 løyvd	9 000 000
Fuv 28/12 løyvd	6 000 000
Fuv 227/12 løyvd	500 000
<b>FINANSIERING</b>	
Finansiert bruk	19 236 567,36
Mindreforbruk	63 432,64

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 04.07.2016  
Arkivsak: 2016/2011-24  
Saksbehandlar: ireolse

---

<b>Til:</b>	Fylkeskasseraren v/Vidar Kloster
<b>Frå:</b>	Eigedomsavdelinga

---

### **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 - Knarvik vgs - Kvernhusmyrane - oppgradering VVS**

**Rekneskap: 19 236 567,36    Budsjett: 19 300 000,-**

#### **Fuv 183/09 – løyving kr 2 300 000,-**

Utdrag frå saka:

«Dagens ventilasjonsanlegg stettar i liten grad dei krava vi i dag set til innklimaet. Her vil det verta tale om full utskifting av dei ventilasjonstekniske installasjonane. Også delar av varmeanlegget treng ombygging for å funksjonera tilfredsstillande.

I første omgang søkjer vi om løyving i tilknytning til ombygging og rehabilitering av nokre klasserom. Sjølvne tiltaksgjennomføringa tenkjer vi oss utført i 2010 og 2011.

Kostnaden på kr 2.300.000 inkl. mva. er basert på kalkyle.»

#### **Fuv 42/10 – løyving kr 4 000 000,-**

Utdrag frå saka:

«Innleiande tiltak i verkstadbygget vart gjennomført i 2009. Vi søkjer nå om løyving til å dekke kostnadene til vidareføring av prosjektet.

Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2011 med sikte på vidareføring av tiltak i hovedbygget.

Kostnaden på kr 4.000.000 inkl. mva. er basert på kalkyle.»

#### **Fuv 219/10 – vedtak kr ÷ 2 500 000,-**

Utdrag frå saka:

«Entreprisemessige tilhøve samt omsyn til skuledrifta har medført at prosjektet framdriftsmessig ikkje er heilt på høgde med opphavlege planar. Det vil følgjeleg ikkje vera trong for heile løyvinga vedteke i sak 42/10. Vi søkjer nå om å få overføre deler av løyvinga til anna prosjekt.

Det vil bli fremja nye saker i budsjetter for 2011 og 2012 med sikte på vidareføring av tiltak i fløy vest, ventilasjonsrom på tak og fløy øst.»

#### **Fuv 83/11 – løyving kr 9 000 000,-**

Utdrag frå saka:

«Resterande arbeid på Kvernhusmyrane vil bli gjennomført i 3 fasar.

Vi søkjer no om løyving til ferdigstilling av varmeanlegget, ventilasjonsanlegget og SD-anlegget for fase 1. Dette arbeidet er planlagt utført i 2011.

Det vil bli fremja nye saker i budsjettet for 2012 for fase 2, og i 2013 for fase 3 som da blir slutføring av prosjektet.

Kostnad fase 1 på kr 9.000.000,- inkl.mva er basert på tilbud.»

**Fuv 28/12 – løyving kr 6 000 000,-**

Utdrag frå saka:

«Det vert i denne saka foreslått ei løyving for å dekkja kostnadane til vidareføring av varme-, ventilasjon- og SD-anlegget for fase 2.

Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2013 for fase 3, og slutføring i 2014 for fase 4.

Kostnad fase 2 på kr 6.000.000,- inkl.mva er basert på tilbud.»

**Fuv 227/12 – løyving kr 500 000,-**

Utdrag frå saka:

«Det vert i denne saka foreslått ei løyving for å dekkja kostnadane til prosjektering av varme-, ventilasjon- og SD-anlegget for fase 3 og 4.

*Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2013 for fase 3, og slutføring i 2014 for fase 4.????*

Kostnad for prosjektering av fase 3 og 4 på kr 500.000,- inkl.mva er basert på kalkyle.»

**Kommentar**

Prosjektet er gjennomført i samsvar med planar og vedteke budsjettramme.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 15.08.2016  
Vår ref.: 2016/4160-6  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimatiltak**

KOSTNADSRAMME	1 025 000,-
Fuv 178/11 løyvd	200 000,-
Fuv 227/12 løyvd	825 000,-
FINANSIERING	
Finansiert bruk	373 894,-
Mindreforbruk	651 106,-

Tor Oddvar Sjøvoll  
Leiar

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 11.08.2016  
Arkivsak: 2016/2011-28  
Saksbehandlar: ireolse

---

<b>Til:</b>	Vidar Kloster
<b>Frå:</b>	Eigedomsavdelinga

---

### Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimatiltak

**Rekneskap: 373 894,- Budsjett: 1 025 000,-**

**Fuv 178/11 – løyving kr 200 000,-**

Utdrag frå saka:

**«Tiltak 2. Laksevåg vidaregåande skule, Rådgiverteneste VVS-teknikk.**

Laksevåg vidaregåande skule består av allmennfagbygget frå 1968 og yrkesfagbygget frå 1976.

**Tilstand tekniske installasjonar:**

Almennfagbygget:

Ventilasjonsanlegget er eit varmluftsanlegg som er nytta både som ventilasjonsanlegg og varmeanlegg og er frå bygget var nytt. Anlegget er i dårleg stand og det er vanskeleg å skaffa delar.

Ventilasjonsanlegget tilfredsstillar ikkje dagens krav til inneklima.

SD-anlegget er av eldre dato og dekkar ikkje alle installasjonane i bygget.

Bygget har eigen fyrsentral med olje- og elektrokjel av eldre dato.

Yrkesfagbygget:

Yrkesfagbygget har ei blanding av nye og gamle ventilasjonsanlegg. Dei gamle anlegga er i dårleg stand og har ikkje varmegjenvinning. Ventilasjonsanlegga tilfredsstillar heller ikkje dagens krav til inneklima.

Varmeanlegget har ein del manglar og automatikkanlegga er delvis defekt. Bygget har ikkje SDanlegg.

Bygget har eigen fyrsentral med olje- og elektrokjel av eldre dato.

**Anbefalte tiltak:**

Allmennfagbygget:

Eksisterande varme og ventilasjonsanlegg må skiftast ut.

Det må installerast nytt ventilasjonsanlegg for heile bygget etter dagens krav til luftutskifte.

Det må installerast eit nytt vannbore varmeanlegg med radiatorar.

Varme- og ventilasjonsanlegget må ha ny automatikk som må tilkoplast nytt SD-anlegg som blir felles for både allmenfagbygget og yrkesfagbygget.

Det bør installerast ny fyrsentral felles for begge skulane med nærvarmenett. For oppvarming av bygga bør vurderast ny varmepumpe eller biovarme til grunnlast, medan effekttoppar og "back-up" vert dekkja via elektrokjellar viss det er ledig effekt på fastkraft. Viss ikkje må dette dekkast av oljekjel.

Yrkesfagbygget:

Eldre ventilasjonsanlegg frå bygget var nytt må erstattast med nye der det er nødvendig. Ved installasjon av lavtemperatur varmeanlegg berekna for varmepumpedrift må delar av varmeanlegget oppgraderast.

Automatiseringsanlegga må skiftast ut i stor grad og tilkoplast nytt SD-anlegg som vil verta felles for begge bygga.

4

For ny fyrsentral, sjå almennfagbygget.

I første omgang søker vi om løyving til eit forprosjekt som vi tenkjer gjennomført i haust.

Oppstart av prosjektering er tenkt starta opp januar 2012 og igangsetjing av prosjektet sumaren 2012.

Kostnad for forprosjekt på kr 200.000,- inkl.mva. er basert på kalkyle.

Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2012 for prosjektering, prisinnhenting og igangsetting på almennfagbygget.»

#### **Fuv 227/12 – løyving kr 825 000,-**

Utdrag frå saka:

«Det er i tidlegare saker gjeve slike løyvingar til tiltak ved Laksevåg vidaregåande skule:

I sak 178/11 vart det løyvd kr 200.000,- inkl. mva til forprosjekt for nytt varme og ventilasjonsanlegg ved Laksevåg vidaregåande skule.

Med bakgrunn i dette forprosjektet vert det i denne saka foreslått oppstart av prosjekteringsarbeidet for nytt varme og ventilasjonsanlegg ved skulen. Prosjektet er omfattande og omhandlar også nytt varmepumpeanlegg.

Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2013 for eventuell sluttprosjektering og oppstart av entreprenørarbeidet

Prosjekteringsarbeidet vert utført på rammeavtale med rådgivar. Totalkostnad er derfor ikkje klar.

Kostnad på kr 825.000,- inkl. mva. er restfordeling av midlar til inneklimateiltak 2012.»

Kommentar:

Prosjektet vert avslutta med eit mindreforbruk.

Grunnen til dette er at prosjektet er stoppa pga. føringar i forslag til skulestruktur som gjer at ein må avventa konklusjonar i skulebruksplanen.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 08.07.2016  
Vår ref.: 2016/4160-4  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inneklima

KOSTNADSRAMME	1 000 000
Fuv 74/13 løyvd	1 000 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	743 114,53
Mindreforbruk	256 885,47

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 4.07.2016  
Arkivsak: 2016/2011-13  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Vidar Kloster  
**Frå:** Eigedomsavdelinga

---

### Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inneklima

Rekneskap: 743 114,53      Budsjett: 1 000 000,-

Fuv 74/13

«Eksisterande ventilasjonsanlegg i verkstadfløy er 22 år gammalt og frå skulen var ny. Ventilasjonsaggregatet tilfredsstillar ikkje dagens krav til inneklima og Enøk. I tillegg oppnår ein ikkje tilstrekkeleg temperatur på lufta.

Anlegget er gammalt og det vil ikkje være lønsamt å utbetra aggregatet.

Tiltaket går ut på å skifta aggregatet og behalda eksisterande kanalnett til ei framtidig større rehabilitering av skulen. Då vil eventuelt kanalnettet bli skifta ut.

Nytt aggregat vil bli tilkoppa eksisterande SD-anlegg.

Dette er eit godt Enøk-, inneklima og vedlikehaldstiltak.

Det er søkt om Enovastøtte til prosjektet.

Kostnad på kr 1.000.000,- inkl.mva. er basert på kalkyle.»

Kommentar:

Årsaka til innsparinga er gjenbruk av kanalar, også i vifterom, samt lågare anbudsprisar enn kalkulert.

Det er søkt om Enovastøtte og det er sannsynleg at ein får noko støtte. Denne støtta ligg likevel noko fram i tid og er heller ikkje lagt inn som del av finansieringa i prosjektet. Ein rår difor til at prosjektet blir avslutta, og at kor ei eventuell Enova støtte skal inntektsførast vert vurdert i lys av budsjettvedtaka som gjeld når støtta kjem.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport





Arkivnr: 2015/8849-7  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	86/16	08.09.2016
Fylkestinget		

## Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet bestilte 21.9.15 selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

*«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje i kva grad selskapa fylkeskommunen har eigarskap i har arkiv- og journalføringsplikt, og om denne blir etterlevd.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. *Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av arkiveringsplikt?*
2. *I kva grad følgjer ev. selskap som har arkiveringsplikt sentrale reglar knytt til arkivering?*
  - a. *Har selskapet ein arkivplan som oppfyller krav i regelverket?*
  - b. *Er ev. elektronisk arkivering gjennomført med godkjende system, rutinar, dokumentlagringsformat og lagringsmedium?*
  - c. *Er det fastsett rutinar for arkivavgrensing, kassasjon og bevaring?*
3. *Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av reglane i offentleglova?*
4. *I kva grad følgjer ev. selskap som har journalføringsplikt sentrale reglar knytt til offentlegheit?*
  - a. *Fører selskapet journal i samsvar med krav i regelverket?*
  - b. *Er ev. skjerming av dokument i journal gjort i samsvar med krav i regelverket?*

### Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale hjå fylkesrådmannen og selskapa. Uttalene går fram av vedlegg 1 i rapporten og Deloitte sitt tilsvar på desse går fram av vedlegg 2. Rapporten er av ulike grunnar diverre vorte noko forseinka.

Deloitte har i denne selskapskontrollen nytta utval av selskap, dokumentanalyse, journalgjennomgang, elektronisk spørjeundersøking og verifisering og høyring som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

### **Sekretariatet har merka seg at Deloitte har desse tilrådingane i punkt 5 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:**

«På bakgrunn av desse funna, vil revisjonen tilrå at **Hordaland fylkeskommune**:

- utformar retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i, for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.<sup>17</sup>
- Følgjer opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring

Vidare vil revisjonen tilrå at dei **selskapa som er omfatta av offentleglova**<sup>18</sup>

- følgjer opp dei avvika som er nemnde i rapporten
- sørgjer for å innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket»

### Konklusjon:

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vil vera naturleg at Hordaland fylkeskommune får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld fylkeskommunen. Vidare vil det vera naturleg at styret i dei aktuelle selskapa får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld selskapa.

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen og styra i dei aktuelle selskapa om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Utforme retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
2. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.12.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **dei 12 selskapa som er omfatta av offentleglova** (omtala i tabell 3 i rapporten) syta for å:

1. Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten
3. Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.12.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

1 forvaltningsrevisjon av arkivplikt i fylkeskommunale selskap - 2016-versjon2

The Deloitte logo is positioned at the top left of the page. It consists of the word "Deloitte" in a bold, blue, sans-serif font, followed by a small green dot.

# Hordaland fylkeskommune

## Arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap

Forvaltningsrevisjon | August 2016

«Arkivplikt og offentlegheit i  
fylkeskommunale selskap»

August 2016

Rapporten er utarbeidd for Hordaland  
fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)

# Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arkivplikta til selskap Hordaland fylkeskommune har eigarskap i. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet 24.8.2015.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje i kva grad selskapa fylkeskommunen har eigarskap i har arkiv- og journalføringsplikt, og om denne blir etterlevd.

Offentleglova og arkivlova er sentrale kjelder for revisjonskriteria i dette prosjektet. Arkivlova inneheld reglar om arkivering og trygging av arkivmateriale, medan offentleglova mellom anna omfattar reglar om innsyn og krav til å føre journal.

Revisjonen finn at Hordaland fylkeskommune ikkje har sett konkrete krav knytt til arkivering og journalføring i selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. På dette området er det såleis opp til selskapa å gjere vurderingar av kva regelverk dei er underlagt, og sørge for at praksis er i samsvar med regelverket. Undersøkinga syner det er mange av selskapa som ikkje har utarbeidd rutinar eller krav til arkiv og journalføring.

Etter revisjonen si vurdering er ikkje nokon av selskapa omfatta av arkivlova. Dette inneber at det er mange konkrete krav til oppbevaring, arkivsystem og rutinar i samband med arkiv som gjeld for fylkeskommunen, som ikkje gjeld for selskapa fylkeskommunen eig.

Vidare finn revisjonen at mange av selskapa truleg er unntatt offentleglova. Desse unntaka er m.a. knytt til ein regel om administrativt tilsette, som er å finne i offentlegforskrifta. Slik vi tolkar regelen kan sjå ut til at eit selskap har mogelegheit til å «organisere seg ut» av krava i offentleglova gjennom å vere organisert utan administrativt *tilsette* (men heller kjøpe/leige inn administrative tenester). Det er likevel viktig å understreke at dette kan oppfattast som ei illojal tilpassing til regelverket.

Av dei selskapa som vi vurderer er omfatta av regelverket, er det fem (av til saman tolv) som på tidspunktet for revisjonen førte journal. Revisjonen meiner dette inneber at dei resterande sju selskapa bryt med reglane i offentleglova. For dei selskapa som har ei form for journal, finn vi at fleire av journalane har manglar når det kjem til utforming og innhald. Vidare finn vi at fleire av journalane ikkje er fullstendige: Stikkprøvegjennomgangen syner mange døme på dokument som truleg skulle vore registrert i journalen, som ikkje er det. Dimed har heller ikkje desse selskapa klart å oppfylle krava i regelverket.

På bakgrunn av desse funna, tilrår revisjonen at **Hordaland fylkeskommune** utformar retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i, for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdige dokumentasjon ikkje går tapt. Revisjonen meiner også at fylkeskommunen bør følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring og kontrollere at regelverket blir følgt.

Vidare tilrår revisjonen at **selskapa** følgjer opp dei avvika som er nemnde i rapporten, og sørger for å innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket.

# Innhold

---

Samandrag	3
1. Innleiing	6
2. Oversyn over selskapa	8
3. Arkiveringsplikt	10
4. Offentlegheit og journalføring	12
5. Konklusjon og tilrådingar	21
Vedlegg 1: Høyringsuttale	22
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	31
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	38

---

Samandrag	3
1. Innleiing	6
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Føremål og problemstillingar	6
1.3 Metode	6
1.4 Revisjonskriterium	7
2. Oversyn over selskapa	8
3. Arkivplikt	10
3.1 Problemstillingar	10
3.2 Revisjonskriterium	10
3.3 Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av arkiveringsplikt?	11
3.4 I kva grad følgjer selskap som har arkiveringsplikt sentrale reglar knytt til arkivering?	11
4. Offentlegheit og journalføring	12
4.1 Problemstillingar	12
4.2 Revisjonskriterium	12
4.3 Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av reglane i offentleglova?	13
4.4 I kva grad følgjer selskap som har journalføringsplikt sentrale reglar knytt til offentlegheit?	18
5. Konklusjon og tilrådingar	21
Vedlegg 1: Høyringsuttale	22
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	31
Offentleglova	31
Arkivlova	34
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	38

## Figurar og tabellar

---

TABELL 1 ADMINISTRATIVT TILSETTE	14
TABELL 2 SELSKAP SOM OPPLYSER AT DEI HAR SOM PRIMÆRT MÅL Å SKAPE ØKONOMISK VINST	15
TABELL 3 KVA SELSKAP SOM ER OMFATTA AV LOVA	17
TABELL 4 JOURNALGJENNOMGANG	18
TABELL 5 FULLSTENDIGHEIT I REGISTRERING I POSTJOURNAL	20

---

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arkivplikta til selskap Hordaland fylkeskommune har eigarskap i. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet 24.8.2015.

Prosjektet er prioritert i plan for selskapskontroll. I overordna analyse som ligg til grunn for planen går det fram at det har kome fram spørsmål om i kva grad selskap fylkeskommunen har eigarskap i har arkivplikt, og om denne plikta blir etterlevd.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje i kva grad selskapa fylkeskommunen har eigarskap i har arkiv- og journalføringsplikt, og om denne blir etterlevd.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av arkiveringsplikt?
2. I kva grad følgjer selskap som har arkiveringsplikt sentrale reglar knytt til arkivering?
  - a. Har selskapet ein arkivplan som oppfyller krav i regelverket?
  - b. Er eventuell elektronisk arkivering gjennomført med godkjende system, rutinar, dokumentlagringsformat og lagringsmedium?
  - c. Er det fastsett rutinar for arkivavgrensing, kassasjon og bevaring?
3. Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av reglane i offentleglova?
4. I kva grad følgjer selskap som har journalføringsplikt sentrale reglar knytt til offentlegheit?
  - a. Fører selskapet journal i samsvar med krav i regelverket?
  - b. Er eventuell skjerming av dokument i journal gjort i samsvar med krav i regelverket?

## 1.3 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Prosjektet er gjennomført i perioden november 2015 til juni 2016.

### 1.3.1 Utval av selskap

For å velje ut kva selskap forvaltningsrevisjonen har omfatta, har revisjonen samla eit oversyn over alle selskapa fylkeskommunen har eigardelar i (per november 2015). Informasjonen er henta frå RAVN bedriftsinfo, fylkeskommunen sitt eige «AS-register» og noteopplysningar frå rekneskapen til fylkeskommunen.

På bakgrunn av den samla lista av alle selskap har revisjonen valt ut alle selskap der fylkeskommunen har meir enn 20 % eigardelar. Nokre av desse selskapa vart ikkje inkludert i undersøkinga på grunn av at selskapet er avvikla eller at fylkeskommunen har selt seg ut av selskapet. Dei resterande 32 selskapa er omfatta av undersøkinga (sjå fullstendig liste i kapittel 2).

### 1.3.2 Dokumentanalyse/

Revisjonen har gått gjennom ulike rettskilder og litteratur for å utarbeide detaljerte revisjonskriterium som vi har vurdert selskapa si arkiverings- og journalføringsplikt opp mot. Vidare har vi fått dokumentasjon knytt til drøftingar fylkeskommunen har hatt med selskapa knytt til spørsmål om arkiv og offentlegheit.

I tillegg har vi samla inn føreliggande dokumentasjon frå selskapa som blir undersøkt. Dette omfattar arkivplanar, journalar, og i nokre tilfelle årsmeldingar, rekneskap mv.

### 1.3.3 Journalgjennomgang

Tretten av dei utvalde selskapa har opplyst at dei har journal, og elleve av selskapa har på førespurnad frå revisjonen sendt over journalen for to utvalde månader.

For kvart av dei elleve selskapa har revisjonen undersøkt tilgjengelege offentlege postlister frå andre organ. Dette omfattar i hovudsak korrespondanse som er registrert i Hordaland fylkeskommune si offentlege postliste og korrespondanse registrert i OEP (Offentleg elektronisk postjournal) for dei to utvalde månadane. Med utgangspunkt i desse listene, har vi undersøkt i kva grad selskapa har protokollert korrespondansen i sine journalar. Det er også gjort ein gjennomgang av utforminga av journalen opp mot krav i regelverket.

### 1.3.4 Elektronisk spørjeundersøking

Vi har sendt ut ei spørjeundersøking til dei selskapa som er omfatta av undersøkinga for å kartlegge korleis selskapa arbeider med arkiv og journalføring. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til daglege leiarar og styreleiarar i dei utvalde selskapa.<sup>1</sup>

Revisjonen har i hovudsak fått den informasjonen som vi har bede om, sjølv om det har vore naudsynt å sende fleire purringar (både for å få svar på spørjeundersøking og for å få tilsendt dokumentasjon som er etterspurt i samband med revisjonen). Av selskapa, er det berre eitt – Askøy bompengeselskap – som ikkje har svart på førespurnadene i det heile.

### 1.3.5 Verifisering og høyring

Rapporten vart sendt til fylkesrådmannen for verifisering og uttale, samt til selskapa som er omfatta av undersøkinga. Fylkesrådmannen har gjeve ein uttale, og i tillegg kom det inn skriftleg høyringssvar frå to av selskapa. Uttalane er lagt ved i vedlegg 1. Det er vidare gjort nokre justeringar i rapporten etter høyringsutkastet vart sendt ut. Dette er nærare forklart i vedlegg 2.

## 1.4 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet er blitt vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

I dette prosjektet er offentleglova og arkivlova sentrale kjelder for revisjonskriteria. Arkivlova inneheld reglar om arkivering og trygging av arkivmateriale, medan offentleglova mellom anna omfattar reglar om innsyn og krav til å føre journal.

Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 3 til rapporten.

---

<sup>1</sup> Spørjeundersøkinga vart sendt ut til dei selskapa som er omfatta av forvaltningsrevisjonen. Dette omfattar dei 35 selskapa der fylkeskommunen har meir enn 20 % eigarskap. Som forklart i 1.3.1 var det tre av desse selskapa som av ulike årsaker vart utelukka for vidare gjennomgang. Det var 22 enkeltrespondentar som fekk spørjeundersøkinga. (Fordi enkelte av respondentane svarte for fleire selskap, var det færre respondentar enn talet på selskap.)

## 2 Oversyn over selskapa

### 2.1 Oversyn over selskapa

På bakgrunn av Hordaland fylkeskommune sitt «AS-register», noteopplysningar i rekneskapen og opplysningar i RAVN bedriftsinfo og har vi utarbeidd eit oversyn over alle selskap Hordaland fylkeskommune har over og under 20 % eigarskap i (51 selskap).<sup>2</sup>

Selskap	Eigardel HFK	Samla off. eigarskap	Kommentar
AS Austevoll bruselskap	51 %	100 %	
AS Strandgaten 196	33 %	33 %	
Askøy bompengeselskap AS	60 %	100 %	
Beredt AS	100 %	100 %	
Beredt kompetanse AS	100 %	100 %	Heileigd dotterselskap av Beredt AS
Bergen Bompengeselskap AS	100 %	100 %	
Bergen-Os bompengeselskap AS	52 %	100 %	
BRB Vekst AS	35 %	100 %	Heileigd dotterselskap av Business Region Bergen AS
Business Region Bergen AS	35 %	100 %	
Bybanen AS	100 %	100 %	
Bystasjonen AS	100 %	100 %	
Bømlo Vegselskap AS	53 %	100 %	
Fastlandssamband Halsnøy AS	53 %	84 %	
Griegghallen IKS	50 %	100 %	
Hardanger AKS	36 %	81 %	
Hardangerbrua AS	53 %	100 %	
HFK Bussanlegg AS	100 %	100 %	
HFK Bussanlegg Fana AS	100 %	100 %	Heileigd dotterselskap av HFK Bussanlegg AS
HFK Bussanlegg Lonevåg AS	100 %	100 %	Heileigd dotterselskap av HFK Bussanlegg AS
HFK Bussanlegg Mannsverk AS	100 %	100 %	Heileigd dotterselskap av HFK Bussanlegg AS
HFK Bussanlegg Straume AS	100 %	100 %	Heileigd dotterselskap av HFK Bussanlegg AS
Hordaland teater L/L	60 %	60 %	
Jondalstunnelen AS	52 %	100 %	
Kvam Bompengeselskap AS	53 %	100 %	Bompengeselskapet opplyser om at det er planlagt å leggje ned selskapet.
Kveik AS	23 %	94 %	
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	50 %	100 %	
Nordhordlandspakken AS	40 %	100 %	
Odda Vegfinans AS	52 %	100 %	
Sunnhordland Lufthavn AS	21 %	100 %	

<sup>2</sup> Oversynet er per november 2015, men med endringar etter dette tidspunktet, som revisjonen er blitt gjort kjent med.

Selskap	Eigardel HFK	Samla off. eigarskap	Kommentar
Valen Kraftverk AS	100 %	100 %	Kraftverket vert drive av Kvinnherad Energi, men er eigd av fylkeskommunen.
Vestnorsk Filmsenter AS	50 %	100 %	
Voss og omland bompengeselskap AS	57 %	100 %	
<i>Selskap som ikkje er tekne med i undersøkinga</i>			
Nordheimsund Industrier AS (no Sanvenhagen Næringsbygg AS)			Aksjekapitalen er tapt og selskapet omstrukturert i 2014. HFK er ikkje lenger eigar.
Sunnhordland bru- og tunnelselskap AS	62 %		Selskapet er avvikla
Vikafjellsvegen A/L	20 %		Selskapet er avvikla
Bergen Vitensenter AS	19 %		
Nordhordaland industriservice AS	18 %		
AS Den Nationale scene	17 %		
Opero AS	17 %		
Carte Blanche AS	15 %		
Osterøy Bruselskap AS	14 %		
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	10 %		
Fjord Norge AS	9 %		
Atheno AS	3 %		
Innovasjon Norge	3 %		
E134 Haukelivegen AS	2 %		
Sarsia Development AS	2 %		
Biblioteksentralen AL	1 %		
Kommunekraft AS	0 %		

## 2.2 Arkivløysingar i bruk i selskapa

Det går fram av spørjeundersøkinga som revisjonen har gjennomført at selskapa har ulike ordningar for arkivering av inn- og utgåande post. Dette omfattar elektroniske arkivsystem, papirbaserte system og ulike kombinasjonar av desse.

Av elektroniske løysingar finn ein døme på både arkivering i mapper på datamaskin/server, ulike databaseløysingar og dokumentstyringssystem. Fire av selskapa oppgjev at dei nyttar fylkeskommunale eller kommunale arkivsystem for si arkivering. Utover dei som har saks-/arkivsystem hos eigar (t.d. kommune eller fylkeskommune), er det ingen av selskapa som har eit NOARK-godkjent saks-/arkivsystem.

Dei aller fleste selskapa nyttar det same arkivsystemet for arkivering av inn- og utgåande post til arkivering av interne saksdokument.

Fleire av selskapa som har svart på spørjeundersøkinga opplyser at dei har arkivplan. Revisjonen har motteke eksempel på dette frå nokre av selskapa. Blant døme på arkivplanane ser vi at nokre av selskapa har ein enkel arkivnøkkel, medan andre har korte beskrivingar av korleis selskapet arkiverer. Nokre selskap nyttar eigar/eigarkommunen sin arkivplan.

# 3 Arkivplikt

## 3.1 Problemstillingar

*Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av arkiveringsplikta?  
I kva grad følgjer selskap som har arkiveringsplikta sentrale reglar knytt til arkivering?*

## 3.2 Revisjonskriterium

I arkivlova § 6 går det fram at «Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonsskjelder for samtid og ettertid.» Offentlege organ er her definert som «statleg, fylkeskommunal eller kommunal institusjon eller eining.»

### 3.2.1 Kva selskap er omfatta av reglane

Arkivlova gjeld for «offentlege organ». I proposisjonen til arkivlova<sup>3</sup> går det fram:

Etter dei definisjonane som er lagde til grunn i lovutkastet her har offentlege forvaltningsorgan, institusjonar og forvaltningsbedrifter offentlege arkiv. Arkivet i føretak organiserte etter lova om statsføretak, eller reine næringsverksemdar organiserte som aksjeselskap eller lutlag vert etter lovutkastet her derimot å definera som privat, jamvel om offentlege instansar eig alle aksjane eller lutane.

Kommunale og fylkeskommunale selskap er definert som «en del av kommunen eller fylkeskommunen» (jf. kommunelova § 61), og er derfor å rekne som eit offentleg organ etter arkivlova.

### 3.2.2 Plikter etter arkivlova

Dersom ein er omfatta av arkivlova, må ein følgje reglane i arkivforskrifta, som er heimla i arkivlova § 12. Forskrifta gjev meir detaljerte rutinar for handteringa av arkivfunksjonen i offentleg forvaltning. Arkivforskrifta legg, under tilvising av kommuneloven § 23, det overordna ansvaret for arkivområdet til administrasjonssjefen.

Nokre sentrale krav som følgjer av arkivforskrifta er:

**Arkivplan:** Etter arkivforskrifta § 2-2 har organet plikt til å ha ein arkivplan som syner kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva slags instruksar, reglar, planar m.v. som gjeld for arkivarbeidet.

**Rutinar for bevaring, arkivavgrensing og kassasjon:** «Arkivavgrensing» omfattar det å fjerne dokument i samband postbehandling eller arkivlegging, som ikkje skal i arkiverast. Det materialet som ikkje vert avgrensa vert arkivert. Når arkivmaterialet er registrert og arkivert, kan det berre avhendast eller kasserast dersom Riksarkivaren har godkjent dette eller det er løyve til kassasjon i forskrift.<sup>4</sup> For enkelte typar materiale er det påbod om oppbevaring.

**Godkjende system for elektronisk arkivering:** Dersom organet brukar elektronisk arkivering, skal arkivsystemet følgje «Noark-standarden» (arkivforskrifta § 2-9).

<sup>3</sup> Ot.prp. nr. 77 (1991-92), s. 12.

<sup>4</sup> Reglane om arkivavgrensing og kassasjon er gitt i forskrift 1. desember 1999 nr 1566 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlege arkiver, kap. 5.

### **3.3 Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av arkiveringsplikt?**

#### **3.3.1 Datagrunnlag**

Som oversynet i kapittel 2 syner, er alle selskapa som denne selskapskontrollen omfattar organiserte som aksjeselskap eller Interkommunale selskap (IKS).

#### **3.3.2 Vurdering**

Då det berre er offentlege organ som er omfatta av arkivlova, må ein vurdere om nokre av dei fylkeskommunale selskapa fell inn under denne definisjonen.

Det går klart fram av førearbeida til arkivlova at graden av offentleg eigarskap ikkje skal spele inn på vurderinga av om ein organisasjon er omfatta av reglane eller ikkje. Derimot går det tydeleg fram at organisasjonsforma vil spele ei rolle for korleis ein skal vurdere dette spørsmålet.

I proposisjonen til arkivlova heiter det at «reine næringsverksemder organiserte som aksjeselskap eller lutlag vert [...] å definera som privat». Det varierer i kva grad dei utvalde selskapa driv med «næringsverksemd» (sjå nærare drøfting av dette under 4.3.1.4), men revisjonen meiner det er grunnlag for å tolke reglane slik at ingen verksemder registrerte som aksjeselskap er å rekne som «offentlege organ» etter arkivlova.

Interkommunale selskap, som er regulerte etter lov om interkommunale selskap, vert i følgje «Arkivhåndboken for offentlig forvaltning» ikkje omfatta av arkivlova, då den organisatoriske modellen gjer at dei ikkje passar inn i definisjonen av offentlege organ.

På bakgrunn av dette, vurderer revisjonen at ingen av dei fylkeskommunale selskapa er å rekne som offentlege organ i arkivlova sin tyding, og at dei derfor ikkje er omfatta av reglane i arkivlova, utover det som eventuelt følgjer av plikter etter offentleglova – sjå kapittel 4 under.

Sjå ei nærare drøfting av verkeområdet for lova i vedlegg 2 under.

### **3.4 I kva grad følgjer selskap som har arkiveringsplikt sentrale reglar knytt til arkivering?**

#### **3.4.1 Datagrunnlag**

Sjå kap. 2 for ei nærare forklaring av ulike arkivordningar som er i bruk i selskapa i dag.

#### **3.4.2 Vurdering**

Då vi ikkje vurderer nokon av selskapa til å ha arkivplikt, finst det ingen konkrete krav knytt til arkivering som er relevant for selskapa.

# 4 Offentlegheit og journalføring

## 4.1 Problemstillingar

*Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av reglane i offentleglova?  
I kva grad følgjer selskap som har journalføringsplikt sentrale reglar knytt til offentlegheit?*

## 4.2 Revisjonskriterium

Hovudprinsippet i offentleglova er at alle saksdokument i offentleg verksemd er opne for innsyn så lenge dei ikkje er omfatta av lovforankra unntak.

### 4.2.1 Kva selskap er omfatta av reglane

#### Offentlege organ

Kva organ som fell inn under offentleglova, følgjer av § 2 i lova. Her går det m.a. fram at lova gjeld for:<sup>5</sup>

- sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet
- sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet

#### Konkurransesituasjonen

Det går vidare fram at offentleglova ikkje gjeld «rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.»<sup>6</sup> I rettleiar for offentleglova går det fram at det vurderinga om i kva grad eit selskap oppfyller dette kriteriet mellom anna bør ta omsyn til «kor stor del av den samla omsetnaden, fortjenesta, talet på tilsette, verdien av driftsmidla og marknadsverdien som knyter seg til dei delane av verksemda som er utsette for konkurranse»<sup>7</sup>.

#### Administrativt tilsette

Etter offentlegforskrifta<sup>8</sup> går det fram at offentleglova ikkje gjeld for offentlege organ som er sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling.

Det er ikkje fastsett noko spesifikk grense for kor stor stillingsdel ein deltidstilsett må ha for at selskapet skal vere omfatta av lova. I ei sak frå 2015<sup>9</sup> vurderer Fylkesmannen i Oppland at ein tilsett i 30% deltidsstilling er tilstrekkeleg administrative ressursar til at selskapet ikkje er omfatta av unntaket.

Det går vidare fram av forskrifta § 1 andre ledd bokstav b at sjølvstendige rettssubjekt som berre har som føremål å ivareta medlemmane sine interesser (interesseorganisasjonar) ikkje er omfatta av lova.

<sup>5</sup> Offl. § 2, første ledd, bokstavane c og d.

<sup>6</sup> Offl. § 2, andre ledd, første punktum

<sup>7</sup> «Rettleiar til offentleglova» (2009) s. 19.

<sup>8</sup> § 1 andre ledd bokstav a

<sup>9</sup> Jf. brev frå Fylkesmannen i Oppland til Østre Toten eiendomsselskap 4.9.2015.

#### 4.2.2 Plikter etter offentleglova

Offentleglova set krav om journalføring av inngåande og utgåande dokument som skal reknast som saksdokument. Arkivforskrifta § 2-7 inneheld nærare reglar for kva dokument som skal journalførast, og korleis journalen skal førast. I arkivforskrifta § 2-9 går det fram at ved elektronisk journalføring skal organet nytte arkivsystem som følgjer krava i «Noark-standardten».

Etter offentleglova § 3 er organet sine journalar i utgangspunktet opne for innsyn. Av arkivforskrifta § 2-7 tredje ledd går det fram det at dersom det ikkje er mogleg å registrere eit dokument utan å røpe opplysningar som er underlagt lovheimla teieplikt, eller som ålmenta elles ikkje kan krevje, kan det nyttast nøytrale kjenneteikn, skjerming eller overstryking på den kopien eller utskrifta av journalen som ålmenta kan krevje innsyn i.

### 4.3 Kven av dei fylkeskommunale selskapa er omfatta av reglane i offentleglova?

#### 4.3.1 Datagrunnlag

##### 4.3.1.1 Avklaringar mellom fylkeskommunen og selskapa i 2009

I januar 2009 sende Hordaland fylkeskommune eit brev til fleire av selskapa som fylkeskommunen har eigarskap i. I brevet blei det informert om at det frå 1. januar 2009 tredde i kraft ei ny offentleglov med endringar som inneber at ein del sjølvstendige rettssubjekt også er omfatta av lova. I brevet frå HFK blei det vidare informert om at vurderinga om selskapet kjem under offentleglova eller ikkje må vurderast konkret ut frå eigarstruktur, type verksemd og rammevilkår. Dei selskapa som er omfatta av lova, skal ha eit journalsystem som gjer det mogleg å få kjennskap til dokument som det kan krevjast innsyn i. Avslutningsvis ba HFK om tilbakemelding frå selskapet om kva rutinar verksemda har teke i bruk for å oppfylle krav i offentleglova.

Nordhordlandspakken AS skreiv i sitt svarbrev til HFK at dei legg til grunn at den nye offentleglova gjeld for selskapet, og at selskapet har innført rutinar for journalføring, arkivering og innsyn. Dei opplyste at inngåande og utgåande post blir ført i eigen journal, dokument blir kopiert og arkivert i eigen perm, og at alle som ønskjer innsyn vil få det med mindre dokumenta er unntatt offentlegheit.

Sunnhordland Bru- og tunnelselskap skreiv i sitt svarbrev til HFK at dei via interesseorganisasjonen Norvegfinans har vore i kontakt med Vegdirektoratet om den nye offentleglova og dei har konkludert med at selskapet er omfatta av lova. Selskapet oppretta postjournal som resultat av denne konklusjonen.

I Kvam bompengeselskap og Voss og omland bompengeselskap sitt svar til HFK vurderte dei at dei ikkje er omfatta av offentleglova sidan selskapa ikkje har fast tilsette i administrativ stilling og at dei dermed er unntatt lova sitt virkeområde etter offentlegheitsforskrifta § 1, andre ledd bokstav b.

Fastlandssambandet Halsnøy/Halsnøysambandet sende svarbrev til HFK der det blei opplyst at selskapet hadde vore i kontakt med Statens vegvesen for å få avklart om selskapet var omfatta av lova. Vedlagt svarbrevet var eit skriv frå Statens vegvesten som seier at alle bompengeselskap er omfatta av den nye offentleglova, sidan dette er offentleg eigde selskap det stat, kommune eller fylkeskommune har avgjerande innflytelse på styret. Styret i Fastlandssambandet Halsnøy/Halsnøysambandet gav uttrykk for at dei var usikre på om selskap utan tilsett administrasjon var omfatta av lova, og om bomselskapet var pliktig til å føre postjournal. I påvente av ei avklaring på dette har selskapet oppretta postjournal.

##### 4.3.1.2 Offentleg eigarskap

Av dei 32 selskapa som er valt ut for kontroll, er det 13 selskap der fylkeskommunen er einaste eigar og 29 selskap der fylkeskommunen eig heile selskapet saman med andre offentlege eigarar. Fem selskap har private eigarar (jf. tabell i kapittel 2 over):

- Kveik AS (94 % offentlig eigarskap)
- Fastlandssamband Halsnøy AS (84 % offentlig eigarskap)
- Hardanger AKS (81 % offentlig eigarskap)
- Hordaland teater L/L (60 % offentlig eigarskap)
- AS Strandgaten 196 (33 % offentlig eigarskap)

#### 4.3.1.3 Administrative ressursar

Av dei 32 selskapa som er valt ut, er det 20 selskap som i spørjeundersøkinga svarer at dei ikkje har fast tilsette administrative ressursar.

**Tabell 1 Administrativt tilsette**

Har faste administrativt tilsette	Har ikkje faste administrativt tilsette
Hardanger AKS	BRB Vekst AS
Business Region Bergen AS	Bergen Bompengeselskap AS
Beredt kompetanse AS	Bystasjonen AS
Beredt AS	HFK Bussanlegg AS
Bybanen AS	HFK Bussanlegg Fana AS
Hordaland teater L/L	HFK Bussanlegg Lonevåg AS
Odda Vegfinans AS	HFK Bussanlegg Mannsverk AS
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	HFK Bussanlegg Straume AS
Vestnorsk Filmsenter AS	Valen Kraftverk AS
Kveik AS	Voss og omland bompengeselskap AS
Sunnhordland Lufthavn AS	Bømlo Vegselskap AS
Hardangerbrua AS*	Kvam Bompengeselskap AS
Askøy bompengeselskap AS**	Fastlandssamband Halsnøy AS
	Bergen-Os bompengeselskap AS
	Jondalstunnelen AS
	AS Austevoll bruselskap
	Griegghallen IKS
	Nordhordlandspakken AS
	AS Strandgaten 196
*Hardangerbrua AS har arbeidande styreleiar	
**Askøy bompengeselskap AS har ikkje svart på undersøkinga	

Av dei selskapa som ikkje har administrativt tilsette, svarer alle bortsett frå BRB Vekst at dei leiger inn administrative ressursar. Når det gjeld kva typar av tenester som vert leigd inn, svarer selskapa følgjande:

- Alle 19 selskap leiger inn ressursar til rekneskap/bokføring
- 17 selskap leiger inn sekretærtjenester i samband med styret sitt arbeid
- 16 selskap leiger inn ressursar for handtering av post og arkiv
- 15 selskap leiger inn ressursar til sakshandsaming
- 14 selskap leiger inn ressursar som kontaktperson for selskapet
- 9 selskap leiger inn sentralbordstenester
- 2 selskap leiger inn tenester knytt til økonomisk rådgjeving

Eitt av desse selskapa, Hardangerbrua AS, opplyser at dei har ein arbeidande styreleiar som både har styregodtgjersle og løn som dagleg leiar. I samband med den nemnde dialogen Hordaland fylkeskommune hadde med selskapa ved innføringa av offentliglova, opplyste Hardangerbrua AS skriv i sitt svarbrev til Hordaland fylkeskommune at dei hadde ein arbeidande styreleiar som også fungerer som dagleg leiar, og at dei var usikre på om styreleiar då blir rekna som tilsett eller tillitsvald.

#### 4.3.1.4 Konkurransesituasjonen

Av dei 32 selskapa som er valt ut, er det fire selskap som i spørjeundersøkinga svarar at dei har som primært mål å skape økonomisk vinst for eigarar. Av dei fire selskapa er det to selskap (Valen Kraftverk og Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter) som trekk fram at dei er i konkurranse på like vilkår med private konkurrentar. I tillegg til desse to selskapa, opplyser også tre andre selskap – Beredt AS, Beredt kompetanse AS og Sunnhordland lufthavn AS – at dei er i konkurranse med private (på same vilkår som konkurrentane).<sup>10</sup>

**Tabell 2 Selskap som opplyser at dei har som primært mål å skape økonomisk vinst og/eller at dei er i direkte konkurranse med private. Svar frå spørjeundersøkinga.**

Selskap	(1) Mål om økonomisk vinst:	(2) Direkte konkurranse	(3) Prosent konkurranse	(4) Stønad frå eigar	(5) Prosent stønad	(6) Lån frå eigar	(7) Lån på marknadsvilkår
Beredt kompetanse AS	Nei	Ja	100 %	Nei		Nei	
Beredt AS	Nei	Ja	50 %	Nei		Nei	
Valen Kraftverk AS	Ja	Ja	100 %	Nei		Ja	Ja
Bømlo Veg-selskap AS	Ja	Nei		Nei			
Kvam Bompengeselskap AS	Ja	Nei		Nei			
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	Ja	Ja	50 %	Ja	50 %	Nei	
Kveik AS	Nei	Veit ikkje		Ja	50 %		
Sunnhordland Lufthavn AS	Nei	Ja	30 %	Nei		Ja	Ja

- (1) Mål om økonomisk vinst: Selskapet sitt primære mål er å skape økonomisk vinst for eigar(ar)
- (2) Direkte konkurranse: Selskapet er i direkte konkurranse med private og på like vilkår.
- (3) Prosent konkurranseutsett: Del av selskapet sine inntekter kjem frå konkurranse med private på like vilkår
- (4) Stønad frå eigarar: Selskapet får stønad/tilskot frå eigar(ar)
- (5) Prosent stønad: Del av inntektene som kjem frå stønad/tilskot frå eigar(ar) (ca.)
- (6) Lån frå eigar: Har selskapet fått lån frå eigar(ar)?
- (7) Lån på marknadsvilkår: Er lån frå eigar(ar) gjeve på vanlege marknadsvilkår?

I samband med analysen av spørjeundersøkinga har revisjonen hatt ei særleg oppfølging av arbeidsmarknadsselskapa, for å avklare på kva måte deira drift er konkurranseutsett. Inntektene til desse selskapa er dels knytt til varer og/eller tenester dei sel i marknaden, og dels til dei kontraktane dei har med NAV om å tilby tiltaksplassar. Det går fram at den klart største delen av kontraktane som arbeidsmarknadsselskapa per no har med NAV ikkje er konkurranseutsette. Det vert likevel peika på at NAV er i ferd med å leggje om til større bruk av konkurransar ved inngåing av avtalar om arbeidsmarknadstiltak.

<sup>10</sup> Spørsmålet om unntak frå regelverket på grunn av konkurransesituasjonen til selskapet kom også opp i samband med innføringa av offentleglova. Både Åstvedtgruppen/Åstvedt AS og Bru- og tunnelselskapet AS svarte Hordaland fylkeskommune at dei hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private, og dei er derfor ikkje omfatta av offentleglova. Hordaland fylkeskommune har ikkje lenger eigardelar i desse selskapa. Hordaland fylkeskommune har ikkje lenger eigardel i desse selskapa. Åstvedtgruppen har skifta navn og heiter no A2G Gruppen AS, medan Bru- og Tunnelselskapet er BT Signal.

## 4.3.2 Vurdering

### Offentleg eigarskap

Som det går fram av 4.3.2, har alle så nær som eitt av selskapa over 50 % offentleg eigarskap. Det følgjer av dette at eigarskapskriteriet er innfridd for alle selskapa bortsett frå AS Strandgaten 196. Alle selskapa, bortsett frå AS Strandgaten 196 er derfor i utgangspunktet omfatta av lova.

### Unntak som følgje av administrativt tilsette

Unntaket i offentlegforskrifta § 1, andre ledd bokstav a) spesifiserer som nemnt i 4.2.1 at lova ikkje gjeld for «*sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling*».

20 selskap har oppgjeve at dei ikkje har tilsette administrative ressursar. Dette omfattar mellom andre AS Strandgaten 196, som ikkje er omfatta av lova pga. eigarskapen, og Valen kraftverk, som er unnateke lova på grunn av konkurransesituasjonen (sjå under). I Hardangerbrua AS, som også oppgav at dei ikkje har tilsette administrative ressursar, får styreleiar også løn som dagleg leiar for selskapet. Revisjonen vurderer at styreleiar då kan reknast som tilsett administrativ ressurs.<sup>11</sup>

Dette gjer at 17 av selskapa fell innanfor ordlyden i unntaket i forskrifta.

Revisjonen vil likevel presisere at det kan reisast spørsmål om kor vidt ordlyden i forskrifta er i strid med føremålet i lova, noko som ikkje er avklart per i dag. Å organisere selskapet med innleigde ressursar for å unngå å verte omfatta av reglane kan oppfattast som ei illojal tilpassing til regelverket. (sjå nærare skildring i vedlegg 2). Vi vil i denne samanhengen peike på at 15<sup>12</sup> av selskapa svarer i spørjeundersøkinga at dei leiger inn ressursar som handterer post- og arkivtenester for selskapa. Revisjonen har ikkje noko grunnlag for å vurdere kva som er grunngevinga for organiseringa av desse selskapa. Det at dei leiger inn ressursar for å handtere post- og arkivtenester talar likevel for at selskapa har tilgjengelege administrative ressursar som set dei i stand til å etterleve krava i lova.

### Unntak som følgje av konkurransesituasjonen

Det må gjerast ei konkret og heilskapleg vurdering av drifta for kvart av selskapa for å kunne ta stilling til om vilkåra for unnatak frå regelverket er oppfylt. Revisjonen kan derfor ikkje svare kategorisk på om bedrifter som opplyser at dei er i ein konkurransesituasjon fell inn under unntaket frå regelverket.

Slik revisjonen vurderer det, er Valen Kraftverk ein tilbydar i ein marknad der dei konkurrerer på like vilkår med andre private leverandørar av kraft, og derfor er dei unnateke reglane i offentleglova.

Når det gjeld **kulturinstitusjonar** som har inntekter av sal til publikum, vurderer revisjonen at institusjonar som får vesentleg støtte frå sine offentlege eigarar gjennom faste driftstilskot, som hovudregel ikkje kan reknast å vere i konkurranse på like vilkår med private konkurrentar. Revisjonen vurderer derfor at Moster Amfi ikkje oppfyller vilkåra for å vere unnateke krava i lovverket.

**Vegselskap/bompengeselskap**, har som mål å tene pengar for sine eigarar, men slike selskap driv heller ikkje på like vilkår som private konkurrentar. Den same vurderinga gjeld for Stord lufthamn, som har opplyst at 30 %, dvs. under halvparten av inntektene kjem frå

<sup>11</sup> Sjå vedlegg 1 for ei nærare forklaring frå Hardangerbrua AS om vurderinga av tilsettingsforhold i selskapet.

<sup>12</sup> Valen kraftverk er eitt av dei 16 selskapa som svarer at dei leiger inn administrative ressursar til m.a. post- og arkivtenester.

konkurransetutt næring. Dette oppfyller etter revisjonen si vurdering ikkje kravet som går fram av rettleiarar til offentleglova til at «meir enn halvparten av verksemda skal vere utsett for konkurranse». Vidare vil revisjonen peike på at føresetnaden for at unntaket på grunn av konkurransesituasjonen skal gjelde, er at konkurransen kjem frå selskap som opererer på same vilkår innanfor same type tenester,<sup>13</sup> og at desse selskapa sjølv ikkje er omfatta av offentleglova.

**Arbeidsmarknadsbedriftene** er ei anna gruppe selskap der det kan reistas spørsmål om dei er i ein konkurransesituasjon som oppfyller krava til å vere unnateke regelverket. Desse bedriftene har inntekter/finansiering også frå ulike offentlege kjelder, og det er derfor naudsynt å vurdere fleire problemstillingar knytt til konkurransesituasjonen deira.

Når arbeidsmarknadsbedriftene nyttar arbeidskraft som bedrifta får refusjonar frå NAV for, til å produsere og selje varer eller tenester i ein konkurranseutsett marknad, meiner revisjonen at dette ikkje kan reknast som konkurranse på like vilkår som private, så lenge avtalen med NAV ikkje er sett ut på anbod. Grunnen er at arbeidsmarknadsbedriftene gjennom refusjonane har ei form for subsidie/stønad som private konkurrentar ikkje har. Sjølv om salet eller kontraktsinngåinga skjer i konkurranse med private, har arbeidsmarknadsbedrifta ei støtte frå NAV som dei privat eigde selskapa presumptivt ikkje har.

NAV inngår ulike typar kontraktar med arbeidsmarknadsbedriftene, der nokre er lagt ut på anbod, medan nokre vert tildelt bedrifter som oppfyller bestemte krav til å bli førehandsgodkjente som attførings- eller vekstbedrifter. Dersom arbeidsmarknadsbedriftene berre hadde kontraktar som var sett ut på anbod av NAV, ville dei truleg vore omfatta av unntaket i lova. Gjennomgangen syner at arbeidsmarknadsbedriftene som fylkeskommunen er eigar av i dag hovudsakleg har kontraktar som ikkje er utlyst i marknaden. Slik revisjonen vurderer det, har bedriftene derfor i stor grad anten ikkje vore i konkurranse, eller dei har vore i konkurranse med andre bedrifter med tilsvarende organisering og eigarskap som seg sjølv. Dette talar derfor for at dei fylkeskommunalt eigde arbeidsmarknadsbedriftene er omfatta av reglane i offentleglova.

Det er uttalt fleire stadar i forarbeid, rettleiarar og juridisk teori at unntaka i offentleglova skal tolkast strengt, også når det gjeld kva subjekt som må følgje lova. Dette, saman med lova sitt føremål om at det skal vere størst mogleg offentlegheit og transparens, samt prinsippet om meiroffentlegheit jf. § 11, tilseier at dersom ein er i tvil om det aktuelle føretaket er omfatta av offentleglova, så bør ein leggje til grunn at føretaket er pliktsubjekt etter lova. Berre i dei tilfella der det er openbart at føretaket ikkje er omfatta, bør dette kunne leggjast til grunn.

Etter revisjonen si vurdering er det derfor ingen av arbeidsmarknadsbedriftene som fylkeskommunen eig, som per i dag oppfyller kriteria for å bli unntatt frå reglane i offentleglova på grunn av konkurransesituasjonen. I den grad konkurransesituasjonen for desse bedriftene endrar seg, kan det vere grunn til å revurdere dette på eit seinare tidspunkt.

### **Oppsummering – kva selskap er omfatta av lova?**

I tabell 3 er dei 32 utvalde selskapa fordelt etter vurderingane ovanfor. Som det går fram av tabellen, vurderer revisjonen at det er tolv av selskapa som verken er omfatta av unntak i lov eller unntak i forskrift. Det vil seie at dei e omfatta av lova, og dei pliktene dette inneber til å m.a. føre journal (sjå 4.4).

**Tabell 3 Kva selskap som er omfatta av lova**

Unnateke etter offl.	Unnateke etter ordlyden i Omfatta av lova forskrifta § 1	
<i>Unnateke pga eigarskap:</i>	AS Austevoll bruselskap	Askøy bompengeselskap AS
AS Strandgaten 196	Bergen Bompengeselskap AS	Beredt AS

<sup>13</sup> Rettleiar til offentleglova nemner som døme at «konkurranse frå andre transportmiddel som til dømes privatbil eller fly [ikkje vil] vere relevant i vurderinga av ei verksemd som driv jernbanetransport» (s. 19).

Unnateke pga konkurranse-situasjonen:	Bergen-Os AS	bompengeselskap	Business Region Bergen AS
Valen Kraftverk AS	Bømlø Vegselskap AS		Bybanen AS
Beredt kompetanse AS	BRB Vekst AS		Hardanger AKS AS
	Bystasjonen AS		Hardangerbrua AS
	Fastlandssamband Halsnøy AS		Hordaland teater L/L
	Griegghallen IKS		Kveik AS
	HFK Bussanlegg AS		Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS
	HFK Bussanlegg Fana AS		Odda Vegfinans AS
	HFK Bussanlegg Lonevåg AS		Sunnhordland Lufthavn AS
	HFK Bussanlegg Mannsverk AS		Vestnorsk Filmsenter AS
	HFK Bussanlegg Straume AS		
	Jondalstunnelen AS		
	Kvam Bompengeselskap AS		
	Nordhordlandspakken AS		
	Voss og omland bompengeselskap AS		

#### 4.4 I kva grad følgjer selskap som har journalføringsplikt sentrale reglar knytt til offentlegheit?

##### 4.4.1 Postjournalar

13 av 29 selskap som har fått spørsmål om selskapet fører journal over inn- og utgåande post har svart «ja». På oppfølgingsspørsmål om korleis journal for inn- og utgåande post blir ført viser spørjeundersøkinga at nokre selskap nyttar elektronisk saks/arkivsystem, andre nyttar ein annan elektronisk journal (til dømes Excel), medan eit fåtal nyttar papirjournal (sjå kap.3 for nærmare omtale av arkivsystema).

Hardangerbrua AS publiserer ei offentlig postliste på sin nettstad. Etter det revisjonen kan sjå er det ingen andre av selskapa i undersøkinga som har offentlig journal/postliste tilgjengeleg på Internett.

Revisjonen har bedt om å få tilsendt selskapa sin postjournal over inn- og utgåande post for desember 2015 og januar 2016. Revisjonen har fått tilsendt kopi av journalane til elleve av dei 13 selskapa som har opplyst at dei fører postjournal, og har undersøkt i kva grad desse oppfyller sentrale krav i regelverket. To av selskapa har ikkje svart på eller sendt over postjournal etter revisjonen sin førespurnad.

##### Utforminga av journalen

Av dei elleve selskapa som har sendt over journal, er det fem selskap som revisjonen meiner er pliktige å føre journal etter reglane i arkivlova (sjå 0 over).

Tabell 4 nedanfor illustrerer i kva grad utforminga av journalane oppfyller krav i regelverket til journalføring av inn- og utgåande post.

Når det gjeld krava til journalføringsdato og datering av dokument, er det fleire av selskapa som opererer med berre ein dato i journalen, og det går ikkje alltid klart fram om dette er journalføringsdatoen eller datering av dokumentet.

**Tabell 4 Journalgjennomgang**

Namn på selskap	Journal- førings- dato	Saks- og dokument- nummer	Sendar og/eller mottakar	Opplys- ningar om sak,	Datering av doku- ment	Kommentar
-----------------	------------------------------	---------------------------------	--------------------------------	------------------------------	------------------------------	-----------

							innhald eller emne
<b>Beredt AS</b>	ja	ja*	ja	nei	nei		*Papirbasert journal. Postane har «arkivnummer» og saksnummer. Årstal manglar.
<b>Business Region Bergen AS</b>	ja*	nei**	ja	ja	nei		*Postane er datert, men det går ikkje klart fram om dette er journalføringsdato eller datering av dokument. **Postar er merkte med årstal og journalnummer,
<b>Bybanen AS</b>	ja	nei*	ja	ja	ja		*Postane har eit journalnummer.
<b>Hardanger AS</b>	AKS nei	nei	ja	ja	ja		
<b>Hardangerbrua AS</b>	nei*	nei*	ja*	ja*	ja*		Revisjonen har gjennomgått den offentlege postlista til selskapet. Denne har ikkje informasjon om journalføringsdato og journalnummer. Hardangerbrua opplyser at denne informasjonen er tilgjengeleg gjennom mappestrukturen der desse dokumenta er elektronisk lagra (sjå høyringsvar i vedlegg 1). <sup>14</sup>
Askøy bompengeselskap AS	Selskapet har ikkje svart på undersøkinga						
Hordaland teater L/L	<i>Selskapet har ikkje oversendt journal til revisjonen. I samband med verifiseringa av rapportutkastet har selskapet forklart at dei har oppretta ein journal, og at den no omfattar korrespondanse frå og med januar 2016.</i>						
Kveik AS	<i>Selskapet fører ikkje journal</i>						
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	<i>Selskapet fører ikkje journal</i>						
Odda Vegfinans AS	<i>Selskapet fører ikkje journal</i>						
Sunnhordland Lufthavn AS	<i>Selskapet fører ikkje journal</i>						
Vestnorsk Filmsenter AS	<i>På spørsmål om selskapet fører postjournal har dei svart «veit ikkje»</i>						

### **Fullstendigheit i registrering**

For å undersøkje fullstendigheit i registreringa av inn- og utgåande dokument, har revisjonen tatt utgangspunkt i journalar frå andre offentlege organ, i hovudsak Hordaland fylkeskommune sin offentlege journal og OEP (offentleg elektronisk postjournal for statlege etatar). Vi har søkt opp post som er sendt *til* dei aktuelle selskapa frå fylkeskommunen og statlege organ, samt

<sup>14</sup> Ingen av dei journalpliktige selskapa har ført journal i eit NOARK-godkjent system. Revisjonen legg til grunn at journalane kan vurderast som det arkivforskrifta i § 2-8 omtalar som «Journalar på papir», til trass for at dei blir produserte med elektroniske hjelpemiddel. Hardangerbrua opplyser at dei har ein arkiveringsrutine med lokal lagring på PC som gjev informasjon om journalføringsdato og journalnummer, i tillegg til den informasjonen som går fram av den offentlege postlista. Då det ikkje let seg gjere å få utskrift av denne informasjonen, vurderer vi at det ikkje kan reknast som ein journal. Dette betyr at vår vurdering tar utgangspunkt i den offentlege postlista som ligg på nettstaden til selskapet.

post som desse organa har registrert som innkomande frå selskapa. I neste omgang har vi undersøkt om desse dokumenta er registrerte i organet sin eigen journal.

Funna i denne gjennomgangen er lista opp i tabell 5 under.

**Tabell 5 Fullstendigheit i registrering i postjournal**

Selskap	Registrerte OEP/HFK	Registrert i selskapet sin journal
Beredt AS	21	0
Business Region Bergen AS	14	4
Bybanen AS	14	10
Hardanger AKS	0	0
Hardangerbrua AS	1	1

Det går fram av gjennomgangen av postjournalar at fleire selskap ikkje har registrert all innkomande post. I nokre tilfelle kan grunnen til manglande journalføring vere at innkomande post ikkje blei vurdert som sakspost for organet. For Business Region Bergen AS, Hardangerbrua AS, Bybanen AS og Beredt AS har revisjonen funne døme på post som er sendt, med selskapet som einaste mottakar, og som har dokumenttitlar som knyter dokumentet til område selskapet arbeider innanfor, men som ikkje er registrert i selskapa sin postjournal.

#### 4.4.2 Skjerming

Revisjonen har i stikkprøvegjennomgangen ikkje funne postar i journalane frå selskapa som er skjerma frå innsyn.

#### 4.4.3 Vurdering

Gjennomgangen syner at sju av dei tolv selskapa som revisjonen har vurdert å vera omfatta av lova, ikkje har ført journal<sup>15</sup>. Av dei fem selskapa som har ført journal, viser gjennomgangen at ingen av journalane fullt ut er i samsvar med formalkrava til kva opplysningar ein journal skal innehalde, slik desse er definert i arkivforskrifta § 2-7. Mellom anna er det for fleire av journalane uklårt kva som er brevdato og kva som er journalføringsdato.

Stikkprøvegjennomgangen syner vidare det er manglande registreringar i tre av dei fem journalane revisjonen har gått gjennom (frå dei selskapa som vi vurderer om omfatta av regelverket). Dette gjeld både manglande journalføring av post som er sendt ut frå selskapet, og manglande journalføring av inngåande post.

Slik revisjonen vurderer det, er det ingen av selskapa som er omfatta av reglane i offentleglova som fullt ut oppfyller alle krava i regelverket. Nokre av selskapa fører ikkje journal i det heile, nokre selskap fører ikkje dei opplysningane som er påkravde i journalen, medan nokre ikkje har fullstendig registrering i journalen. Revisjonen meiner at manglande journalføring av dokument er eit klart brot på krava til journalføring i offentleglova § 10 og reglane i arkivforskrifta.

Når det gjeld problemstillinga knytt til skjerming av journal, har ikkje revisjonen funne slik skjerming.

<sup>15</sup> Eitt av desse selskapa er Askøy bompengeselskap, som ikkje har svart på undersøkinga. Revisjonen har ikkje funne eller fått oversendt noko dokumentasjon som tyder på at selskapet fører journal. Vidare opplyser Hordaland teater at dei i etterkant av at revisjonen vart gjennomført har oppretta ein journal.

## 5 Konklusjon og tilrådingar

Hordaland fylkeskommune har ikkje sett konkrete krav knytt til arkivering og journalføring i selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. På dette området er det såleis opp til selskapa å gjere vurderingar av kva regelverk dei er underlagt, og sørge for at praksis er i samsvar med regelverket. Undersøkinga syner det er mange av selskapa som ikkje har utarbeidd rutinar eller krav til arkiv og journalføring.

Etter revisjonen si vurdering er ikkje nokon av selskapa omfatta av arkivlova. Dette inneber at det er mange konkrete krav til oppbevaring, arkivsystem og rutinar i samband med arkiv som gjeld for fylkeskommunen, som ikkje gjeld for selskapa fylkeskommunen eig.

Vidare finn revisjonen at mange av selskapa truleg er unntatt offentleglova. Desse unntaka er m.a. knytt til ein regel om administrativt tilsette, som er å finne i offentlegforskrifta. Slik vi tolkar regelen kan sjå ut til at eit selskap har mogelegheit til å «organisere seg ut» av krava i offentleglova gjennom å vere organisert utan administrativt *tilsette* (men heller kjøpe/leige inn administrative tenester). Det er likevel viktig å understreke at dette kan oppfattast som ei illojal tilpassing til regelverket.

Av dei selskapa som vi vurderer er omfatta av regelverket, er det fem (av til saman tolv) som fører journal. Det vil seie at sju av selskapa bryt med eit sentralt krav i offentleglova.<sup>16</sup> For dei selskapa som har ei form for journal, finn vi at fleire av journalane har manglar når det gjeld utforming og innhald. Vidare finn vi at fleire av journalane er ufullstendige: Stikkprøvegjennomgangen syner mange døme på dokument som truleg skulle vore registrert i journalen, som ikkje er det. Dimed har heller ikkje desse selskapa klart å oppfylle krava i regelverket.

På bakgrunn av desse funna, vil revisjonen tilrå at **Hordaland fylkeskommune:**

- utformar retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i, for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.<sup>17</sup>
- følgjer opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring

Vidare vil revisjonen tilrå at dei **selskapa som er omfatta av offentleglova**<sup>18</sup>

- følgjer opp dei avvika som er nemnde i rapporten
- sørger for å innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket

<sup>16</sup> På det tidspunktet revisjonen gjekk gjennom journalar gjaldt dette sju selskap. Hordaland teater har kontakta revisjonen i samband med verifiseringa og opplyst at dei no har byrja å føre journal.

<sup>17</sup> Eit notat frå fylkeskultursjefen til fylkesrådmannen datert 28.8.2012 omhandlar noko av dette temaet.

<sup>18</sup> sjå tabell 3

# Vedlegg 1: Høyringsuttalar

DELOITTE AS  
Postboks 221 Sentrum  
0103 OSLODato: 20.07.2016  
Vår ref.: 2016/7765-4  
Saksbehandlar: ingdosk  
Dykkar ref.:

## Uttale til rapportutkast "Arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Forvaltningsrevisjon Juni 2016"

### Bakgrunn

Høyringsutkast av rapporten vart sendt til fylkesrådmannen for verifisering og uttale 21. juni 2016. Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein selskapskontrollrapport om arkiv og journalføring i selskap fylkeskommunen eig.

Deloitte ber om at fylkeskommunen gjev ei skriftleg tilbakemelding, og at det blir gitt separate tilbakemeldingar på:

- (1) eventuelle feil i dei opplysningane som kjem fram i faktagrunnlaget
- (2) fylkesrådmannen sine kommentarar til vurderingar og forslag til tiltak

Frist for å komme med tilbakemelding er fredag 5. august.

### Innleiing

Rapporten svarer for ein stor del på oppgåva om det er arkivplikt i fylkeskommunale selskap og i kva lovverk og forskrifter ei eventuell arkivplikt er heimla. Det går klart fram at det er trong for å forbetre arkivrutinar i fem selskap.

Rapportutkastet er sendt til verksemdene for uttale og kontroll av faktagrunnlaget. Dette vert difor ikkje kommentert her. Datagrunnlaget frå undersøkinga er heller ikkje vedlagt.

Rapporten er eit utkast og kan difor ha manglar. Vidare er det rom for utviding av tilrådingane. Det kan frå administrasjonen si side vere ønskelig å vurdere desse merknadene (ikkje utfyllande);

### Merknader

- Rapporten bør innleiingsvis tydeleg slå fast at det er **to** ulike heimlar for å krevje offentleg arkiv og journalføring, i henald til «arkivlova» eller i henald til «offentleglova». Vidare er det ønskeleg å slå fast om det er same arkiv og journalføringsplikt for selskap som fell inn under «offentlegheitslova» som for selskap som fell inn under «arkivlova».
- Fordi dei kartlagde verksemdene er aksjeselskap eller interkommunale selskap går det fram at **ingen av selskapa har arkivplikt etter «arkivlova»**. Når føremålet med undersøkinga er å undersøke arkivplikt kan det difor vere uhensiktsmessig å sende spørjeundersøkinga til alle selskapa før det er avklart om dei har arkivplikt. Det kan òg

- tydeleggjerast om undersøkinga er sendt til dei 51 selskapa nemnt i kap. 2.1 eller dei 32 selskapa som er nemnt i kap. 4.3.1.2. og nemne dette i metodekapittelet.
- Tabell 3 syner at det er **12 selskap** som revisjonen vurderer er omfatta av «offentleglova» og difor har «pliktene det inneber til m.a. å føre journal». I kap. 4.4.1.1. og i vidare konklusjonar er det **fem selskap** revisjonen meiner har arkiv og journalplikt etter «offentleglova». Det er ynskjeleg med ei klårare framstilling. I fall det berre er 5 selskap som har journalplikt kan ein vurdere om det er hensiktsmessig å kartlegge journalføring i 12 selskap.
  - I tabell 4. er det oppført tre verksemdar som «ikkje svart», «ikkje oversendt» eller «veit ikkje». Det hadde vore ynskjeleg at revisjonen hadde følgd opp desse verksemdene for som minimum å få ei ja/nei tilbakemelding.
  - Stikkprøve for å undersøkje heilskap i postregistrering avdekkar vesentlege manglar hos alle dei fem selskapa. Det kan vere ynskjeleg å undersøkje meir i detalj om stikkprøvane var klassifisert av selskapa til å vere dokument som er arkivverdig sakspost.
  - Nest siste avsnitt i kap. 4.4.1.2. hevder at «nokre av selskapa fører ikkje journal i det heile», mens det går fram av tabell 4. at alle dei 5 journalpliktige fører journal (med manglar).
  - I kap 5. går det fram at fem selskap som er omfatta av regelverket fører journal av til saman 11 selskap. Dette er uklart både med omsyn til punktet over og med omsyn til at det ellers (m.a. tab 3) er referert til 12 selskap.
  - I kap 5. vert det tilrådd at fylkeskommunen utformar retningsliner for dei selskapa ein har eigarskap i. Her kan tilrådinga presiserast til at: fylkeskommunen bør/må sjå til at selskapa implementerer korrekte arkiv og journalføringsrutinar i dei selskapa som har slike plikter jfr. «offentleglova».
  - I tillegg kan fylkeskommunen vurdere om det uavhengig av lovheimel bør etablerast arkiv- og journalrutinar for fleire av selskapa i lys av eiga ynskje om meiroffentligheit og generelt innsyn. Rapporten gjev ikkje anbefalingar om dette.
  - Det kan òg tilråddast at fylkeskommunen utfører ei grundigare kartlegging der t.d. Riksarkivaren vert trekt inn for å eintydig avklare kva selskap som juridisk sett skal, og kva selskap som bør, føre journal og arkiv.
  - Teknisk sett kan rapporten justerast med omsyn til framstilling og ordfeil (t.d. kap. 5). Vidare kappittelstruktur (fire nivå) og tabelloverskrifter (t.d. tabell 3.) for å gjere dokumentet meir konsistent og tydeleg. Kap 1.3. Metode bør vere meir utfyllande med omsyn til å beskrive kva som er gjort i meir detalj og kva materiale som er samla inn (dette er framstilt i fleire kapittel).


Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Rapportutkast: "Arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Forvaltningsrevisjon Juni 2016"

Kopi til:  
Gunnar Husabø



HARDANGERBRUA  
www.hardangerbrua.no

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 Bergen

Lofthus, den 2.august 2016

### Arkivplikt og offentliggjøring i fylkeskommunale selskap.

Viser til epost med vedlagt utkast til rapport om arkiv og offentliggjøring som de ber om tilbakemelding på. Viser også til telefonsamtale om faktafeil.

Først oppklaring av faktafeil. I rapporten i tabell 5 »Fullstendighet i registrering i postjournal.» skriv de at me ikkje har journalført ein epost de har henta frå OEP-registeret. Det får me opplyst gjeld ein epost frå SVV dags. 12.01.16. Dette har me pr.telefon avklara ikkje er rett, den er ført i vår postjournal 12.01.16.

I rapporten er det gjort ei vurdering på kven som er omfatta av offentleglova og ikkje. Fokus er på om det er administrativ tilsette eller ikkje. Dette er spesielt i vårt tilfelle. Sjølv om me har hatt arbeidande styreleiar, er det ikkje snakk om tilsetjing med arbeidsavtale og arbeidstakar-rettigheter. (At me fører opp både styreleiar og dagleg leiar vert meir for å tilfredstillast oppføring i Føretaksregisteret.) Her opplever me at juristane er usamde. Me freista få ei avklaring gjennom vurdering av advokatfirmaet fylkeskommunen brukar, Thommesen Krefting Greve Lund AS. Dei kom fram til at me ikkje var omfatta av lova. Dette vart påklaga til Fylkesmannen av Norges Miljøvernforbund. Der vart vurderinga det motsette. Uansett har me valt å opptre som om me er omfatta av lova, å ført elektronisk postjournal sidan 2004.

Me er svært opptekne av å ha orden i våre dokument, om enn på ein enkel måte. Alternativet er å gå til innkjøp av eit omfattande arkivsystem, som vert meir omfattande å administrera. Det meste av korrespondansen går i dag pr. epost, der brukar me epost-systemet Outlook. For e-ost som gjeld Hardangerbrua har me oppretta 2 mapper, for inn- og utgåande og ei for rekneskapsbilag. Her vert all e-post lagra, uansett kategori.

Frå desse mappene vert alle viktige dokument kopiert over til Mine dokumenter i 2 mapper, under hovudgruppa Hardangerbrua AS som vi kallar Arkiv inn og ut. Brevpost vert scanna og lagt inn i dei same mappene, i tillegg til brevordnarar. Alle dokument vert ført med datering av dokumenta, avsendar, mottakar, kort overskrift kva saka gjeld og journalføringsdato. Det er søkjemoglegheiter på dokumenta.




HARDANGERBRUA  
www.hardangerbrua.no

Desse mappene vert kopierte med print screen og lagt ut på eit excel-ark som viser oversikt over postlista i nummerert rekkefølge. Denne lista gir ingen tilgang til innhaldet i dokumenta, berre overskrifta. Denne lista vert lagt ut på heimesida vår, og det er denne de har fått kopi av. Arkivmappa vert for tung å senda som vedlegg til e-post.

Ordninga er sjølvsagt ikkje optimal, men me reknar med at Hardangerbrua AS snart går inn i eit regionalt bompengeselskap. Difor finn me det ikkje føremålstenleg eller økonomisk forsvarleg å investera i nytt arkivsystem no.

Vil for ordens skuld gjera merksam på at Solfrid Borge vart valt til ny styreleiar i Hardangerbrua AS på generalforsamlinga den 22. juni d.å. Spørsmålet om dagleg leiar funksjonen vert teke opp til drøfting på det konstituerande styremøtet i august.

Med venleg helsing

  
Solfrid Borge  
Styreleiar

  
Einar Lutro  
dagleg leiar



Jondal 7. juli 2016

Til Gunnar Husabø, Deloitte Bergen.

Rapport etter selskapskontroll til verifisering og høyring.

Har motteke e-mail med vedlagt høyringsrapport av selskapskontroll av arkiv og offentliggjeri i selskap fylkeskommunen har eigarskap i, datert 21.juni 2016.

Jondalstunnelen AS hadde generalforsamling 24. juni 2016 med m.a. val av nytt styre for perioden 2016 – 2020. E-mail med vedlegg er vidaresendt til tidlegare og nyvald styreleiar for Jondalstunnelen AS.

Selskapa er inviterte til å gje uttale til faktaopplysningane og/eller vurderingane i rapporten. Min funksjon i selskapet Jondalstunnelen AS er rettast å definera som dagleg leiing, eit engasjement som er stipulert til 250 arbeidstimar i året.

Eg har ingen direkte merknad til faktaopplysningane eller vurderingane i rapporten, men ynskjer seia litt om korleis eit lite selskap som Jondalstunnelen AS har organisert arbeidet i forhold til å krevja inn bompengar og betala ned bompengelånet i tråd med inngått bompengeavtale mellom selskapet, eigarane og Statens vegvesen v/vegdirektoratet.

Etter Jondalstunnelen opna i sept. 2012 er hovudoppgåva til selskapet å krevja inn bompengar og betala ned bompengelånet selskapet har teke opp i samband med bygginga av tunnelen. I samband med dette er det inngått 4 sentrale driftsavtalar:

1. Driftsavtale med B&T Signaal om drift av bomstasjon, innkreving og service/informasjon ut mot publikum/trafikanter.
2. Avtale med Demand Norge om eventuell purring/inkasso.
3. Avtale med Tecsidel Norge om drift og vedlikehald av vegkantutstyr, sjølve bomstasjonen.
4. Avtale med Økonomihuset AS om bokføring, løn og personal, fakturering og/eller purringar, oppbevaring av rekneskapsmateriale, budsjettering og bankbelastning.

I tillegg er det inngått bankavtalar i høve til lån og nedbetaling.

Det vert utarbeidd 4 rapportar i året (kvartalsrapportar) til Statens vegvesen om trafikk og økonomi. Selskapet får månadleg rapport frå B&T Signaal om trafikkutviklinga. Det vert vidare utarbeidd 4 rapportar i året (kvartalsrapportar) om funksjonaliteten til bomstasjonen. Desse rapportane vert fylgde opp med fysiske møte mellom selskapa, Statens vegvesen og Tecsidel som har levert stasjonen og som me har vedlikehaldsavtale med.

Det alt vesentlege av post (fysisk brev eller elektronisk) er driftsrelatert og knytt til desse 4 avtalepartane, bankkontaktane våre og sakshandsaming/innkalling til styre og generalforsamling.

Eit krav om innføring av godkjent post/sak-arkivsystem vil bety for oss innkjøp av godkjend programvare og opplæring, eller at me kan kjøpa tenester som kan fungera og godkjennast.

Jondalstunnelen vil truleg bli lagt inn i regionalt bompengeselskap som er under planlegging. Ut frå dette, er eit alternativ å avventa innføring av nye rutinar til det nye selskapet er på plass, truleg innan 2017. For Jondalstunnelen AS vil ei slik løysing vera fornuftig sett ut frå ei kost/nytte-vurdering og ut frå at det vil vera usikkert om ein vil ha nytte av ei investering no inn i det nye selskapet.

Det at dagleg leiging er stipulert til 250 timar i året er basert på skjøn etter drøfting mellom underskrivne og styret. I desse drøftingane har ikkje lege vurderingar om å unngå lovkrav.

Med helsing

John Skogseth

-Jondalstunnelen AS-

# Vedlegg 2: Endringar etter høyringsuttalar

Etter høyringsuttalane har revisjonen valt å gjere nokre endringar i rapporten. Vi vil kort forklare desse endringane, samt gi nokre merknader til nokre av punkta i uttalen frå fylkeskommunen.

Hardangerbrua AS har påpeikt nokre feil og unøyaktigheiter i framstillinga av journalføring og journalføringsrutinar i selskapet. Dette er no retta opp i den endelege versjonen av rapporten.

Hordaland fylkeskommune stiller spørsmål om det er høve til å forklare meir utfyllande kring metodebruk og kva selskap som har fått den elektroniske spørjeundersøkinga. Dette har vi no freista å gjere i metodedelen (avsnitt 1.3), med ei nærare forklaring av kven vi sende undersøkinga til. Fylkeskommunen etterlyser også ei oppfølging av tre verksemder som ikkje har gjeve tilstrekkeleg med informasjon til revisjonen. Dette var allereie gjort då rapportutkastet vart sendt til fylkeskommunen, gjennom purringar til dei aktuelle selskapa, men revisjonen har ikkje fått noko respons. Då fleirtalet av selskap har svart, og revisjonen slik sett har tilstrekkeleg med datagrunnlag til å trekkje dei overordna konklusjonane i prosjektet, valde vi å avslutte undersøkinga for å få ferdigstilt rapporten i tide.

Fylkeskommunen stiller også spørsmål om det er hensiktsmessig å sende spørjeundersøkinga til alle selskapa før det er avklart om dei har arkivplikt. Dette meiner vi var naudsynt, då spørjeundersøkinga var ein sentral del av analysen nettopp for å få avklart om dei ulike selskapa var arkivpliktige eller ikkje.

Fylkeskommunen skriv vidare at det er ønskjeleg å innleiingsvis i rapporten slå fast om det er same arkiv og journalføringsplikt for selskap som fell inn under offentleglova og arkivlova. Vi har no eksplisitt nemnt dei to lovene i innleiingskapittelet. Vi går ikkje noko nærare inn på drøftinga av verkeområdet for lovene i høve til offentleg eigde selskap i innleiinga, då dette er eit komplisert spørsmål som vert behandla som eitt av hovudtema vidare i rapporten.

I høyringsuttalen skriv fylkeskommunen at rapporten listar opp fem selskap som er pliktige til å føre journal. Dette skuldast nok ei misforståing: Tolv selskap er omfatta av offentleglova sine reglar, fem av dei *har sendt over journal for gjennomgang*, medan sju ikkje har sendt over slik journal. Vi meiner dette no kjem tilstrekkeleg tydeleg fram av rapporten. Vi ser også at vi ved eit mistak har skrive i konklusjonen i rapportutkastet at det er elleve (ikkje tolv selskap) som er omfatta av offentleglova. Dette er no retta opp i den endelege versjonen. Vidare har revisjonen følgt oppmodinga til fylkeskommunen om å justere overskriftsformateringa (vi har gjort endringar under avsnitt 4.4).

Nokre av strekpunkta i uttalen frå fylkeskommunen gjeld innspel om å utvide tilrådingane i rapporten. Vi har valt å late tilrådingane stå slik dei var i rapportutkastet, då revisjonen i samsvar med gjeldande revisjonsstandard (RSK001 pkt. 34) ynskjer å vere varsam med å føreslå detaljerte løysingar. Vi oppfattar det likevel som positivt at fylkeskommunen på eit tidleg tidspunkt arbeider aktivt for å finne konkrete tiltak som kan løfte arbeidet med arkiv og offentlegheit i sine selskap.

# Vedlegg 3: Revisjonskriterium

## Offentleglova

Føremålet med Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) er å leggje til rette for at offentlege verksemdar er opne og gjennomsiktinge. Det er i hovudsak to prinsipp som følgjer av lova:

- Rett til innsyn
- Plikt til å føre journal

I offentliglova § 2 går lova sitt verkeområde fram:

Lova gjeld for:

- a. staten, fylkeskommunane og kommunane,
- b. andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,
- c. sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- d. sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

## Verkeområdet til offentliglova

### Offentleg eigarskap

Offentleglova gjeld for sjølvstendige rettssubjekt der fylkeskommunen har ein kontrollerande eigardel. I følgje offentliglova § 2 fyste ledd bokstav d<sup>19</sup> er selskap og andre rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller komme på anna grunnlag enn eigarskap har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmane med røysterett i det øvste organet, omfatta av lova. Lova gjeld også sjølv om det offentlege ikkje brukar retten sin.

Det går fram av rettleiar til offentliglova<sup>20</sup> at i dei tilfella fleire kommunar eller fylkeskommunar, eller både staten og ein eller fleire kommunar, har eigardel i eit selskap, er det den totale eigardelen som er avgjerande. Det er altså den totale offentlege eigardelen som skal leggst til grunn for om den offentlege eigardelen gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet, og om selskapet er omfatta av offentliglova. Vidare skal det takast omsyn til både direkte og indirekte eigarskap ved vurderinga av om selskapet er omfatta av offentliglova basert på kommunalt, fylkeskommunalt eller statleg eigarskap. Dette inneber at det ikkje berre skal takast omsyn til eigardelar som er direkte offentlig eigd, men også eigardelar som er indirekte kontrollert av stat, fylkeskommune eller kommune.

### Konkurransesituasjonen

Sjølv om fylkeskommunen har ein kontrollerande eigardel, gjeld ikkje offentliglova så lenge rettssubjektet ikkje i hovudsak driv næring «i direkte konkurranse med og på same vilkår som private» (§ 2). I «rettleiar til offentliglova» går det fram at ein ikkje kan gi eit eksakt svar på kor stor del av verksemda som må vere konkurranseutsett for at vilkåret for å falle utanfor lova skal vere oppfylt, men at «det er klart at det krevst at meir enn halvparten av verksemda skal vere utsett for konkurranse». Det blir peikt på at det bør «skje ei heilskapsvurdering der det

<sup>19</sup> *Rettleiar til offentliglova*. Justis- og politidepartementet.

<sup>20</sup> *Rettleiar til offentliglova*. Justis- og politidepartementet.

mellom anna blir teke omsyn til kor stor del av den samla omsetnaden, fortjenesta, talet på tilsette, verdien av driftsmidla og marknadsverdien som knyter seg til dei delane av verksemda som er utsette for konkurranse» for å vurdere kor stor del av verksemda som er konkurranseutsett. Dette gjer det mogleg å dokumentere at vilkåret for å falla utanfor lova er oppfylt.

Det er poengtert i rettleiaren at det bør skje ei heilskapsvurdering der «det mellom anna blir teke omsyn til kor stor del av den samla omsetnaden, fortjenesta, talet på tilsette, verdien av driftsmidla og marknadsverdien som knyter seg til dei delane av verksemda som er utsette for konkurranse». Det går ikkje klart fram av lova korleis ein skal vurdere om ein del av verksemda hovudsakleg er utsett for konkurranse. I rettleiaren er det mellom anna peikt på at ein viser til konkurranse innanfor «hovudmarknaden» til verksemda, og at produkt eller tenester må bli tilbydde på nokolunde same måte.

Vidare er det presisert i rettleiaren:

Sjølv om ei verksemd er utsett for direkte konkurranse, vil ikkje dette føre til at lova ikkje gjeld for verksemda dersom ho ikkje driv på same vilkår som konkurrentane. Dette inneber at lova vil gjelde for rettssubjekt som er utsette for konkurranse, dersom rettssubjekta har føremøner framfor sine private konkurrentar, til dømes i form av subsidiar eller liknande tilhøve.

Det er vidare understreka at ein med private konkurrentar meiner konkurrentar som er unnatekne frå offentleglova, då grunngevinga for regelen er omsynet til at verksemda skal drive på same vilkår som konkurrentane.

Ei slik vurdering av om verksemda hovudsakleg driv næring i konkurranse med private må i følgje rettleiaren skje for verksemda under eitt. Anten vil heile verksemda falle utanom lova, eller så vil heile verksemda vere omfatta av lova, også konkurranseutsette delar av ho.

#### Administrative ressursar

Unntaket i offentlegforskrifta § 1, andre ledd bokstav a) spesifiserer at lova ikkje gjeld for «*sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling*». I forarbeida til forskrifta, Kongelig resolusjon av 17. oktober 2008, er følgjande uttalt knytt til dette pliktsubjektunntaket (side 63-64):

Etter andre ledd bokstav a gjeld ikkje lova for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling. Bakgrunnen for denne regelen er at det ikkje vil vere praktisk mogleg for rettssubjekt utan fast tilsette å praktisere lova frå dag til dag. Føresegna må praktiseras med dette for auge. Rettssubjekt som berre har eit styre eller liknande organ, men ingen fast tilsette, ville falle utanom lova etter denne føresegna. For selskap som heller ikkje har eit styre, t.d. eit ansvarleg selskap med berre deltakarar, gjeld tilsvarande. Dette vil også gjelde der meir daglege gjeremål blir utført av sjølvstendige oppdragstakarar, t.d. ein advokat, som ikkje er tilsett hos rettssubjektet. Også sjølvstendige rettssubjekt som berre har fast tilsette i periodar av året vil falle utanom. Har rettssubjektet berre ein deltidstilsett vil det måtte vurderast konkret, ut frå storleika på stillingsdelen og kor ofte vedkommande arbeider, om selskapet er omfatta av lova. I kravet om at det må dreie seg om fast tilsette i administrativ stilling ligg det at eit selskap med ein eller fleire fast tilsette, men der ingen av disse har administrative stillingar, til dømes eit selskap som berre har ein fast tilsett gartner eller vaktmeister, ikkje vil vere omfatta av lova. Bakgrunnen for dette er at ei praktisk etterleving av offentleglova krev administrativt personale som kan følgje ho opp i det daglege..

Andre forarbeid til offentleglova har til dels same formulering, eller meir kortfatta formuleringar om at selskap utan tilsette ikkje er omfatta av lova.

I Rettleiar til offentleglova går følgjande fram:

Etter offentlegforskrifta § 1 andre ledd bokstav a gjeld offentleglova heller ikkje for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling. Årsaka til dette er at slike rettssubjekt ikkje vil kunne handtere innsynskrav og journalføring. (s. 21)

Ut frå ovannemnte kan ein utleie at sjølvstendige rettssubjekt som elles oppfyller vilkåra for å vere pliktsubjekt etter offentleglova, er unntatt når subjektet ikkje har *eigen tilsett administrasjon* slik at det er praktisk umogeleg for subjektet å etterleve reglane i lova.

Ordlyden i forskrifta - «utan fast tilsette» - og formuleringane i dei andre rettskjeldene tyder også på at subjektet fell utanfor pliktsubjektgruppa sjølv om det har administrative ressursar tilgjengelig, når desse ressursane er i form av innkjøpte tenester. Oppsummert vil derfor eit sjølvstendig rettssubjekt som elles oppfyller vilkåra for å vere pliktsubjekt kunne «organisere seg ut» av pliktsubjektgruppa ved å «outsourc» den administrative delen av føretaket verksemda.

Det må likevel kunne karakteriserast som uavklart kor langt unntaket for verksemdar utan fast tilsette administrative ressursar eigentleg rekk, og om det er faktisk avgjerande om administrasjonen er fast tilsett.

Vi viser i denne samanhengen til brev av 4. september 2015 frå Fylkesmannen i Oppland, der det konkret blir vurdert om Østre Toten Eiendomsselskap AS er pliktsubjekt. I brevet uttalar Fylkesmannen

Av sakens dokument fremkommer at selskapet har en daglig leder i 30% stilling med fleksibel arbeidsordning. Det er ikke avgjørende om vedkommende er ansatt i selskapet i arbeidsrettslig forstand eller om tjenesten utføres på oppdrag. [..].

Etter vårt syn er det gode rettslege argument for å legge til grunn den rettsforståinga Fylkesmannen i Oppland gjer, sjølv om dette kan framstå som i strid med ordlyden i forskrifta, forarbeid og rettskjelder.

Føremålet med offentleglova (§ 1) og Grunnlova § 100 femte ledd, der prinsippet om offentlegheit er nedfelt, legg vekt på å sikre ei open og gjennomsiiktig forvaltning. I Ot.prp.nr. 102 (2004-2005) som er del av forarbeida til offentleglova, fastslår fagdepartementet at organiseringa av (den offentlege) verksemda ikkje skal kunne verke inn på offentlegheit/innsynsrett:

Departementet tek utgangspunkt i at interessa til ålmenta i innsyn i offentleg verksemd gjer seg like sterkt gjeldande uavhengig av i kva organisasjonsform verksemda blir driven. Det bør dermed ikkje i seg sjølv ha noko å seie for innsynsretten om verksemda blir driven av eit organ som er ein organisatorisk del av forvaltninga eller av eit sjølvstendig rettssubjekt. (pkt 4.4.2)

Det kan derfor sjå ut til at det er ei form for motstrid mellom ordlyd/formål i lova og ordlyd i forskrift. Det er et generelt lovtolkningsprinsipp at ved motstrid mellom lov og forskrift skal lova har forrang. Dette talar for at regelen i forskrifta kan ha ein meir avgrensa verknad enn det ordlyden og forarbeida tilseier.

Oppsummert kan det framstå som om det er mogleg å organisere verksemda slik at ein unngår å bli pliktsubjekt under offentleglova ved å ikkje tilsette ressursar i administrative stillingar, men i staden får slike oppgåver utført av oppdragsgivarar. I den grad dette skjer, vil det etter forholda kunne framstå som ei illojal tilpassing til regelverket, og etter vårt syn i strid med formålet med regelverket. Vi ser likevel ikkje at regelverket gir rettsleg grunnlag for å «slå ned på» slike tilpassingar.

### Plikter etter offentleglova

Offentleglova set krav om journalføring av inngåande og utgåande dokument som skal reknast som saksdokument. Arkivforskrifta § 2-7 inneheld nærare reglar for kva dokument som skal journalførast, og korleis journalen skal førast. I arkivforskrifta § 2-9 går det fram at ved elektronisk journalføring skal organet nytte arkivsystem som følgjer krava i «Noark-standardarden».

Av § 3 i offentleglova går det fram at «Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.» Offentlege verksemdar som er omfatta av lova har plikt til å føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter jf. § 10.

Plikta til å føre journal kjem av behovet for å legge til rette for ålmenta sitt innsyn i dokument og for å kunne forsikre seg om at all arkivverdig korrespondanse blir registrert. Av forskrift om offentlege arkiv § 2-6 går det fram at alle inngåande og utgåande dokument som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for organet skal bli registrert i journalen. Av § 2-7 i same forskrift går det fram kva opplysningar som skal vere registrert i journalen:

- a) journalføringsdato,
- b) saks- og dokumentnummer (journalnummer i papirbaserte journalar),
- c) sendar og/eller mottakar,
- d) opplysningar om sak, innhald eller emne,
- e) dateringa på dokumentet.

Av arkivforskrifta § 2-7 tredje ledd går det fram det at dersom det ikkje er mogleg å registrere eit dokument utan å røpe opplysningar som er underlagt lovheimla teieplikt, eller som ålmenta elles ikkje kan krevje, kan det nyttast nøytrale kjenneteikn, skjerming eller overstryking på den kopien eller utskrifta av journalen som ålmenta kan krevje innsyn i.

### Arkivlova

I arkivlova § 6 går det fram at «Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.» Offentlege organ er her definert som «statleg, fylkeskommunal eller kommunal institusjon eller eining.»

### Verkeområdet for lova

Arkivlova gjeld for «offentlege arkiv», som i lova sin § 2 bokstav e er definert som «statleg eller kommunalt arkiv». I § 5 går det fram at føresegnene knytt til dei offentlege arkiva gjeld «for alle offentlege organ med unntak for Stortinget, Riksrevisjonen, Stortingets ombodsmann for forvaltninga og andre organ for Stortinget.»

I § 2 bokstav g går det fram at eit offentleg organ er «statleg, fylkeskommunal eller kommunal institusjon eller eining.»

I proposisjonen til arkivlova<sup>21</sup> går det fram:

Etter dei definisjonane som er lagde til grunn i lovutkastet her har offentlege forvaltningsorgan, institusjonar og forvaltningsbedrifter offentlege arkiv. Arkivet i føretak organiserte etter lova om statsføretak, eller reine næringsverksemdar organiserte som aksjeselskap eller lutlag vert etter lovutkastet her derimot å definera som privat, jamvel om offentlege instansar eig alle aksjane eller lutane.

Omgrepet offentleg organ lyt i all hovudsak forståast på tilsvarande måte som omgrepet forvaltningsorgan er definert i forvaltningslova § 1 og om lova om offentleg

<sup>21</sup> Ot.prp. nr. 77 (1991-92), s. 12.

innsyn § 1, dvs. «et hvert organ for stat eller kommune». I arkivlova er det likevel gjort andre avgrensingar av verkeområdet enn i dei nemnde lovene.

Kommunale og fylkeskommunale selskap er definert som «en del av kommunen eller fylkeskommunen» (jf. kommunelova § 61), og er derfor å rekne som eit offentleg organ etter arkivlova. Interkommunale selskap, som er regulerte etter lov om interkommunale selskap, vert ikkje rekna som offentlege organ etter arkivlova. I «arkivhåndboken» går følgjande fram:

Den organisatoriske modellen for [interkommunale] selskaper gjør at de ikke passer inn i arkivlovens definisjon av offentlige organer. De har langt meir til felles med selskaper av den typen som etter arkivloven er private arkivskapere. Ut frå analogi er det derfor grunn til å betrakte interkommunale selskaper som private arkivskapere.<sup>22</sup>

Denne forståinga kjem også fram i brev frå Kulturdepartementet til Riksarkivaren<sup>23</sup>, der det vert påpeikt at hensikta med lova om interkommunale selskap er at ein skal ha ei organisasjonsform som «passer for virksomheter med større eller mindre preg av næringsvirksomhet»<sup>24</sup>, og at organiseringa av IKS liknar organiseringa av statsføretak. Dette talar for at det er nærliggande å behandle IKS på same måte som statsføretak.

Spørsmålet om arkivplikt for kommunalt eigde aksjeselskap er så langt revisjonen kjenner ikkje drøfta i like stor utstrekning som arkivplikt for interkommunale selskap.

Ein må ta atterhald om at regelverket og retningslinjene er langt frå tydelege på dette området. Etter proposisjonen er det «reine næringsverksemder organiserte som aksjeselskap», som ikkje er omfatta av lova. I «Arkivhåndboken for offentlig forvaltning» blir det skildra som døme at kommunale energiverk som tidlegare var forvaltningsbedrifter, før var å rekne som offentlege arkivskaparar, medan dei same verksemdene etter omdanninga er private arkivskaparar jamvel om kommunen eig alle aksjane. På arkivverket sin nettstad går det fram:

Kommunale aksjeselskap som ikkje blir omfatta av offentleglova, vil heller ikkje vere omfatta av arkivlova sine føresegner om offentleg arkiv. Etter arkivlova er dette private organ og ein kan handtere arkiva sine i tråd med dei føringane som er gitt i stiftelsesdokumentet eller på annan måte. Reglane for offentlege arkiv er likevel ei oppskrift på god arkivskikk, og dei kommunale aksjeselskapa blir oppfordra til å følgje desse reglane når det er praktisk mogeleg.

Det går ikkje eintydig fram av nokon kjelder om det finst aksjeselskap som ikkje er næringsverksemder og som er omfatta av lova. Til dømes er det ikkje drøfta kva for – om nokon – selskap som er omfatta av offentleglova og samstundes er omfatta av arkivlova.

Sett i lys av at interkommunale selskap (av fagdepartementet og Arkivverket) vert rekna som unnateke reglane i arkivlova som følgje av organiseringa, verkar det naturleg at organiseringa i aksjeselskap i seg sjølv kan vere tilstrekkeleg til at selskapa er unnateke arkivplikt.<sup>25</sup> I dette lyset kan ein vidare tolke formuleringa i Ot.prp nr. 77 til at eit aksjeselskap implisitt er å rekne som ei «næringsverksemd».

Det er likevel også forhold som talar i motsett retning, altså for at det finst aksjeselskap som er omfatta av lova. Mellom anna at Ot. prp. nr. 77, i tillegg til formuleringa om næringsverksemder, også knyter omgrepet «offentleg organ» til forvaltningslova sine omgrep «forvaltningsorgan» og «organ for stat og kommune». Grensene for kva som skal reknast som forvaltningsorgan er ikkje nødvendigvis knytt til organisasjonsforma åleine. Det kan argumenterast for at aksjeselskap som skal ivareta sentrale forvaltningsoppgåver, og som

<sup>22</sup> «Arkivhåndboken for offentlig forvaltning» s. 67.

<sup>23</sup> Datert 18.6.2012

<sup>24</sup> Ot.prp. nr. 53 (1997-1998)

<sup>25</sup> I omtale av regelverket skriv t.d. Oddby «[d]et er en stor prinsipiell utfordring at kommunale aksjeselskap og interkommunale selskap ikke har arkivplikt», sjå «Revisjon av arkivforskriften,» i *Arkehion*. Publisert på Internett 1.12.2015.

ikkje er i konkurranse med private bedrifter, kan reknast som offentlege organ, særleg i dei tilfella selskapet har fått ansvar for kjerneoppgåver som ligg til fylkeskommunen.<sup>26</sup>

Det kan også argumenterast for at skillet mellom interkommunale selskap og forvaltning er så utydeleg at også fleire interkommunale selskap er forvaltningsorgan. Sjå t.d. Ot.prp nr. 53:

Interkommunale selskaper som driver regulær næringsvirksomhet må antas å falle utenfor offentlighetsloven. Dersom kommunen overlater tradisjonell forvaltningsvirksomhet til et interkommunalt selskap, vil det derimot være omfattet av offentlighetslovens regler. Mellom disse to ytterpunktene vil det være tilfeller der virksomheten dels består i forvaltningsvirksomhet og dels i næringsvirksomhet. Det kan også være tale om virksomhet som ikke kan rubiseres under noen av disse kategoriene i sin «rene» form.

Desse vurderingane er knytt til forvaltningslova og den tidlegare offentlighetsloven. Revisjonen vil likevel ikkje sjå vekk ifrå at dei er relevante også for vurderinga av verkeområdet til arkivlova. Då det offentlege ordskiftet kring arkivplikt, samt dei tilrådingar departement og Arkivverk kjem med, ikkje har synt til verken faktiske eller «teoretiske» døme av aksjeselskap som er omfatta av lova, reknar revisjonen med at aksjeselskap som hovudregel kan reknast å vere unntatt arkivplikt.

### Forholdet mellom offentleglov og arkivlova

Det er fleire tema som vert omtala i både offentleglova og arkivlova, der offentleglova viser til føresegnar i arkivlova.<sup>27</sup> I offentleglova § 10 er det fastsett at alle verksemder som er omfatta av lova skal føre journal etter føresegnene i arkivlova med forskrifter.

I Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) går det fram følgjande:

*Første ledd* slår fast at organ som er omfatta av offentleglova, skal føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter, jf. lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv og forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv. Rett nok følgjer plikta til å føre journal direkte av arkivforskrifta, og i utgangspunktet har dermed regelen i offentleglova berre ein pedagogisk funksjon. Etter gjeldande rett er det likevel usikkert om arkivforskrifta har eit verkeområde som er like vidt som offentleglova. Dessutan får offentleglova etter forslaget i denne proposisjonen eit enda vidare verkeområde enn i dag. Ein eigen regel i offentleglova sikrar dermed at journalføringsreglane også vil gjelde for verksemder som ikkje kjem inn under arkivforskrifta. Andre reglar i arkivlova med forskrifter vil sjølvstendig ikkje gjelde i slike tilfelle.

### Plikter etter arkivlova

Om ein er arkivpliktig etter arkivlova, inneber det at ein må følgje reglane i arkivforskrifta, som er heimla i arkivlova § 12. Forskrifta gjev meir detaljerte rutinar for handteringa av arkivfunksjonen i offentlig forvaltning. Arkivforskrifta legg, under tilvising av kommuneloven § 23, det overordna ansvaret for arkivområdet til administrasjonssjefen.

Sentrale reglar i arkivforskrifta omfattar krav til arkivplan, elektronisk arkivering, og reglane for bevaring, kassasjon og arkivavgrensing.

Etter arkivforskrifta § 2-2 har organet plikt til å føre ein arkivplan som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva slags instruksar, reglar, planar med vidare som gjeld for arkivarbeidet.

Saksdokument kan lagrast elektronisk, under føresetnad av «at det blir nytta fullgode system, rutinar, dokumentlagringsformat og lagringsmedium som er godkjende av

<sup>26</sup> Sjå t.d. Bernt sine kommentarar til forvaltningslova sin § 1 (spes. notane 10 og 11).

<sup>27</sup> Då offentleglova er den nyare av desse lovene, og har eit utvida verkeområde samanlikna med den tidlegare offentlighetsloven av 1970, er det offentleglova som er «tilpassa» reglane i arkivlova. Samstundes vart mellom anna arkivforskrifta sin § 2-6 endra ved innføringa av offentleglov/-forskrift for å tilpassast desse.

Riksarkivaren gjennom generelle føresegner eller enkeltvedtak.» (arkivforskrifta § 2-13).

«Arkivavgrensing» omfattar det å fjerne dokument som ikkje skal i arkivet i samband posthandsaming eller arkivlegging. Det materialet som ikkje vert avgrensa vert arkivert. Når arkivmaterialet er registrert og arkivert, kan det berre avhendast eller kasserast dersom Riksarkivaren har godkjent dette eller det er løyve til kassasjon i forskrift.<sup>1</sup> For enkelte typar materiale er det påbod om oppbevaring.

# Vedlegg 4: Sentrale dokument og litteratur

## Lover og forskrifter

- Lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova)
- Forskrift 17. oktober 2008 til offentleglova (offentlegforskrifta)
- Lov 17. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker
- Lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv
- Lov 25. september 1992 nr. 19 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)
- Forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv
- Forskrift 1. desember 1999 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver

## Dokumenter frå Hordaland fylkeskommune

- Prosedyre for eigarskapsforvaltninga
- Eigarskapsmelding 2013 (vedtaka mars 2013)
- AS-register, oversikt over alle selskap HFK har eigarskap i
- 14 brev sendt til selskapa som omfattast av offentleglova i 2009 i samband med ny offentleglov
- Forslag til ny prosedyre for eigarskapsforvaltninga som skal bli ein del av eigarskapsmelding 2016
- Vedtak frå fylkestinget i mars 2015 med retningslinjer for delar av eigarskapsforvaltninga (saksframlegg og protokoll)

## Andre dokument og litteratur

- Arkivhåndboken for offentlig forvaltning. Fønnes, I. 2010. 2. utgave. Oslo: Kommuneforlaget.
- Offentleglova med kommentarer. Bernt og Hove, Bergen 2009
- RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon, 2011
- Rettleiar til offentleglova. Lovavdelinga. Justis- og politidepartementet, 2009.

## Nettstader

- <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/>
- <https://oep.no/>

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Arkivnr: 2015/11149-6

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	87/16	08.09.2016

### Møteplan for kontrollutvalet for 2017

#### Bakgrunn for saka:

Det blir med dette lagt fram forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Planen er utarbeid med utgangspunkt i møteplanen for dei andre utvala som vart godkjend i fylkesutvalet 23.06.16. Vidare har vi i så stor grad som mogleg koordinert planen slik at den ikkje kjem i konflikt med andre oppgåver einskildsmedlemmer i kontrollutvalet har, t.d. arbeidssituasjon og annan politisk aktivitet i eigen heimkommune. Sidan kontrollutvalet berre har 5 medlemmer er det føremålstenleg at møteplanen i så stor grad som mogleg vert tilpassa slik at alle dei faste medlemmene har høve til møte.

#### Drøfting:

Møta i denne planen er føreslått lagt til måndagar. I tillegg er møta lagt til andre dagar enn dei dagane dei andre hovudutvala har møter. Dette m.a. for å unngå problem med å skaffe møterom. Det er så langt som råd er teke omsyn til skuleruta 2016-2017 og 2017-2018 for skulane i Hordaland. Det er tradisjon for at kontrollutvalet ein gong i året legg eit to-dagars møte ein plass ute i fylket. Dette vert kombinert med kommunebesøk samt synfaring på fylkeskommunale einingar eller einingar som får støtte frå fylkeskommunen. Følgjande opplysningar kan elles vera relevant i samband med oppsett av møteplanen:

- Avvikling av andre politiske møte i Hordaland fylkeskommune. Dette av omsyn til at administrasjonen ofte vert invitert til møte i kontrollutvalet, samt at nokre saker må bli klar i kontrollutvalet før dei skal opp i fylkesutval eller fylkesting
- Avvikling av politiske møte i eigen heimkommune
- Kurs og konferansar for kontrollutval og sekretariat
- Vinterferie veke 8 i Hardanger/Voss/Tysnes (20. – 24.02.17)
- Vinterferie for skulane i Bergen, Sunnhordland, Sotra, Fusa, Austevoll, Os i veke 9 (27. – 28.02.17)
- Påske 10. april – 17. april
- Kr. himmelfartsdag 25. mai
- Pinse 4. – 5. juni
- Festspela 24. mai – 7. juni
- Haustferie truleg veke 41 (9. – 15.10.17)

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over er det utarbeidd forslag til møteplan som ligg ved.

**Forslag til vedtak**

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2017 vert godkjend slik den ligg føre.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2017

**FORSLAG TIL MØTEPLAN 2017 FOR KONTROLLUTVALET**

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Kontrollutvalet (måndag)		13.	27.		8.	15.***		28.-29.	25.	30.	29.**	18.
Fylkestinget (tysdag/onsdag)			7.-8.			13.-14.				3.-4.		12.-13.
Fylkesutvalet (torsdag)	26.	22.-23.	30.		3.-4., 23.*	22.		24.	20.-21.	26.	22.-23.	7.

\* Møte tysdag av omsyn til festspelopning 24.5. og Kr. Himmelfartsdag 25.5.

\*\* Onsdag

\*\*\* Torsdag



Arkivnr: 2015/11179-22

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	88/16	08.09.2016
Fylkestinget		

## Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

### Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2016 – 2020
- å gjennomføra ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar av fylkeskommunen si verksemd som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av fylkestinget som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 09.11.2015:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 30.11.2015.

3. *Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.*
4. *Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for fylkestinget i oktober eller desember 2016.*

#### **Prosess.**

Deloitte har i sitt analysearbeid m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, spørjeundersøking for administrative leiarar, intervju med administrative og politiske leiarar og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av analyse som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 04.04.16 vart det sett fokus på «risikovurdering» og «vesentlighetsvurderingar», og i møtet 21.06.16 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 21.06.16. Utkast til overordna analyse er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Hordaland fylkeskommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter forrige møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet vert send dei faste medlemmene i posten.

Det føreligg også utkast til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved saka. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og føreslåtte prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

#### Drøfting:

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast innan året etter fylkestingsvalet. Neste fylkestingsval er i 2019, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2020, med nasjonal frist ved utgangen av 2020.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på vesentlighet og risiko. I omgrepet «risiko- og vesentlighetsvurderingar» ligg at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av fylkeskommunen si verksemd det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med analyse og plan har ein vore inno 50 område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort framlegg om å sette opp ei prioritert gruppe for 13 av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett i ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

Den førre planen for forvaltningsrevisjon i Hordaland fylkeskommune blei utarbeidd i 2012, og skulle gjelda for perioden 2012 - 2016. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik forskrift om kontrollutval opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare vart det gjennomført ei evaluering av planen i 2014, som resulterte i ein revidert plan som skulle gjelde for resten av perioden.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til fylkestinget for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til fylkestinget. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av fylkestinget sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til «forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner», §20, 2. lekk:

*«Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt».*

**Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitara kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen fremjast for fylkestinget.

**Forslag til innstilling**

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar revidert plan forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Vedlegg

- 1 50220471(2)\_Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020

## Hordaland fylkeskommune Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



August 2016



# Innhold

---

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
<b>2</b>	<b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020</b>	<b>7</b>
2.1	Gruppe 1 – prioriterte prosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte prosjekt	8
<b>3</b>	<b>Gjennomføring av forvaltningsrevisjon</b>	<b>10</b>
3.1	Framgangsmåte	10
3.2	Gjennomføring og rapportering	10



# 1 Innleiing

## 1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen.<sup>1</sup> Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

**Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:**

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

## 1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt fylkeskommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.<sup>2</sup>

<sup>1</sup> Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

### 1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som fylkeskommunen har satt for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av fylkeskommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.<sup>3</sup>

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til administrative leiarar i fylkeskommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i fylkeskommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



<sup>3</sup> For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosjyrer.html?id=2129](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129))

## 2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 2.1 Gruppe 1 – prioriterte prosjekt

Prosjekt	Tema
1 Investeringsplanlegging	<ul style="list-style-type: none"><li>• Planlegging, vurdering og oppfølging av investeringar.</li></ul>
2 Arkivering og journalføring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arkivering av elektronisk dokumentasjon.</li></ul>
3 Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar.</li></ul>
4 Vedtaksoppfølging	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar for å følge opp politiske vedtak.</li></ul>
5 Internkontroll	<ul style="list-style-type: none"><li>• Melding og oppfølging av avvik på tvers av einingane</li><li>• Gjennomgang av etterleving av kvalitetssystem og krav til internkontroll i enkeltvise einingar.</li></ul>
6 Identifikasjon og oppfølging av elevar i faresonen for fråfall	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Etterleving på utvalde skular</li></ul>
7 Psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"><li>• Førebygging</li><li>• Kartlegging</li><li>• Utforming av enkeltvedtak</li><li>• Oppfølging</li></ul>
8 Beredskap på vegnettet	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Øvingar</li><li>• Samhandling</li></ul>

9	Vurdering av læringsutbytte	<ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar</li> <li>• Involvering av elevane</li> <li>• Etterleving på utvalde skular</li> </ul>
10	Særskilt språkopplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterleving av krav i regelverket</li> <li>• System og rutinar</li> <li>• Kartleggings- og vurderingspraksis</li> <li>• Sakshandsaming</li> </ul>
11	Kulturminneforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar</li> </ul>
12	System og rutinar for bierverv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar for bierverv</li> <li>• Etterleving av system og rutinar for bierverv.</li> </ul>
13	Tilskotsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Andre tilskotsordningar enn dei statlege som er revidert</li> <li>• System og rutinar</li> <li>• Etterleving av regelverk</li> </ul>

## 2.2 Gruppe 2 – uprioriterte prosjekt

Prosjekt	
1	Etterleving av delegererte fullmakter
2	Innkjøp
3	Informasjonstryggleik
4	Eigedomsforvaltning
5	Bruk av fylkeskommunale ressursar til andre føremål enn det som er vedtatt
6	Forsvarleg system
7	Økonomistyring og budsjettoppfølging på skulane
8	Innkjøp ved skulane
9	Oppfølging av elevar med rett til spesialundervisning
10	Utarbeiding av enkeltvedtak i vidaregåande skular
11	Oppfølgingstenesta (OT)
12	Opplæring i institusjon
13	Formidling av kunst og kulturtilbod til skulen
14	Innkjøp i tannhelsetenesta
15	Tryggleik og beredskap
16	Verksemdstyring
17	Budsjettering og budsjettoppfølging
18	Internkontroll
19	Registrering av KOSTRA-data
20	Kontraktsoppfølging
21	Informasjonsteknologi
22	Timetal for elevar
23	Beredskap på skulane

24	HMS på yrkesfagskular
25	Fagopplæring
26	Vedlikehald og fysisk arbeidsmiljø
27	Ruteplanlegging
28	Sikring av billettinntekter
29	Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)
30	Bybanen Utbygging
31	Samhandling mellom aktørane knytt til utbygging av kollektivnettet
32	Regional planlegging
33	Næringsretta arbeid
34	Forvaltning av tilskotmidlar for opprusting av Bryggen
35	Gjennomføring av regional kulturplan
36	Tannhelsetilbodet
37	Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest Hordaland

Dersom fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

# 3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

## 3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einstilte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium<sup>4</sup> ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einstilte prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

## 3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til fylkesrådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til fylkesrådmannen før den leggst fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt fylkestinget saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at fylkestinget sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

---

<sup>4</sup> Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Arkivnr: 2015/11179-25

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	89/16	08.09.2016

### Bestilling av forvaltningsrevisjon

#### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde m.a. slikt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i møte 13.06.12:**

«Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.»

#### **På bakgrunn av vedtaket over gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak i møte 17.2.2014:**

«Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.»

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. På bakgrunn av dette leverte Deloitte forslag til evaluert plan for forvaltningsrevisjon og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 6.5.2014:

«Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.»

Av den godkjende planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 13 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. **Rusførebyggande arbeid**
2. **Drift og vedlikehald av fylkesveggar**
3. **Regionale utviklingsmidlar (RUP)**

4. **Skuleskyssordninga**
5. KOSTRA-rapportering
6. Tryggleik og beredskap
7. Vurderingsarbeidet i vidaregåande skular
8. Oppfølging av minoritetsspråklege elevar
9. Inntektskontroll knytt til Skyss og billetteringssystem
10. Arbeid med regionale planar
11. Offentlege innkjøp
12. Forvaltninga av kunst og verdifulle gjenstandar som er i fylkeskommunal eige
13. Arkivering, journalføring og offentlighet

#### Drøfting:

Det er pr. i dag 4 forvaltningsrevisjonsprosjekt som er bestilt med bakgrunn av evaluert plan for forvaltningsrevisjon: «Rusførebyggjande arbeid», «Drift og vedlikehald av fylkesvegar», «Regionale utviklingsmidlar» og «Skuleskyssordninga». I tillegg har kontrollutvalet bestilt forvaltningsrevisjon av NDLA 1 og vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania som begge låg utanfor planen. For alle desse prosjekta er revisjonsrapport levert og ferdig handsama i fylkestinget. I tillegg til dette har kontrollutvalet bestilt desse forvaltningsrevisjonane: «NDLA 2» og «Innkjøp i vidaregåande skular» som begge er utanfor vedteken plan. «NDLA 2» skal etter planen leverast hausten 2016 og «Innkjøp i vidaregåande skular» skal handsamast i neste møtet i kontrollutvalet.

På bakgrunn av dette er det no tid for at kontrollutvalet bør vurderer kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Ut frå gjeldande plan ville det under normale omstende vore det mest naturleg å gå for eit av dei neste prosjekta som ligg i prioriteringa, altså prosjekt 5 «KOSTRA-rapportering», prosjekt 6 «Tryggleik og beredskap» og prosjekt 7 Vurderingsarbeidet vidaregåande skular.

Som kjent skal også forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 handsamast i dette møtet. Av forslag til ny plan går det fram at ingen av dei tre neste prosjekta i gjeldande plan er sett opp på prioritert liste i den nye planen. Av dei prosjekta som ligg i gjeldande plan er det berre prosjekt 13 Arkivering, journalføring og offentlegheit som også ligg inne i forslag til ny plan som prosjekt nr 2. Det må bety at risikoen har endra seg monaleg sidan førrige plan vart vedteken. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar dette med i si vurdering når det neste prosjektet skal bestillast. Dersom kontrollutvalet vel å gå for prosjekt 2 i forslag til ny plan bør vedtaket gjerast med atterhald om at planen vert vedteken av fylkestinget slik den ligg føre.

Til no har det vore tradisjon at kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonsprosjekt samstundes. Sidan plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 skal leggjast fram for fylkestinget til godkjenning i oktober tilrår sekretariatet at det denne gongen vert bestilt berre eit prosjekt og at det i tillegg vert lagt opp til å gjera ei bestilling på eit nytt prosjekt i tråd ny godkjende plan i møte i kontrollutvalet 20.10.16.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksler på omtale av dei aktuelle prosjekta, slik det kjem fram i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon punkt 1.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
5.	<b>KOSTRA-rapportering</b>	I kva grad rapporterer fylkeskommunen korrekte tal til KOSTRA?

6.	<b>Tryggleik og beredskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I kva grad er det etablert system og rutinar for beredskapsarbeid</li> <li>• I kva grad blir system og rutinar etterlevd?</li> <li>• Korleis fungerer beredskapsarbeidet ved dei vidaregåande skulane?</li> </ul>
7.	<b>Vurderingsarbeidet i vidaregåande skular</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I kva grad har fylkeskommunen etablert gode rutinar for vurderingsarbeid?</li> <li>• I kva grad ivaretek fylkeskommunen elevane sin rett til eigenvurdering?</li> </ul>
13	<b>Arkivering, journalføring og offentlegheit</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I kva grad har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar at dokument blir arkivert, journalført i samsvar med regelverket?</li> </ul>

Vidare kan utvalet dra veksling på omtale av prosjekt nr. 2 Arkivering og journalføring, slik det kjem fram i forslag til ny plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
2.	<b>Arkivering og journalføring</b>	Arkivering av elektronisk dokumentasjon.

#### Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Som kjent skal Deloitte halde kurs for kontrollutvalet i dette møtet innan bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjonar. Sekretariatet ser for seg at det kan vera ei fin førebuing til idédugnad i utvalet i høve det prosjektet som skal bestillast.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan .....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 6.10.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11183-19

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	90/16	08.09.2016
Fylkestinget		

## Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

### Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyder slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2016 – 2020
- å gjennomføra ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar av fylkeskommunen sine eigarskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av fylkestinget, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringer i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 09.11.2015:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.*
2. *Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 30.11.2015.*

3. *Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.*
4. *Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for fylkestinget i oktober eller desember 2016.*

### **Prosess**

Prosessarbeidet med plan for selskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Det har vore gjennomført dokumentanalyse, elektronisk spørjeundersøking for leiarar i fylkeskommunen og intervju og møter med eit utval administrative leiarar og politiske leiarar, for å kartlegga risikoforhold i høve til relevante selskap og område for selskapskontroll.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 04.04.16 vart det sett fokus på «risikovurdering» og «vesentlighetsvurderingar», og i møtet 21.06.16 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre selskapskontroll innan.

Analysegrunnlag for plan for selskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 21.06.16. Utkast til overordna analyse er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av selskapskontroll i Hordaland fylkeskommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter forrige møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet vert send dei faste medlemmene i posten.

Det føreligg også utkast til plan for selskapskontroll som ligg ved saka. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og føreslåtte prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for selskapskontroll skal vidare til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

### **Drøfting.**

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast innan året etter fylkestingsvalet. Neste fylkestingsval er i 2019, medan ferdigstilling av plan for selskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2020, med nasjonal frist ved utgangen av 2020.

Omgrepet selskapskontroll vert brukt på fleire måtar. I planutkastet er det illustrert at den kan vera todelt:

- Obligatorisk eigarskapskontroll, som kan omfatta:
  - kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
  - kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
  - kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
  - kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader
- Valfri forvaltningsrevisjon: Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:
  - kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
  - kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
  - kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
  - kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

I forslaget til plan har Deloitte skrive kva selskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Prioriterte prosjekt finn ein i kap. 3 i plandokumentet, og denne prioriteringa vert det invitert å slutta seg til.

Den førre planen for selskapskontroll i Hordaland fylkeskommune blei utarbeidd i 2012, og skulle gjelda for perioden 2012 - 2016. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik forskrift om kontrollutval opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av

praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare vart det gjennomført ei evaluering av planen i 2014 som resulterte i ein revidert plan som skulle gjelde for resten av perioden.

Planen har oversikt over dei selskap som Hordaland fylkeskommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå fylkeskommunen og relevante elektroniske kjelder. Selskapa blir presentert i to tabellar, den første tabellen, punkt 2.1, inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og / eller fylkeskommunar ev. dotterselskap av desse). Desse selskapa har fylkeskommunen full innsynsrett i og kontrollutvalet kan gjennomføra selskapskontrollar i slike selskap.

Den andre tabellen, punkt 2.2, inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eller statlege eigardelar o.l. I desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett enn dei andre aksjonærane. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføra avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, og om rapportering frå selskapet samsvarar med retningslinjer og liknande.

I førre plan var og teke med standard atterhald om høve til revisjon av t.d. fylkeskommunale tilskot eller der fylkeskommunen går inn på eigarsida i selskap som ikkje er underlagt fylkeskommunal kontroll. Det første her er ein parallell til statlege løyvingar, der det er med i vedtaka at riksrevisjonen har høve til å foreta ein kontroll i etterkant. Desse punkta er og framlegg om å vidareføra denne gongen.

#### Konklusjon:

Sekretariatet meiner utkast til plan, der det er prioritert prosjekt for selskapskontroll i planperioden, er eigna som grunnlag for kontrollutvalet si handsaming av saka.

#### **Forslag til innstilling**

1. Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar revidert plan selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 50220796(2)\_Plan for selskapskontroll 2016-2020

## Hordaland fylkeskommune Plan for selskapskontroll 2016 – 2020



August 2016



# Innhold

---

1	Innleiing	5
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Oversikt over selskap	8
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	9
3	Selskapskontroll 2016-2020	11
4	Gjennomføring av selskapskontroll	12
4.1	Framgangsmåte	12
4.2	Gjennomføring og rapportering	12



# 1 Innleiing

## 1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

## 1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap fylkeskommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der fylkeskommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

Hordaland fylkeskommune har vedtatt at selskapskontrollen også skal omfatte:

- bompengeselskapa fylkeskommunen har eigarskap i (jf. fylkestingsak 13/06),
- fylkeskommunen sine tildelingar av tilskot eller næringsstøtte til verksemder, lag og organisasjonar (jf. fylkestingsak 17/05).

### 1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

#### 1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvise selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte fylkeskommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller fylkeskommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvise selskap. Eigarkontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader



#### 1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

### 1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Sannsynligheita for avvik og manglar er vurdert opp mot kor alvorleg konsekvensen av slike avvik og manglar er. To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. brukarperspektivet
2. fylkeskommunen sine økonomiske interesser

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i fylkeskommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

## 2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap fylkeskommunen har eigarskap i. Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

### 2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Formål	Eigardel
<b>Beredt AS</b>	Verksemnda har som føremål å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting.	100%
<b>Bergen Bompengeselskap AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å stå for delfinansiering av vegutbygging i Bergen, administrasjon og innkrevjing av bompengar etter avtaler som blir inngått med staten etter samtykke frå Stortinget, jf. Vegloven § 27.	100%
<b>Bybanen AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for Bybanen og Bybanen sitt skinnegåande materiell. Verksemnda har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i samsvar til dei til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.	100%
<b>Bystasjonen AS</b>	Verksemnda sitt føremål er planlegging og bygging av ny kollektivterminal, Bystasjonen, i Bergen sentrum, samt drift av kollektivterminalen og verksemd som står i samband med dette.	100%.
<b>HFK Bussanlegg AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å leggje til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Verksemnda er av allmennyttig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Verksemnda sine eigendeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemnda skal brukast til verksemnda sitt føremål.	100%
<b>Valen Kraftverk AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å drive produksjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til desse områda, under dette deltaking i andre verksemder med liknande føremål.	100%
<b>Askøy Bompengeselskap AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av prosjekta i Askøypakken.	60%
<b>Voss og omland bompengeselskap AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å arbeida for realisering av følgjande vegprosjekt: Tunnel bak Vossevungen, Øvre Granvin/Voss grense, Palmefossen/Mønshaug, Heilårsamband Voss-Vik, ved mellom anna å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til delfinansiering av	57,10%

	dei nemnde vegprosjekta. Selskapet har ikkje til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbytte.	
<b>Bømlo Vegselskap AS</b>	Verksemnda si målsetting er å finansiere utbygginga av Bømlopakken, slik Bømlopakken er vedteken av Stortinget i St.prp. nr 78 (2008-2009) "om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland" og med eventuelt seinare vedtekte endringar.	53,30%
<b>Hardangerbrua AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.	53,30%
<b>Kvam Bompengeselskap AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt i Kvam Herad i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.	53,30%
<b>Bergen-Os Bompengeselskap AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av vegutbygging E39 Svegatjørn-Rådal med utbygging av Rådalskrysset, bygging av tverrsamband til Lysefjorden, samt opprusting av fylkesvegnettet i Lysefjordområdet.	52,00%
<b>Jondalstunnelen AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av tunnelsamband. Administrere innkrevjing av bompengar og forvalte bompengemidlar i samsvar med samtykke frå Stortinget og forvalte med Statens vegvesen jf. veglova § 27, under dette også forvaltning av bompengemidlar og anna verksemd som naturleg står i tilknytning med selskapet sitt føremål	52,00%
<b>Odda Vegfinans AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelloysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekte kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet.	52,00%
<b>AS Austevoll Bruselskap</b>	Verksemnda sitt føremål er å planleggje og byggje bru-, tunnel- og vegprosjekt i Austevoll kommune.	51,00%
<b>Grieghallen IKS</b>	Verksemnda blei stifta i juni 2013, og fylkeskommunen eig det saman med Bergen kommune.	50,00%
<b>Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS</b>	Verksemnda skal leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdjar.	50,00%
<b>Vestnorsk Filmsenter AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å bidra til ein faglig og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon.	50,00%
<b>Nordhordlandspakken AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å arbeide for utbygging og standardheving på utvalde stamveggar, riksveggar og strategisk viktige tilførselsveggar i Nordhordland og Bergen nord.	40,00%
<b>Business Region Bergen AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablerarteneste, profilering, marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, under dette å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment.	35,00%
<b>Sunnhordland Lufthavn AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å planleggje, finansiere, opparbeide og drive lufthavn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	21,00%

## 2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Formål	Eierandel
<b>Hordaland Teater L/L</b>	Verksemnda sitt føremål er å drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Hordaland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatikk.	60,00%
<b>Fastlandssamband Halsnøy AS</b>	Verksemnda skal, etter at Stortinget har godkjent prosjektet Halsnøy-sambandet, ta opp og betale ned naudsynte lån	52,60%

	til prosjekt og syte for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjent ordning.	
<b>Hardanger AKS AS</b>	Verksemnda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, under dette å eige andre selskap med liknande føremål.	38,70%
<b>AS Strandgaten 196</b>	Verksemnda sitt føremål er oppføring og drift av eit forretningsbygg på Strandgaten 196 i Bergen og dermed samanhengande verksemd.	33,30%
<b>Kveik AS</b>	Verksemnda skal med ein inkluderande og open kultur skape grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere bærekraftige tiltaksplassar.	23,30%
<b>Bergen Vitesenter As</b>	Verksemnda sitt føremål er å utvikle og drive eit populærvitskapeleg opplevings- og læringscenter for teknologi, naturvitskap, matematikk og humaniora, spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, under dette å delta i samarbeid med andre verksemder og føretak med liknande verksemd.	19,00%
<b>AS Den Nationale Scene</b>	Verksemnda sitt føremål er å drive teaterverksemd. Som statleg finansiert institusjon har verksemnda eit særlig ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser.	16,70%
<b>Opero AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å gjennom fabrikasjon og annen næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.	19,26%
<b>Carte Blanche AS</b>	Verksemnda sitt føremål er utvikle og formidle samtidsdans og anna nærliggjande verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal verksemnda produsere og presentere førestillingar av høgaste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans	15%
<b>Sandvenhagen Næringsbygg AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å eige, investere og drifte fast eigedom, irekna alle investeringar som høyrer til slik verksemd. Selskapet er føretaksregistrert 22.10.2015. Selskapet var tidlegare Norheimsund Industrier AS	13,71%
<b>Gulen og Masfjorden Utvikling AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å tilrettelegge for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet	9,70%
<b>Fjord Norge AS</b>	Verksemnda sitt føremål er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg arbeidast med sesongutviding.	8,90%
<b>Atheno AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å fremje auka samarbeid innan industrien i regionen	3,10%
<b>E134 Haukelivegen AS</b>	Verksemnda skal arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23	3,10%
<b>Biblioteksentralen SA</b>	Verksemnda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	0,80%
<b>Kommunekraft AS</b>	Verksemnda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, under dette konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.	0,30%

### 3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følger prioriterte selskapskontrollar. Under kvar selskapskontroll er det foreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestillinga av selskapskontroll.

Prosjekt	Tema
1 Hordaland Teater	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eigaroppfølging</li><li>• Drift</li><li>• Oppfølging av tilskot</li></ul>
2 Grieghallen IKS	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eigaroppfølging</li><li>• Drift</li><li>• Regelverk for offentleg støtte</li></ul>
3 Bybanen AS	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eigaroppfølginga</li><li>• Drift</li><li>• Gjennomføring av investeringar/ prosjekt/innkjøp/ kontraktsoppfølging</li><li>• Samhandling med fylkeskommunale einingar</li></ul>
4 Beredt AS	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eigaroppfølging</li><li>• Drift</li></ul>
5 Valen Kraftverk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eigaroppfølging</li><li>• Drift</li></ul>
6 Hardanger AKS AS	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfølging av gjennomført selskapskontroll</li></ul>

Dersom fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

# 4 Gjennomføring av selskapskontroll

## 4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

## 4.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrief med informasjon om prosjektet til fylkesrådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til fylkesrådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til fylkestinget saman med rapporten.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Arkivnr: 2015/12601-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	91/16	08.09.2016

## Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017

### 1. Tabell

#### Kontrollutvalet 110200

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2016	Budsjett 2017
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 1114	1120
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 1114	1120

#### Sekretariat for kontrollutvalet 110150

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2016	Budsjett 2017
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 4287	4372
		Driftsinntekter 2100	1900
		Nto. driftsutg. 2187	2472

**Ekstern revisor 110250**

		Tal i heile 1000 kr	
		<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 2602	2687
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 2602	2687

**2. Samandrag/viktige tiltak**

Etter "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 18 skal kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

## § 18. Budsjettbehandlingen

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen."*

Departementets merknader til § 18

*"Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.*

*Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgir innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.*

*I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunen/fylkeskommunen/budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."*

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette inneber at budsjettforslaget inneheld tal både for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet.

Forslag til budsjett for sekretariat og kontrollutval baserer seg elles på erfaringane og aktiviteten i tidlegare år, særskilt åra 2014, 2015 og hittil i 2016. Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har sekretariatet pr. i dag avtale med 15 kommunar om å vera sekretariat for deira kontrollutval.

**3. Hovedutfordringar**Bemanning i sekretariatet:

Dei siste åra har det vorte meir og meir travle dagar. Det har difor i periodar vore krevjande å utføre oppgåvene innafor den bemanninga som er fastsett og med den ønskete kvalitet. Dette skuldast større arbeidsmengde med dei kommunane vi er sekretariat for samstundes som vi har fått nokre nye kommunar. I løpet av 2015 vart vi løyst frå kontrakten med Forum for Kontroll og Tilsyn. Vidare sa kommunane Os og Austevoll opp kontrakten med oss med verknad frå 1.1.2016. Dette gjorde at arbeidssituasjonen vart noko lettare. Vi har imidlertid hatt ein vakant stilling i store delar av 2016 grunna sjukdom og seinare overføring av vedkommande person til anna avdeling i fylkeskommunen. Denne vakansen har vi løyst ved at

arbeidsoppgåvene til denne personen har vorte delt mellom dei 4 andre i sekretariatet. Det ekstraarbeidet dette har medført for den enkelte har vi hittil klart å avspasere. 3 kommunar har konkurranseutsett sekretariatstenestene for kontrollutvalet sommaren 2016 og det er venta avgjerd i løpet av hausten på kven som får tilbodet om å levere desse tenestene. Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har levert inn tilbod. Grunna denne usikkerheita har vi vald å vente med å eventuelt kunngjere den ledige stillinga til dette er avklart. Oppgåvene til denne stillinga vert difor inntil vidare fordelt mellom dei 4 andre. Sekretariat for kontrollutvalet har no ei stillingsramme på 5 årsverk. Grunna 20% AFP for ein medarbeidar, er det reelt sett 4,8 årsverk.

#### 4. Kort omtale av kvar budsjettfunksjon

##### **Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av den største budsjettpostane i budsjettet til kontrollutvalet (110200):**

###### 12780 Kjøpte tenester

Desse midlane er ekstra tiltaksmidlar som det er tenkt at kontrollutvalet kan disponere dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet. Dette kan t.d. vera på bakgrunn av saker som vert omtala i media og som gjer at det må settast i verk ein forvaltningsrevisjon raskt. Det kan også vera andre ikkje planlagde aktivitetar som måtte dukke opp frå andre hald t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, øvrig selskapskontroll og øvrig utgreiing.

Dersom kontrollutvalet ikkje har desse ekstra tiltaksmidlane til disposisjon vil det kunne føre til at kontrollutvalet må be fylkestinget løyve meir pengar før ein kan sette i gang ein ekstra naudsynt kontrollaktivitet. Kontrollutvalet utfører som kjent sin kontroll av m.a. administrasjonen på vegne av fylkestinget. Det er difor berre fylkestinget som kan løyve meir pengar til kontrollutvalet. I verste fall kan det ta opp til fire månader før neste fylkestingssete.

Det er ei målsetting at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre folkevaldopplæring saman med kontrollutvala i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar i valperioden 2015 – 2019.

##### **Nedanfor har vi knytt til nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til sekretariat for kontrollutvalet (110150):**

###### 16530 Tenester

Sekretariatet har, i tillegg til Hordaland fylkeskommune, også teke på seg å vera sekretariat for 15 andre kommunar i Hordaland. Desse oppgåvene vert fakturert på bakgrunn av avtalar som er inngått med den einkilde kommune. 7 av avtalane gjeld for 2016 og vert automatisk forlenga med eit år om gongen dersom ingen av partane seier opp avtalen innan ein avtalt dato, varierende frå 01.09.16 til 01.11.16. Dei siste 8 avtalane gjeld for periodar over 3 - 5 år, dei første for perioden 2008 til 2012 og vert automatisk forlenga med eit år om gongen dersom ingen av partane seier opp avtalen. Her er det eit års oppseiingstid, rekna frå årsskiftet.

To kommunar vart løyst frå kontraktane frå 31.12.2015 då dei ønskte å nytte andre alternative løysingar, jf. punkt 3. Dette er det teke omsyn til i budsjettet for 2017. 3 nye kommunar har konkurranseutsett sekretariatstenestene for kontrollutvalet sommaren 2016 og det er venta avgjerd i løpet av hausten på kven som får tilbodet om å levere desse tenestene. Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har levert inn tilbod. Dette gjer at det er knytta stor usikkerhet til inntektene frå desse 3 kommunane, noko det er teke omsyn til i budsjettforslaget.

**Nedanfor har vi knytt til nokre kommentarar til den største budsjettposten i budsjettet til ekstern revisor (110250):**

12780 Kjøpte tenester

Det vart, etter prosess med konkurranseutsetting, inngått ny avtale med Deloitte AS gjeldande frå 1.7.2012. Avtalen gjeld til 30.6.17 etter at fylkeskommunen har nytta opsjon til å forlenge avtalen med 1 år. Ny prosess med konkurranse er starta opp, med målsetting om at saka om val av revisor kjem opp i marstinget 2017 og at ny kontrakt er på plass frå 1.7.2017. Det knyter seg difor stor usikkerhet til kostnadene til revisor frå dette tidspunkt. I budsjettet er det berre lagt inn ein auke i høve dagens kontrakt som tilsvarer auken i konsumprisindeksen.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for 2017 slik dei ligg føre.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Taldel - Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017

		Budsjett	REGNSKAP	BUDSJETT	BUDSJETT
	Konto	2015	2015	2016	2017
10630	Anna trekkpliktig løn				
10800	Fast godtgjersle til politis	320	338	329	339
10810	Møtegodtgj. politisk arbeid	10	1	10	5
10820	Tapt arb.forteneste pol.arbe	15	15	15	15
10821	Tapt arb.forteneste pol.arb m	0	9	6	6
10951	Pensjonspremie	14		15	15
10990	Arbeidsgjevaravgift	49	51	50	51
11010	Kontor- og datarekvisita	10	5	10	10
11012	Abonnement/faglitteratur, in	10	12	10	12
11150	Beverting/ Matvarer	20	38	22	35
11231	Møteutgifter	15	19	20	10
11300	Kommunikasjon/telefon				
11401	Gåver	5	2	5	5
11500	Kurs / kompetanseheving	50	18	50	50
11600	Bilgodtgjersle, oppgaveplikt	10	12	10	15
11610	Kostgodtgjersle, oppgaveplik	8	5	8	8
11620	Administrativ forpleining				
11660	Telefongodtgjersle	8		8	8
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgåve	35	6	35	25
11953	Kontingentar	10	10	11	11
12012	IT-utstyr		7		
12780	Kjøpte tenester	500	17	500	500
13500	Kjøp frå kommunar				
14290	Utg.føring av bet.mva/kompen		11		
17290	Kompensert mva.driftsreknesk		-11		
14700	Overføring til andre	25	6	0	0
		1114	571	1114	1120

		Budsjett	REGNSKAP	BUDSJETT	BUDSJETT
	Konto	2015	2015	2016	217
12012	IT-Utstyr				
11600	Bilgodtgjersle, oppgaveplikt	15		15	15
11610	Kostgodtgjersle, oppgaveplik	5		5	5
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgave	20		20	20
12780	Kjøpte tenester, revisjonshonor	2517	2317	2562	2647
14290	Utg.føring av bet.mva/kompen	629	579	641	662
17290	Kompensert mva.driftsreknesk	-629	-579	-641	-662
		2557	2317	2602	2687

		Budsjett	REGNSKAP	BUDSJETT	BUDSJETT
	Konto	2015	2015	2016	2017
10110	Faste stillingar, kommunalt	2744	2948	2782	2869
10190	Tariffoppgjør				
10400	Overtid	50	27	30	30
10560	Funksjonstillegg	5		10	10
10600	Bilgodtgjersle, trekkpliktig		4	5	5
10620	Kostgodtgjersle, oppgaveplik		2	5	5
10630	Anna trekkpliktig løn	32	22	32	25
10951	Pensjonspremie	396	409	401	412
10980	Personalforsikringer	5	7	7	7
10990	Arbeidsgjevaravgift	455	479	461	475
11010	Kontor- og datarekvisita	30	17	30	25
11012	Abonnement/faglitteratur, in	20	26	20	30
11150	Beverting/matvarer	15	18	20	20
11221	Velferdstiltak	9		9	9
11231	Møteutgifter	13	1	13	13
11300	Kommunikasjon/telefon	-30	-26	-30	-30
11320	Abonnement	12		12	12
11400	Annonsar	4		4	4
11401	Gåver	1		1	1
11500	Kurs / kompetanseheving	110	57	100	95
11600	Bilgodtgjersle, oppgaveplikt	70	60	70	70
11610	Kostgodtgjersle, oppgaveplik	20	31	30	35
11620	Administrativ forpleining	1		1	1
11660	Telefongodtgjersle	50	13	50	45
11700	Reiseutgifter, ikkje oppgave	80	55	80	80
11951	Lisensar IT		1	2	2
11953	Kontingentar	7	7	7	7
12000	Inventar og utstyr	20	6	20	20

12010	Utstyr	15		15	15
12011	Kommunikasjonsutstyr	15	13	15	15
12012	IT-utstyr	20	27	20	20
12200	Maskiner	23	19	20	20
12403	IT drift / Driftsavtalar dat				
12700	Juridiske tenester		10		10
12780	Kjøpte tenester	15		30	
13300	Kjøp frå fylkeskommunar			15	15
14290	Utg.føring av bet.mva/kompen		28		
		4207	4261	4287	4372
16530	Tenester	-2210	-2539	-2100	-1900
17101	Refusjon sjukeløn		-118		
17105	Refusjun feriep. av sjuk		-10		
17290	Kompensert mva.		-28		
			-41		
		1997	1525	2187	2472



Arkivnr: 2015/5589-11

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	92/16	08.09.2016

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad Spania

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 5/2016 i møte 9.3.16:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvals-sakene 222/07 og 200/11.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.
3. Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.
5. Utarbeide retningsliner for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.
6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

*Handlingsplanen skal leggjast fram til realitetsbehandling i utval for kultur, idrett og regional utvikling.»*

### Drøfting:

Siste versjon av handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over, vart motteke i sekretariatet 10.6.16 sjølv om det er dagsett 23.04.2016. Handlingsplanen med vedlegg ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania. Av handlingsplanen går det fram at alle tiltak med unntak av tiltak som går mot punkt 6 i vedtaket er ferdig gjennomført. Etter planen skal punkt 6 i vedtaket vera gjennomført i august 2016.

#### Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkt 6 i vedtaket innan 1.10.2016.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania.
2. På bakgrunn av at tiltak som gjeld punkt 6 i vedtaket skal vera ferdig i august 2016 ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.10.2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania
- 2 Kapittel 4 i Saksbehandlarhandboka - Vedtaksoppfølging

**Notat**Dato: 23.04.2016  
Arkivsak: 2015/5589-10  
Saksbehandlar: biraase

---

<b>Til:</b>	Kontrollutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania**

Fylkesrådmannen fekk i vedtak frå Fylkestinget 8. mars 2016 i oppdrag å laga ein prioritert handlingsplan innan 1.5.2016.

Fylkesrådmannen har laga følgjande handlingsplan:

Punkt i vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.	Fylkesutvalssakene vart avslutta ved vedtak i Fylkesutvalet sak 106/2016.	Utført	Kultur- og idrettsavdelinga
Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.	Skriftlege rutinar for vedtaksoppfølging er ein del av Saksbehandlarhandboka - kapittel 4. Denne ligg i Kvalitetsportalen under fana «IKT og brukarretteiingar».	Utført	Økonomi- og organisasjonsavdelinga
Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.	Rutinar for oppfølging, rapportering og kontroll er, med nokre unntak, utarbeidd og kunngjort under kvar tilskotsordning på våre heimesider: <a href="http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/driftstotte-til-">http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/driftstotte-til-</a>	Utført	Kultur- og idrettsavdelinga

	<a href="#">kunst-kultur-og-idrett/</a>  Tilskot der rutinane ikkje står nemnd, vert formilda i tilsagnsbreva til den enkelte mottakar.		
Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.	Fylkesutvalet får ei orientering til kvart møte om status for større saker til politisk behandling. Det blir og gitt ei orientering om status for spørsmål og oversendingsforslag. Denne orienteringa blir også sendt til kontrollutvalet som orienteringssak.	Utført	Økonomi- og organisasjonsavdelinga
Utarbeide retningslinjer for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.	Alle vedtak blir registrert med frist for utføring, og alle vedtak skal kvitterast ut i sak/arkivsystemet. Rutinar for dette ligg i Saksbehandlar-handboka kap. 4, Vedtaksoppfølging.	Utført	Økonomi- og organisasjonsavdelinga
Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.	Skjema for eigenerklæring om inhabilitet blir vurdert.	August 2016	Økonomi- og organisasjonsavdelinga

## Vedlegg

- 1 Kapittel 4 i Saksbehandlarhandboka - Vedtaksoppfølging

## 4. Vedtaksoppfølging

### 4.1 Kva er vedtaksoppfølging

Når eit saksframlegg har vore oppe til behandling som sak i politisk organ, må vedtaket seijast i verk/følgjast opp. Vedtaksoppfølging avsluttar ikkje arkivsak.

### 4.2 Korleis ser du at du har noko til oppfølging?

Dersom utvalssekretær har registrert oppfølging av saksframlegget i etterkant av møtet, vil det framkomme under søket Vedtaksoppfølging.

### 4.3 Vedtaksoppfølging – trinn for trinn

Etter at saksframlegget har vore oppe til behandling og det er gjort endeleg vedtak, skal melding om vedtak ekspederast til partar/andre mottakarar i saka. Dette vert gjort ved å opprette eit partsbrev.

Det finst tre utgåver av partsbrev/melding om vedtak: Ei utgåve som inneheld heile saksgangen med saksframlegg og alle saksprotokollar, ei enklare utgåve som berre inneheld det siste vedtaket med tilhøyrande saksprotokoll frå den siste behandlinga og ei utgåve som er samla saksframstilling som X-dokument.

Den siste utgåva er til bruk ved melding om vedtak internt i organisasjonen. (**Denne fungerer ikkje pt – Evry arbeider med saka**)



- ☞ Mine ferdige
- ☞ Mine aktive saker
- ☞ Venter på godkjenning
- ☞ **Mottatte kopier I (1)**
- ☞ Mottatte kopier U,N
- ☞ Godkjente dokumenter
- ☞ Mottatte X notat (inkl. kopier)
- ☞ Mine avsluttede saker
- ☞ Nye oppgaver
- ☞ Under arbeid
- ☞ Ubesvart post
- ☞ Forfallsliste
- ☞ Ufordelte notater
- ☞ Ufordelte journalposter
- ☞ Til godkjenning
- ☞ Styre, råd og utvalg
- ☞ Siste saker
- ☞ Siste journalposter
- ☞ **Vedtaksoppfølging**

1. Ved å klikke på Vedtaksoppfølging får du opp politiske saker som er til oppfølging.

Snr/Lnr	Vedtaksstatus	Titel
2014/95-37	Under behandling	Test saksframlegg 280814

Klikk på saksnummer

Du er her: Test | Eksempel sak/framlegg 28...

2014/85-37 Test sak/framlegg 280814

Status: 1 - Journalført  
Dokumenttype: S - Sak/framlegg/innstilling  
Avsender/Mottaker: Saksframlegg/innstilling  
Publiseres: Nei  
Tilhører sak: Test

Adm. enhet: SEKR - Sekretariat - Milbrødt  
Saksbehandler: 54399/2014  
Tilgangskode: HFKU  
Journalenhet: HFKU

Nr	Utvalg	Vedtaksdato	Tittel	Frist	Status	Adm. enhet
1	Testvalg	12.06.2014	Test sak/framlegg 280814	31.08.2014	Under behandling	Sekretariat - Administrasjonssesjonen

Behandlinger 1  
Ny utvalgsbehandling  
Vis samlet sak/framstilling  
Opprett samlet sak/framstilling som X-dokument  
Lag partsbrev (kun vedtak)  
Lag partsbrev (fullstendig saksgang)

Du får opp dette skjermbildet.

2. Opne fana Behandlinger og vel Lag partsbrev (fullstendig saksgang) eller Lag partsbrev (kun vedtak) fra hurtigmenyen.

Du er her: Testmappe | Eksempel sak/framlegg...

2013/1047-1 Eksempel sak/framlegg

Status: 1 - Journalført  
Dokumenttype: S - Sak/framlegg/innstilling  
Avsender/Mottaker: Ja  
Tilhører sak: Testmappe

Dokumenter	Merknader	Dokumenttyt	Rfkg	Type	Utvalg	Møtledat
1			1	PS	TEST1	25.11.201

Behandlinger 1  
Ny utvalgsbehandling  
Vis samlet sak/framstilling  
Opprett samlet sak/framstilling som X-dokument  
Lag partsbrev (kun vedtak)  
Lag partsbrev (fullstendig saksgang)

Opprett partsbrev/melding om vedtak

3. Skriv forklarande tittel i innhaldsfeltet.

Brevet skal adresserast til dei som er registrert som part i saka, eventuelt andre mottakarar av vedtaket. Der- som dokumentet er unnateke offentleggjering, skal du registrere tilgangskode og heimel under fana **Saksbe- handler/tilgang**, og eventuelt markere som skjema dei delane av tittelen som er unnateke offentleggjering.

Vel så Lagre og nytt dokument.

Rediger JP - 5956 - eHurre (Berndtce Stepping - Saksbehandler ADM - ephorte HFK SS Prod) - Windows Internet Explorer

2013/1047 - 2 Eksempel sak/framlegg

Saknr: 2013/1047  
Status: R - Reservert  
Dokumentator: 21.10.2013  
Journalidato: 21.10.2013  
Dokumentkategor: Melding om vedtak i eksempel sak/framlegg  
Innhold: Eksterne mottakere, Interne mottakere, Saksbehandler/tilgang, Tilleggsnotat

Lagre Lagre og nytt dokument Avbryt

Stett Uloff Kopi Person Kontroll Brev Arne Arne E-post

#### 4. Vel dokumentnal Brev - fellesmal

Eit utgåande tekstdokument vert oppretta med saksframlegg og alle saksprotokollar eller berre med saksprotokoll frå siste behandling, alt etter kva type partsbrev du valde.

Skriv dokumentet ferdig og klikk på **Tillegg** og **Tilbake til ePhorte Web** – **Lagre: Ja** – **Markert som ferdig - Utført**

#### 5. Registrering av utført vedtak/iverksett vedtak

Opne fana **Vedtak**

Du er her: Test | Test saksframlegg 28...

2014/85-37 Test saksframlegg 280814

Status: J - Journalført  
Adm. ent Saksbeh

Dokumenttype: S - Saksframlegg/innstilling  
Saksbeh Løpenun

Avsender/Mottaker: Nei  
Tilgangs Journale

Publiseres: Nei  
Tilgjongs Journale

Tilhører sak: Test

Dokumenter	1	Merknader	Dokumentfyt	Behandlinger	1	Vedtak	1	Lenker	Journalpostdetaljer
<input type="checkbox"/>	Nr	Utvvalg	Vedtaksdato	Titel	Frist	Status			
<input type="checkbox"/>	1	Testutvalg	17.06.2014	Test saksframlegg 280814	31.08.2014	Under behandling			

Rediger  
Slett

Klikk på hammeren og Velg **Rediger**

ephorthe Lagre Avbryt

Test saksframlegg 280814

Detaljer

Nummer: 1  
Utvvalg: TU - Testutvalg  
Titel: Test saksframlegg 280814  
Adm. ent: SEKR - Sekretariat - Administrasjonssesjonen  
Vedtaksfrist: 31.08.2014  
Utført dato: Merknad:

Utvvalgssaksnummer: 9/14  
Vedtaksdato: 17.06.2014  
Ansvarlig: mlilbert - Milindr Beretisen  
Vedtaksstatus: B - Under behandling

Nr	Utvvalg	Vedtaksdato	Titel	Frist	Status
1	TU - Testutvalg	17.06.2014	Test saksframlegg 280814	31.08.2014	Under behandling


Før på **Utført dato**

**Vedtaksstatus: Ferdig/iverksett** i nedtrekksmenyen.


**Lagre**

Dersom det er eit vedtak som ikkje skal ekspederast til partar må vedtaket likevel registrerast som **Ferdig/iverksett** med dato for utført. Det bør skrivast ein merknad om kva som er gjort.

#### 6. Konverter dokumentet til PDF før ekspedering.



Vent til konverteringa er utført. (Du kan oppdatere biletet ved å høgreklikke i skjermbiletet)





Arkivnr: 2014/10537-21

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	93/16	08.09.2016

### Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturfeltet

#### Bakgrunn for saka:

**Revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturområdet» i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 11.06.2014 og det vart gjort slikt vedtak:**

*«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.*
- 2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvælde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.*
- 3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:*
  - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.*
  - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngeve, og at grunngeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.*
  - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.*
  - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.*
- 4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.*
- 5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.*
- 6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.*
- 7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.*
- 8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

**Kontrollutvalet har fulgt denne forvaltningsrevisjonen opp ved 1 høve i 2014 og 2 høve i 2015 der det siste gong vart gjort slikt vedtak i møte 24.08.15:**

*«Kontrollutvalet ser positivt på at det er sett i verk ein del prosessar for å betre rutinane innan tilskotsforvaltninga på kulturfeltet. På bakgrunn av at mykje av arbeidet som gjenstår ser ut til å ligge i den oppstarta samla gjennomgangen av tilskotsforvaltninga som skal leggjast fram politisk hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»*

**Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 10.12.15 vart handsama i møte 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltninga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.»

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over vart ny tilbakemelding, dagsett 29.04.16, motteke i sekretariatet 20.6.16. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at det no er gjort mykje for å få på plass forbetringar som gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i rapporten og meiner med det at kontrollutvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga på kulturfeltet og at ein med det seier seg ferdig med saka.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga på kulturfeltet i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet - tilbakemelding status på tiltak 1,4,6 og 7 i Handlingsplanen
- 2 Samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid mellom kultur og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga.
- 3 Retningsliner for evaluering av tilskot til kultur og idrett

**Notat**Dato: 29.04.2016  
Arkivsak: 2014/10537-19  
Saksbehandlar: oddmell

---

<b>Til:</b>	Kontrollutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet - tilbakemelding status på tiltak 1,4,6 og 7 i Handlingsplanen**

Viser til saksprotokoll i kontrollutvalet 05.04.2016:

**Vedtak**

*Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltninga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.*

Fylkesrådmannen har følgjande ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltninga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7:

**Status:**

<b>Punkt i handlingsplanen</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Frist</b>
1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.	- Samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga	Gjennomført
	- Revisjon av retningslinjer	Gjennomført
	- Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer	Gjennomført

Større endringar i innretning av tilskota er også politisk behandla i eiga sak i utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i januar 2016. Føremål, mål og strategiar for kvar tilskotsordning er også godt tydeleggjort på Hordaland fylkeskommune sine nye heimesider.

<b>Punkt i handlingsplanen</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Frist</b>
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført, jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.	- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell	*Gjennomført
	- Oppfølging av avdelinga	*Gjennomført

\* Dette er også eit kontinuerleg arbeid i avdelinga.

Ny digital IT-løysing på søking av tilskot er tatt i bruk frå mars 2016. Denne løysinga er tett integrert med vårt dokumentbehandlingssystem ePhorte, og alle søknadar med vedlegg vert direkte overført i ePhorte. Alle dokumenta som er ledd i saksbehandlinga blir såleis arkivert i tråd med fylkeskommunen sine egne retningslinjer og i tråd med forskrift om offentlege arkiv jf. § 2-6. Avdelinga gjennomfører kontinuerleg opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell og oppfølging elles i avdelinga.

Punkt i handlingsplanen	Tiltak:	Frist
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.	- Samarbeidsforum mellom avdelingane	1.august 2016
	- Faste møter mellom direktørane	Gjennomført
	- Deltaking på/etablering av felles arenaer mot eksterne aktørar/tilskotsmottakarar	*Delvis gjennomført
	- Involvering i høve regionalt næringsforum og partnerskapet som møtest der	Ikkje lengre aktuelt
	- Notat til fylkesrådmannen om tilhøvet mellom avdelingane, med fokus på samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid	Gjennomført

\*Fylkesrådmannen har etablert eit tiltak der ei samla administrativ leiing (f.rådmann + avdelingsdirektørane) vitjar kvar enkelt kommune for å møtast på ein felles arena.

Det har vist seg vanskeleg å gjennomføra andre tiltak med deltaking frå fleire avdelingar på felles arenaer mot andre eksterne aktørar/ tilskotsmottakarar. Fylkeskommunen sine tenester spenner over eit breitt spekter av tenester og interesser, og eksterne aktørar/ tilskotsmottakarar ønskjer ikkje å møte andre enn den delen av fylkeskommune sine tenester som gjeld deira særinteresseområde.

Som nemnd i førre rapport, har fylkesrådmannen sett i verk prosjektet *Førebudd på framtida*. Sentralt i dette arbeidet er tiltak som etablering av samarbeidsforum mellom avdelingane.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at tiltaka nemnd ovanfor går inn som del av prosjektet *Førebudd på framtida*, og ein vil følgja opp desse i det vidare arbeidet med prosjektet.

Punkt i handlingsplanen	Tiltak:	Frist
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.	- <i>Samla gjennomgang av tilskotsfeltet</i>	Gjennomført
	- <i>Utforming av retningslinjer/malar</i>	*Gjennomført
	- <i>Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer</i>	Gjennomført
	- <i>Oppfølging av avdelinga</i>	*Gjennomført

\*Det er utarbeidd eigen rutine for evaluering av tilskotsordningane i kvalitetssystemet.



## Notat

Dato: 14.06.2016  
Arkivsak: 2014/10537-20  
Saksbehandlar: oddmell

---

**Til:** Rune Haugsdal

---

**Frå:** Per Morten Ekerhovd

---

### Samhandling om tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga.

I samband med kontrollutvalet sin revisjon av tilskotsforvaltninga på Kultur- og idrettsavdelinga, vart det i oppfølgingsplanen sett opp 7 punkt med tiltak. I pkt.6 i heiter det:

*Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.*

Eitt av tiltaka var som følgjer:

*Notat til fylkesrådmannen om tilhøvet mellom avdelingane, med fokus på samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid*

Kultur- og idrettsavdelinga har akkurat gjennomført eit større arbeid for å få på plass ei ny IT-løysing for søknad og behandling av tilskot med full integrasjon med Ephorte. Seksjon for kunst- og kulturformidling har saman med IT-seksjonen og IT-leverandørar stått for det meste av arbeidet med programutvikling og tilpassingar til ei løysing som kan nyttast av heile administrasjonen i fylkeskommunen når det vert arbeidd med søknadar og tilskot.

Fylkesdirektør kultur og idrett foreslår at det vert etablert eit fast samarbeid mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga med mål om å identifisere og samordne dei tilskotsordningane det er naturleg sjå i samheng. Dette vil gje betre oversikt og ei meir heilskapleg vurdering og innretning av store offentlege midlar som dei to avdelingane rår over kvar for seg. I tillegg kan ein sjå for seg vesentleg utbytte og effekt av ei felles IT-løysing og eit breiare grunnlag for vidareutviklinga av denne.

Første steg på vegen kan vere eit møte mellom direktørane for utveksling av synspunkt m.v. Vi foreslår vidare ei oppretting av eit felles sekretariat til å utarbeide møteplan for året og som har ansvar for sakliste og innkallingar til møta. Sekretariatet bør bestå av tilsette som arbeider med tilskotsforvaltning. Fylkesdirektør kultur og idrett foreslår at slikt sekretariat vert etablert snarast.

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Kopi til:  
Bård Sandal

# Retningslinjer for evaluering av tilskotsordningar på Kultur- og idrettsavdelinga

- **Føremål**

Gjennom jamleg evaluering skal ein sjå til at Kultur- og idrettsavdelinga til ei kvar tid har tydelege, lett tilgjengelege og turvande tilskotsordningar, og sikre at tilskotsforvaltinga er i samsvar med vedtekne mål og god forvaltingspraksis.

- **Omfang**

Gjeld leiarar og saksbehandlarar på avdelinga som arbeider med tilskotsforvalting.

- **Gjennomføring**

I god tid før, og i samband med budsjettarbeidet kvart år, skal kvar seksjon ha ein gjennomgang av dei tilskotsordningane som vert forvalta i seksjonane.

Gjennom evaluering skal ein vurdere om fylkeskommunen sine tilskotsordningar er:

- a. tydelege, lett tilgjengelege og turvande.
- b. i samsvar med vedtekne mål.
- c. i samsvar med god forvaltingspraksis.

Evt endringar av gjeldande tilskotsordningar skal underleggjast politisk handsaming, enten gjennom framlegging av reviderte retningslinjer i fylkesutvalet, eller som del av budsjettvedtaket kvar desember månad i fylkestinget.

- **Rapportering**

Evt. endringar som følgje av evalueringa, vert lagt fram i eigne politiske saker eller kjem fram som del av det årlege budsjettet. Desse sakene vil fungere som ei rapportering og kan sporast i ettertid.



Arkivnr: 2015/2073-76

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	94/16	08.09.2016

## Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 5/16 i møte 16.02.2016:**

1. *Kontrollutvalet ønskjer å gå vidare inn i saka og ber Deloitte gjennomføre ein utvida forvaltningsrevisjon av NDLA.*
2. *Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve i dette møte, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk innan 1.3.16.*
3. *Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*

#### **Prosjektplanen vart levert innan tidsfristen og godkjend i tråd med punkt 3 i vedtaket over med slik tekst i e-post til Deloitte 4.3.16:**

1. *Forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av NDLA II er godkjent slik den ligg føre.*
2. *Det vert likevel presisert at kontrollutvalet skal varslast snarast råd, og før forbruket er gjort, dersom ein under veps i arbeidet ser at det stipulerte timetalet ikkje vil vera tilstrekkeleg.*
3. *Det vert lagt opp til at Deloitte kjem med ein kort statusrapport på arbeidet i møte i kontrollutvalet 4. – 5.4.16.*

#### **Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

*«Føremålet med prosjektet er å avdekke om NDLA sine innkjøp, samhandling med leverandører og arbeidsmiljø samsvarer med regelverk, interne rutiner og etiske retningslinjer.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:**

1. *Er det etablert system, rutinar og kontrollar (økonomisk internkontroll) som førebyggjer og hindrar at korrupsjon og mislegheiter kan førekomme?*
2. *I kva grad er NDLA sine innkjøp frå leverandør av tekniske tenester i tilstrekkeleg grad dokumenterte og etterprøvbare, med behovsvurdering, spesifisert faktura med tilhøyrande bilag, fakturadokumentasjon frå underleverandør mm.?*
3. *I kva grad er innkjøp frå andre leverandører NDLA har hatt avtalar med tilstrekkeleg dokumenterte og etterprøvbare gjennom behovsvurdering, spesifisert faktura med tilhøyrande bilag, fakturadokumentasjon frå underleverandør mm.?*
4. *I kva grad har samhandling/interaksjon med leverandør av tekniske tenester og andre utvalde aktørar blitt handtert på ein profesjonell og forretningsetisk måte, og i samsvar med regelverk og ev. interne rutinar og retningslinjer?*
5. *Korleis og i kva grad har ekstern leverandør av tekniske tenester vore involvert i dagleg teknisk drift av NDLA?*
  - a. *I kva grad har NDLA inngått databehandlaravtale med ekstern leverandør av tekniske tenester i dei tilfella der dette har vore aktuelt?*
  - b. *I kva grad har NDLA sikra tilstrekkeleg vern av sensitiv informasjon knytt til innkjøp, leverandørinformasjon mv.?*
6. *I kva grad har NDLA sikra eit forsvarleg arbeidsmiljø?*
  - a. *I kva grad er det etablert system og rutinar for å legge forhold til rette for varsling?*
  - b. *I kva grad har NDLA sikra tilstrekkeleg tilrettelegging og handtering av melding/varsel om kritikkverdige forhold i organisasjonen?*
  - c. *I kva grad har det vore varsla om kritikkverdige forhold i organisasjonen?*
  - d. *I kva grad er ev. varsling i NDLA gjennomført på ein forsvarleg måte?*
  - e. *I kva grad har NDLA følgt opp og behandla tilsette som har meldt frå om kritikkverdige forhold i organisasjonen i samsvar med gjeldande regelverk?*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11183-22

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	95/16	08.09.2016

## Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar

### Bakgrunn for saka:

I høve kommunelova og forskrift om kontrollutval er ansvar for selskapskontroll lagt til kontrollutvalet. Målet med selskapskontroll er å ta standpunkt til om kommunen sine eigarinteresser vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte. Jf. forskrift om kontrollutval § 14.

I aksjeselskap er generalforsamlinga øvste myndighet og verksemda vert regulert etter aksjelova. Når selskapet er etablert kan kommunestyret si styring i prinsippet berre utførast i selskapet si generalforsamling. Kommunelova § 80 seier kva selskap selskapskontroll kan gjennomførast i og korleis. Selskapskontroll kan gjennomførast i heileigde kommunale og fylkeskommunale selskap og deira dotterselskap. I slike selskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å krevja alle opplysningar som synest naudsynt for kontrollen. Opplysningar kan innhentast frå dagleg leiar i selskapet, styret og/eller frå selskapet sin revisor.

Kommunelova § 80, 3. ledd regulerer følgjande:

*«Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»*

### Drøfting:

Etter sekretariatet si meining må «kontrollutvalget» i kommunelova § 80 tolkast på same måte som ordlyden i § 77 nr. 7 som gjeld utvalet sin innsynsrett. Det er kontrollutvalet som organ som er gjeve retten til å delta på generalforsamlingar og ikkje enkeltmedlemene i utvalet. Jf. KRD (no KMD) sitt rundskriv H-2/06, sak 05/3440 som seier:

«Det er kontrollutvalget som organ som har innsynsrett. Departementet antar at i et tilfelle hvor utvalget har besluttet å utøve innsyn, kan utvalget overlate til lederen eller sekretariatet å foreta innsyn på utvalgets vegne.»

Det er derfor naudsynt at kontrollutvalet gjer eit prinsippvedtak kring kven som skal møte i generalsforsamlingar el. på vegne av utvalet, og kven som skal ha naudsynt fullmakt til å delegere ei slik oppgåve vidare.

Konklusjon:

Ut frå intensjonane i kommunelova og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, er det etter sekretariatet si meining aktuelt at kontrollutvalet deltek på generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap. Dette kan gjerast ved at leiar, eller den leiar gjev fullmakt, møter på generalforsamlingane.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2016/4239-7  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	96/16	08.09.2016

## Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka

Det er tradisjon at rekneskapsrapportar hittil i år for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert lagt fram i dei fleste møte.

### Drøfting:

I dette møtet vil sekretariatet leggje fram rekneskapsrapportar hittil i 2016.

### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar rekneskapsrapportane til orientering.

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11023-11

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	97/16	08.09.2016

### Gjennomgang av møteprotokoller

#### Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/AlIDmb>

Kontrollutvalet vart i møte 9.11.og 18.12.15 samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Inge Reidar Kallevåg
Fylkesutvalet	Sara Berge Økland
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	Kristian Helland
Utval for opplæring og helse	Åse Gunn Husebø
Utval for miljø og samferdsel	Terje Kollbotn

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget Ingen
- Fylkesutvalet 14.06., 23.06. og 23.08. 2016
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.06.2016
- Utval for opplæring og helse Ingen
- Utval for miljø og samferdsel 13.06.2016

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



**PS 98/16 Referatsaker**

## OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

2016	INNBET 2013	%	INNBET 2014	%	INNBET 2015	%	BUDSJETT 2016	%	INNBET 2016	%	
JANUAR	337 210 254	12,2	353 366 700	12,3	362 489 275	12,2	380 156 100	12,3	367 916 412	11,9	-12 239 688
FEBRUAR	24 597 719	0,9	28 729 000	1,0	21 363 785	0,7	24 725 600	0,8	21 064 845	0,7	-3 660 755
MARS	453 207 423	16,3	468 282 700	16,3	490 550 789	16,5	513 056 200	16,6	507 932 198	16,4	-5 124 002
APRIL	31 167 695	1,1	31 601 900	1,1	30 947 374	1,0	30 907 000	1,0	30 699 998	1,0	-207 002
MAI	526 702 424	19,0	545 851 000	19,0	544 536 381	18,4	577 960 900	18,7	620 960 112	20,1	42 999 212
JUNI	12 652 385	0,5	17 237 400	0,6	30 761 018	1,0	27 816 300	0,9	22 277 110	0,7	-5 539 190
JULI	323 825 375	11,7	333 256 400	11,6	342 393 532	11,6	364 702 600	11,8	349 983 216	11,3	-14 719 384
	1 709 363 275	61,7	1 778 325 100	61,9	1 823 042 154	61,4	1 919 324 700	62,1	1 920 833 891	62,1	1 509 191
AUGUST	29 757 971	1,1	28 729 000	1,0	38 266 326	1,3	37 088 400	1,2			
SEPTEMBER	473 207 732	17,1	488 393 000	17,0	514 338 021	17,4	537 781 800	17,4			
OKTOBER	25 510 389	0,9	20 110 300	0,7	16 717 944	0,6	21 634 900	0,7			
NOVEMBER	516 303 602	18,6	534 359 400	18,6	544 216 460	18,4	553 235 300	17,9			
DESEMBER	17 627 023	0,6	22 983 200	0,8	25 752 779	0,9	21 634 900	0,7			
	2 771 769 992	100,0	2 825 912 868	100,0	2 962 333 684	100,0	3 090 700 000	100,0			

## OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

---

**Notat**

 Dato: 13.06.2016  
 Arkivsak: 2015/10845-5  
 Saksbehandlar: stahaug

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. juni**

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av 2. halvår 2016. Oversikta vert ajourført til kvart/annakvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tekne ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
<b>Økonomi- og organisasjonsavdelinga</b>							
Finansrapport 2. tertial 2016				21.-22.9.	4.-5.10.		
Tertialrapport 2. tertial 2016				21.-22.9.	4.-5.10.		
Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2021	8.11.	3.11.	3.11.	16.-17.11.	13.-14.12.		
Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering							
<b>Opplæringsavdelinga</b>							
Fritt skuleval over fylkesgrensa		7.9.		21.-22.9.	4.-5.10.		
Ny inntaksmodell		7.9.		21.-22.9.	4.-5.10.		
Mulighetstudie på Hjeltnes		7.9.		21.-22.9.	4.-5.10.		
Produksjonsskule Hjeltnes		7.9.		21.-22.9.	4.-5.10.		
Skulebruksplanen		7.9.		21.-22.9.	4.-5.10.		
Klassesak /justering tilbudsstruktur		3.11.		8.12.			
Eit framtidsetta skuletilbod for ungdom frå Etne		3.11.		16.-17.11.	13.-14.12		
Tilstandsrapporten		3.11.		16.-17.11.	13.-14.12		

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
<b>Regionalavdelinga</b>							
Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet - vedtak						4.3.	Politisk hands. des.
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - vedtak						4.3.	Politisk hands. des.
Revisjon av handlingsprogrammet regional plan for folkehelse				21.-22.9.		10.6.	
Småkraftpakke Modalen, 9 kraftverk						9.2	Varsla sak frå NVE.
Fylkeskommunen sitt samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram – til				21.-22.9.			
Regional satsing for forskingsbasert innovasjon 2017 –2019				20.10.			
Plan for bruk av kompetansemidlane 2015-2016				20.10.			
Prosjektframlegg forskningsrådets regional satsing etter VRI				20.10.			
Vidareføring av omstillingsarbeidet i Hordaland				20.10.			
Eigarskapsmeldinga				20.10.		10.6.	
Vidareføring av omstillingsarbeidet på Sør –og Vestlandet				8.12.			
Cruisestrategi for Vestlandet				25.8.			
Klimaprofil Hordaland			11.8 el. 7.9				
<b>Samferdselsavdelinga</b>							
Bompengesøknad for Sotrasambandet			3.11.	16.-17.11.	13.-14.12.		
KVU Voss-Gol			6.10.	20.10.			
Rullering av drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet			7.-8.9.	21.-22.9.	4.-5.10.		
Plan- og byggjeprogram for fylkesveg i Bergen			3.11.	16.-17.11.	13.-14.12.		
Plan- og byggjeprogram for fylkesveg i utanom Bergen			3.11.	16.-17.11.	13.-14.12.		
Arbeidskøyring i TT-ordninga			7.-8.9.	21.-22.9.			
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>							

<b>Saker</b>	<b>Utval for kultur, idrett og regional</b>	<b>Utval for opplæring og helse</b>	<b>Utval for miljø og samferdsel</b>	<b>Kontroll-utvalet</b>	<b>Fylkes-tinget</b>	<b>Sist endra</b>	<b>Merknader</b>
<b>Sekretariatet for kontrollutvalet</b>							
Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i				31.8.	4.-5.10.		
Forvaltningsrevisjon av innkjøp i vidaregåande skular				31.8.	4.-5.10.		
Forvaltningsrevisjon av NDLA – 2				31.8.	4.-5.10.		



## Notat

Dato: 31.05.2016  
Arkivsak: 2015/10348-8  
Saksbehandlar: grothor

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. juni 2016

Oversendingsforslag, spørsmål og bestillingar til fylkesrådmannen.

<b>Møte- dato</b>	<b>Sakark.nr.</b>	<b>Frå førre valperiode</b>	<b>Forventa svar til FUV</b>
18.06.15	14/10189-73	Retningslinjer for godtgjersle til styrerepresentantar. Bestilling frå Mona Hellesnes, V	Vår 2016
27.08.15	15/8900-1	Informasjon om administrativ organisering av kollektivtilbodet. Bestilling frå Mona Hellesnes, V	Juni
<b>Møte- dato</b>	<b>Sakark.nr.</b>	<b>Frå valperioden 2015-2019</b>	<b>Forventa svar til FUV</b>
29.10.15	14/931-16	Vidare behandling av "Moglegheitstudie på Hjeltnes". Spørsmål frå Tom-Christer Nilsen, H	Oktober Mai: høyring
29.01.16	15/5147-4	Masfjordbrua - opplegg for val av bruløysing. Jf. PS 17/16 Oversendingsforslag frå Terje Søviknes, FrP	Juni
25.02.16	15/11655-5	Status for innfartsparkeringane. Behov/kapasitet og utfordringar, sett i samanheng med innfartsparkeringsplanen. Jf. RS 40/16 Spørsmål frå Natalie Golis, MDG	Juni
25.02.16	15/5550-23	Utgreiing om nøytral tredjepart som kan stå for kjentmannsprøver og språktestar for drosjenæringa. Jf. PS 37/16 Oversendingsforslag frå Kari Sørensen Bernardini, A	August
17.03.16	14/11269-8	Oversendingsforslag: Oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trasé for E39 Hordfast. Oversendingsforslag frå Nils Marton Aadland, H	Juni

<b>Møte- dato</b>	<b>Sakark.nr.</b>	<b>Frå valperioden 2015-2019</b>	<b>Forventa svar til FUV</b>
17.03.16	16/3525-1	Praksis for bruk av vaskebil. Spørsmål frå Silje Hjemdal, Frp	Juni
20.04.16	16/1922	Ber om sak der utfordringar og mogeligheiter for Fagskolane i Hordaland vert utgreidd. Jf. PS 98/16 Oversendingsforslag frå Roald Kvamme, A	Oktober
19.05.16	2016/412	Informasjon om kvar superbussane kan gå (trekkraft, haldeplassar) Spørsmål frå Silje Hjemdal, Frp	August
19.05.16	2016/4580	Ytterlegare informasjon om handtering av overtalige i HFK Spørsmål frå Aud Karin Oen, SV	Juni
19.05.16	2015/11689	Kan fylkesutvalet krevje miljøvenleg teknologi i taxinæring? Oversendingsforslag frå Kari Sørensen Bernardini, A	August
19.05.16	2014/278	Kva kostar det for bussar å stå i kø? Spørsmål frå Aud Karin Oen, SV	August
19.05.16	2016/5248	Status for korrespondanse lokal buss og Kystbussen på Føyyno og/eller Leirvik Spørsmål frå Anne Beth Njærheim, V	August
19.05.16	2014/15688	Beredskap i tilfelle kjernekraftulukker Spørsmål frå Tom Sverre Tomren, MDG	Juni



Arkivnr: 2016/8047-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.08.2016

### Rekneskapsrapport pr. juni 2016.

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2016.

Prognosen etter fyrste halvår er eit negativt budsjettavvik i 2016 for HFK på 25 mill. kr.

Prognosen er justert i høve til det som låg i rapport for 1. tertial som vart handsama i fylkestinget i juni. Det vart då rekna med eit negativt avvik på 40 mill. kr. Den betra årsprognosen for fylkeskommunen skuldast endring av skatteoverslaget. I revidert nasjonalbudsjett vart skatteanslaget for kommunesektoren for 2016 auka, og skattetal til Hordaland fylkeskommune i mai og juni samsvarer med denne auken. Prognosen for skatteinngangen er no samsvar mellom budsjett og rekneskap og dette betrar den samla prognosen med 15 mill. kr samanlikna med tertialrapporten.

Det er god kontroll på dei fleste budsjettområda. Det vert arbeidd med tiltak på dei områda og i dei sektorane som pr. fyrste halvår ligg an til budsjettoverskridingar. Det er framleis mange utfordringar i den økonomiske situasjonen til HFK, men det er likevel ikkje grunnlag for å frykte eit rekneskapsunderskot for 2016. Dette grunna i at det er sett av 90 mill. kr til finansiering av investeringar som kan strykast dersom det vert trong for det.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2016 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 01.08.2016

Rapporteringsrutinane inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober skal rapportera til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. juni 2016.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, gjev ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom heile året skal omlag 50% av budsjettet vera brukt ved halvårsskiftet. I hovudsak samsvarer rekneskapstala pr. juni med dette. På nokre område kan det variere noko kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert førte. I desse tilfella vil det følgjeleg førekoma tekniske avvik mellom rekneskap og budsjett.

I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen at prognosen for 2016 var eit meirforbruk på 40 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. I hovudsak er denne prognosen uendra, med unnatak for skatteinngangen. Her har tala betra seg noko i høve til tala som prognosen pr. 1. tertial var basert på. Årsprognosen pr. utgangen av juni er 25 mill. kr i meirforbruk.

Under følgjer ein kort gjennomgang av dei ulike sektorane og områda. Ein gjennomgang av driftsøkonomien, investeringar og eventuelle behov for budsjettjusteringar vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapportering pr. august til fylkestinget i oktober.

### Status for dei ulike driftsområda

#### Sektorar utan større budsjettavvik pr. juni

Innanfor dei to sektorane Regional utvikling og Kultur og Idrett er det pr. d.d. liten risiko for større avvik i forhold til budsjettet. Ut frå forbruk pr. juni og samanlikna med forbruk tidligare år ligg ein ikkje an til å få betydelege overskridingar på desse områda ved utgangen av året.

#### Politiske organ og administrasjon

Samla sett er det god budsjettkontroll for dei sentrale administrasjonsbudsjetta. Årsprognosen er eit positivt budsjettavvik på 3 mill. kr. Gjennomgåande er det merksemd på kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering, og ein reknar med at dette gjev utslag i budsjettmessig mindreforbruk.

#### Eigedom

Eigedomsavdelinga rapporterer eit meirforbruk i 2016. Dette kjem som følgje av fleire økonomiske utfordringar i sektoren; mellom anna svikt knytt til husleige, personalkostnader, skysstasjonar/ terminalar og drift av fleire skulebygg som no ikkje vert nytta til opplæring lenger. Totalt vert det meldt ein negativ årsprognose på 5 mill. kr.

#### Samferdsel

I 1. tertialrapport var prognosen for året eit positivt budsjettavvik på 15 mill. kr. Positive moment i sektoren var at talet på reisande var aukande og at inntektssida var høg. Vidare vart det meldt om lågare kostnader enn budsjettert mellom anna i høve til kontraktar, oljepris, renter og løn. I negativ retning vart det teke høgde for tilleggskostnader knytt til oppstart av bybanedrift til Birkelandsskiftet og tilhøyrande bussopplegg fram til Flesland. I tillegg vart det meldt om eit meirforbruk innanfor vegvedlikehaldet.

Fylkesrådmannen er tilfreds med den økonomiske trenden innanfor kollektivtransporten. Framleis held ein fast på førre prognose som tilsa eit negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 19 mill. kr og positivt avvik for kollektivtransporten på 34 mill. kr. Samla sett for samferdselsområdet vert då årsprognosen pr. 1. halvår framleis eit positivt resultat på 15 mill. kr.

#### Tannhelse

For tannhelsesektoren syner tala eit negativt budsjettavvik etter fyrste halvår av 2016. Pr. 1. tertial vart det meldt ein negativ årsprognose på 9 mill. kr. Fylkesrådmannen vil, som nemnt i 1. tertialrapport, vurdere ei

større budsjettendring til sektoren ved 2. tertialrapportering. I tillegg er det uvisse rundt kor mykje som må tapsførast i sektoren etter gjennomgang av uteståande krav m.v. Eit siste moment med risiko er økonomien rundt TK Vest i 2016.

Desse momenta vert nærare gjennomgått i 2. tertialrapport. Fylkesrådmannen legg førebels til grunn prognosen som vart sett ved rapporteringa for 1. tertial.

#### Opplæring

Årsprognosen pr. 1. tertial for opplæringssektoren var ei budsjettoverskriding samla sett på 43 mill. kr. Det er ikkje nye opplysningar pr. d.d. som skal tilseie endringar i høve til førre prognose.

Fylkesrådmannen vil koma attende med ein grundigare prognose for sektoren etter 2. tertial. Moment som kan endre prognosen vil då verta klårare. Viktige område vil framleis vera samla resultat for skulane, vaksenopplæring, fagopplæringstilbod og inntakstala for skuleåret 2016/2017.

#### Skatt og rammetilskot

Ser ein på faktisk skatteinngang pr. utgangen av juni, og korrigerer for stipulert inntektsutjamning, har skatteinngangen vore noko høgare enn det som var budsjettert. Grunna denne positive utviklinga i skatteinngangen sidan førre rapportering vert det ei justering av årsprognosen på dette området pr. juni; frå eit negativt avvik på 15 mill. kr til balanse. I revidert nasjonalbudsjett vart skatteoverslaget for kommunesektoren oppjustert. Om denne auken viser att også i Hordaland fylkeskommune sine skatteinntekter, kan ein vona på ei vidare positiv utvikling i skatten.

Totalt er budsjettet for frie inntekter på 6 mrd. kr., og små konjunkturutslag kan gje større budsjettavvik på dette området.

#### Renter og avdrag

For dette området er framleis prognosen at fylkeskommunen får ei netto innsparing i renter og avdrag på 15 mill. kr. i 2016. Dette slik som meldt i 1. tertialrapport.

#### Fylkeskommunal næringsverksemd/ konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 50 mill. kr i 2016. Prognosen for 2016 er på knapt 40 mill. kr, og dermed sviakt i budsjettet for kraftinntekter på 10 mill. kr. Det er ikkje teikn til at prisane vil stiga med det første; tvert om heller at det vert eit varig lågt prisbilete for kraft.

#### Pensjon

Det vert pr. juni lagt til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse framleis held seg, og at desse ikkje endrar seg så mykje at vi får vesentlege budsjettavvik. Prognosen er difor at dette området endar opp i balanse.

#### Fellesfunksjonar/ Lønsavsetjing

På dette området er prognosen ei innsparing på knapt 9 mill. kr. i høve til budsjett. Dette er grunna i semja som vart oppnådd i dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren. Semja gjev ein stipulert årslønsveksten på 2,4 %, medan HFK i budsjettet har teke høgde for ein lønsvekst på 2,7 %.

#### Oppsummering

Alle sektorar og område oppsummert gjev ein årsprognose lik eit meirforbruk på 25 mill. kr; som vist i tabellen nedanfor. Samla sett er prognosen betra med 15 mill. kr samanlikna med 1. tertial.

Tabell med status pr. 30. juni etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)

	Rekneskap		Forbruk i %	Prognose	Rekneskap	Prognose
	juni 2016	Årsbudsjett	av årsbud	budsj.avvik	juni 2015	budsj.avvik Pr 1. tertial
<b>Politiske organ og adm.</b>						
Kostnader:	114 105	213 379	53,5 %		102 039	
Inntekter:	-10 538	-9 650	109,2 %		-11 646	
<b>Netto</b>	<b>103 567</b>	<b>203 729</b>	<b>50,8 %</b>	<b>3 000</b>	<b>90 393</b>	<b>3 000</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	79 720	142 725	55,9 %		96 192	
Inntekter:	-23 880	-26 624	89,7 %		-30 949	
<b>Netto</b>	<b>55 840</b>	<b>116 101</b>	<b>48,1 %</b>	<b>-5 000</b>	<b>65 243</b>	<b>-5 000</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	95 843	227 334	42,2 %		101 337	
Inntekter:	-121 811	-139 707	87,2 %		-103 361	
<b>Netto</b>	<b>-25 968</b>	<b>87 627</b>	<b>-29,6 %</b>	<b>0</b>	<b>-2 024</b>	<b>0</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	1 473 397	2 986 591	49,3 %		1 438 186	
Inntekter:	-779 131	-1 099 282	70,9 %		-503 467	
<b>Netto</b>	<b>694 266</b>	<b>1 887 309</b>	<b>36,8 %</b>	<b>15 000</b>	<b>934 719</b>	<b>15 000</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	167 998	340 630	49,3 %		160 490	
Inntekter:	-66 238	-147 993	44,8 %		-29 841	
<b>Netto</b>	<b>101 760</b>	<b>192 637</b>	<b>52,8 %</b>	<b>0</b>	<b>130 649</b>	<b>0</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	162 516	304 438	53,4 %		150 369	
Inntekter:	-65 797	-111 826	58,8 %		-51 449	
<b>Netto</b>	<b>96 719</b>	<b>192 612</b>	<b>50,2 %</b>	<b>-9 000</b>	<b>98 920</b>	<b>-9 000</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	1 537 765	2 974 672	51,7 %		1 467 496	
Inntekter:	-309 979	-203 172	152,6 %		-231 427	
<b>Netto</b>	<b>1 227 786</b>	<b>2 771 500</b>	<b>44,3 %</b>	<b>-43000</b>	<b>1 236 069</b>	<b>-43 000</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-3 398 596	-6 152 800	55,2 %		-3 264 098	
<b>Netto</b>	<b>-3 398 596</b>	<b>-6 152 800</b>	<b>55,2 %</b>	<b>0</b>	<b>-3 264 098</b>	<b>-15 000</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	90 342	694 200	13,0 %		99 172	
Inntekter:	-25 164	-39 300	64,0 %		-34 037	
<b>Netto</b>	<b>65 178</b>	<b>654 900</b>	<b>10,0 %</b>	<b>15 000</b>	<b>65 135</b>	<b>15 000</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	30 646	50 000	61,3 %		29 669	
Inntekter:	-62 982	-120 000	52,5 %		-60 736	

<b>Netto</b>	<b>-32 336</b>	<b>-70 000</b>	<b>46,2 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-31 067</b>	<b>-10 000</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>						
Kostnader:	-383	152 180	-0,3 %		-5 255	
Inntekter:	-19 914	-26 980	73,8 %		4 999	
<b>Netto</b>	<b>-20 297</b>	<b>125 200</b>	<b>-16,2 %</b>	<b>9 000</b>	<b>-256</b>	<b>9 000</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-1 132 081</b>	<b>8 815</b>		<b>-5 000</b>	<b>-676 317</b>	<b>-40 000</b>

**PS 99/16 Eventuelt**



Arkivnr: 2014/10505-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	100/16	08.09.2016

## Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Forslag til konkurransegrunnlag

### Bakgrunn for saka:

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2016 er revidert, det vil seie til og med 30.6.2017. Frå 1.7.2017 skal revisor for ny avtaleperiode vera på plass.

### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 77/16 i møte 21.06.2016:**

- 1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2017.*
- 2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, bistår seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode.*
- 3. Bistanden omfattar:*
  - utarbeiding av forslag til tilbodsokument*
  - kunngjering, protokollføring*
  - evaluering av innkomne tilbod*
  - varsel om tildeling*
  - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter*
  - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og fylkestinget*
  - ev. klagebehandling*
- 4. Forslag til konkurransegrunnlag skal leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 31.8.2016.*

### Drøfting:

I tråd med vedtaket over vert no forslag til konkurransegrunnlag lagt fram for kontrollutvalet.

Sekretariatet har saman med jurist utlånt frå innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune utarbeidd forslag til konkurransegrunnlag. Kontrollutvalet skal gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til områder som konkurransegrunnlaget skal omfatta, og som skal lysast ut på Doffin.

Konkurransegrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Dokumenta vil bli delt ut på rødt papir og gjennomgått i møtet. Det vert tilrådd at møtet vert lukka under handsaming av denne saka med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14. Det må reknast god tid for kontrollutvalet til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

**Konklusjon:**

Kontrollutvalet føretek gjennomgang av anbodsdokumenta i møtet.

**Forslag til vedtak**

1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*